



Arkivsaksnr.:  
2020/12028

Dokumentdato:  
16.02.2023

Styre:  
Universitetsstyret

Styresak:  
19/23

Møtedato:  
09.03.2023

---

## Årsrapport for Universitetet i Bergen 2022

---

### Henvisning til bakgrunnsdokumenter

- [Styresak 07/22 Tildelingsbrev 2022](#)
- [Styresak 71/22 Etatsstyring 2022 Tilbakemelding til Universitetet i Bergen](#)
- [Styresak 8/23 Årsrapport 2022 – Utkast til styrets beretning](#)

### Saken gjelder:

Universiteter og høyskoler skal innen 15. mars 2023 sende sin årsrapport til Kunnskapsdepartementet. Rapporten skal gi et dekkende bilde av virksomhetens resultater og gi departementet grunnlag for å vurdere måloppnåelse og ressursbruk.

I henhold til Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev til universitetet for 2022 skal årsrapporten ha følgende struktur:

- Styrets beretning
- Introduksjon til virksomheten og hovedtall
- Årets aktiviteter og resultater
- Styring og kontroll i virksomheten
- Vurdering av framtidssutsikter
- Årsregnskap

Med dette legges utkast til årsrapport 2022 fram for diskusjon for Styret. Styrets beretning skal signeres av hele Styret.

Det er et krav at årsrapporten skal inneholde styrebehandlet årsregnskap og ledelseskommmentarer underskrevet av styret.

### Forslag til vedtak:

Universitetsledelsen gis fullmakt til å ferdigstille universitetets årsrapport for 2022 i tråd med styrets kommentarer.

Tore Tungodden  
fung. universitetsdirektør

16.02.2023/Steinar Vestad/Svein Jarle Nymark/Bjug Bøyum/Ingar Myking

Vedlegg: Årsrapport 2022

*Universitetet i Bergen*

---

# ÅRSMELDING 2022



# INNHALD

1. ÅRSMELDINGA TIL STYRET	4
2. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	10
3. AKTIVITETAR OG RESULTAT FOR ÅRET	14
3.1 Kunnskapsdepartementet sine styringsparametrar	15
3.2 Middel tildelte over andre kapittel	26
3.3 Samfunns- og effektmål for byggjeprojekt	26
3.4 Utviklingsavtalen	27
3.5 Andre interne mål for verksemda	50
4. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	58
4.1 Overordna vurdering av internkontroll	59
4.2 Effektivisering av konsulentbruk	61
4.3 Lærlingar	61
4.4 Forskingsetikk	62
4.5 Samfunnstryggleik og beredskap (SOB) og tryggleik etter tryggleiksløva	63
4.6 Handtering av covid-19- pandemien	63
4.7 Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjengelegheit	64
4.8 Oppfølging av Strategi for digital omstilling i universitets- og høgskolesektoren 2021–2025	65
4.9 Arbeid med norsk språk	66
5. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	68
5.1 Planar for verksemda og styringsparametrar for 2023	69
5.2 Planar for tildelt løyving	70
5.3 Campusutviklingsplan og større byggjeprojekt	71
ÅRSREKNESKAPEN 2022	78
Kommentarar frå leiinga	79
Resultatrekneskap og periodisert budsjett	79
Regnskapsprinsipper	84
Resultatregnskap	87
Balanse	88
Noter	90
Likviditet- kontantstrømanalyse	107
Oppstilling av bevilgnings-rapportering	108





DEL 1

# 1. ÅRSMELDINGA TIL STYRET

---



## Viktige aktiviteter og resultat i 2022

Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt forskingsuniversitet med lange vitenskaplege tradisjonar og med ansvar for å forvalte og utvikle ei stor breidde av fagdisiplinar. Universitetet er ein kulturberande institusjon basert på europeiske universitetsideal og med akademisk fridom som berande prinsipp.

Langsiktig og grunnleggjande forskning av høg internasjonal kvalitet og forskingsbasert utdanning er fundamentet for all verksemda vår. Den store faglege breidda gjev eit unikt høve til mobilisering, fordjuping og samarbeid på tvers av faggrenser i møte med kjende og ukjende utfordringar i framtida.

## Forskning

Inngangen til 2022 markerte slutten på tiltak knytte til covid-19-pandemien, og sidan februar har både forskning og utdanning vorte utført utan lovpålagde restriksjonar. Det er framleis nokre effektar som heng igjen. Særleg ser det ut til at pandemiltaka har verka inn på søknaden til mobilitetsprogramma, og på gjennomføringa av forskarutdanninga. I 2022 vart det gjennomført 220 disputasar, det lågaste talet sidan 2014.

Utvikling av gode rammevilkår for fagmiljøa, forskinga og dei vitenskapleg tilsette er eit viktig arbeid. I 2022 har tilrådingane frå rapporten UiB FRAM vorte systematisk følgde opp for å styrke rammevilkåra for forskinga. I februar etablerte UiB eit karrieresenter for yngre forskarar, UiB Ferd.

Utvikling av fleire internasjonalt leiande forskingsmiljø er ei sentral målsetjing for UiB. Åtte UiB-forskarar har fått ERC-tildeling i 2022. Ekstra gledeleg var det at fire av dei var Starting Grants, som vert gjeve til prosjekta til særleg gåverike unge forskarar. To av prosjekta var innovasjonsstipend (Proof of Concept-Grants) som skal gje høve til å utvikle nye produkt og tenester ut frå tidlegare ERC-prosjekt. Dette er dei første av slike stipend som er gjevne til forskarar ved UiB. I tillegg vart professor Eystein Jansen ved UiB vald til visepresident i ERC.

UiB fekk tildelt to nye Senter for framifrå forskning (SFF) i 2022. Begge SFF-ane har sterke internasjonale partnerar med seg.

## Utdanning

Hausten 2022 var det til saman 18.950 registrerte studentar ved UiB, ein nedgang på 700 frå toppåret 2021. Gjennomføringa innanfor både bachelor- og masterprogramma er likevel betra i høve til tidlegare år. Aldri før har det vorte uteksaminert fleire kandidatar. Samstundes syner resultatata frå 2022 ein nedgang både i talet på søkjarar, registrerte studentar og avlagde studiepoeng. Resultata styrkjer tidlegare analysar som seier at studentane under koronapandemien tok fleire studiepoeng og hadde mindre fråfall enn kulla før og etter pandemien.

Tilrettelegging for digital forståing, kunnskap og kompetanse blant studentane har vore eit innstasområde i 2022. Hausten 2022 byrja UiB å tilby , som første norske universitet, eit breitt utval små og fleksible studieemne i digital forståing til studentar frå alle fagområde. Tilbodet omfattar emne som programmering, IKT-tryggleik, GDPR og personvern, kunstig intelligens og sambandet mellom data og demokrati.

Arbeidet med å styrke lektorutdanninga har vore ein viktig prioritet i 2022. I mars opna det sentrale Lektorsenteret ved UiB offisielt. Senteret skal gje lektorutdanningane ein heilskapleg representasjon, eit samanhengande fagleg og organisatorisk innhald på tvers av fakulteta, tettare samarbeid med skulane om praksis, og ei stryka oppleving av profesjonsutdanning.

## Samfunnsdialog og nyskaping

Som del av SN sitt tiår for havforskning har UiB vore ein sentral samarbeidspartnar i jordomseglinga One Ocean Expedition med seglskipet Statsraad Lehmkühl. På ekspedisjonen har studentar og forskarar tatt kontinuerlege målingar av mellom anna karbon og plast i havet. Resultata er formidla breitt og har hatt om lag to millionar nedlastingar i ulike sosiale kanalar.

Den store og varierte fagporteføljen gjer universitetet aktuelt på nær sagt dei fleste område. I 2022 fekk UiB, gjennom oppretting av senteret CENTENOL, ei viktig rolle i å styrke kunnskapen om samhaldet mellom europeisk og norsk rett. Andre døme er Norsk målføresynopsis, som med si systematiske samling av 1.300 dialektar frå heile Noreg har fått status som ein vesentleg del av Noregs dokumentarv, og er såleis den norske delen av UNESCOs *Memory of the World-program*.

UiB bidreg med brei og omfattande kunnskapsformidling og samfunnsdialog kvar einaste dag gjennom heile året. Samstundes får dei store formidlingsprosjekta mykje merksemd. UiB medverkar til dømes inn i ein ny Netflix-dokumentar om havet og det arktiske økosystemet, *Our Oceans*. Faglege leveransar til Store norske leksikon er eit anna døme. Heile 69 fagansvarlege og fagmedarbeidarar er knytte til UiB. Dei har til saman ansvar for 162 fagområde og 8.183 artiklar, som vart lesne 6,2 millionar gongar det siste året. Universitetsaulaen vert jamleg brukt til konferansar som strøymast, og slik når breitt ut.

Universitetsmuseet haustar stor internasjonal anerkjenning. I 2022 vann museet ein internasjonal pris for publikumsarbeidet sitt.

## Berekraft og demokrati

SN sin 2030-agenda og berekraftmåla reflekterer dei store samfunnsutfordringane verda står ovanfor. UiB sitt viktigaste bidrag i arbeidet for ei berekraftig samfunnsutvikling er å få fram ny kunnskap gjennom forskning og innovasjon, men òg gjennom den kunnskapsutrustinga studentane får gjennom utdanninga si ved UiB. Sidan 2018 har UiB hatt eit særskilt ansvar for berekraftmål 14, livet i havet. UiB koordinerte i 2022 eit offisielt sidearrangement på SN sin andre havkonferanse i Lisboa. Ein SN-rapport om universiteta si globale rolle for berekraft vart lagd fram under UNESCOs Verdskonferanse for høgare utdanning i Barcelona.

Gjennom den årlege nasjonale berekraftskonferansen søker UiB å ta eit overordna ansvar for å fremje debatten og kunnskapen berekraft. Gjennom prosjektet Klimanøytralt UiB skal UiB sine eigne klimautslepp reduserast.

Det har også vore eit alvorstungt år, der krigen i Ukraina har prega både universitetsmiljøet og samfunnet. Av dei 1.000 studieplassane regjeringa oppretta som følgje av flyktningskrisa i Ukraina, fekk UiB 125 plassar. Mange av UiB sine vitskapelege tilsette har vore aktive deltakarar i samfunnsdebatten, gjennom å analysere og formidle ulike tematikkar i samband med krigen.

## Styring og kontroll

Gjennom tertialvise rapportar får styret jamleg oppdatering om gjennomføring av planar og budsjett. Styret meiner UiB har tilfredsstillande styring og kontroll, og forvaltar ressursane forsvarleg og effektivt. Utfordringane knytte til innføring av nye løysingar leverte av DFØ pregar framleis UiB. Problema vert adresserte både i leiariinja, gjennom vernetenesta og tillitsvalde. Det vert arbeidd aktivt både på nasjonalt nivå og gjennom tiltak lokalt for å avhjelpe situasjonen og skape handlingsrom for å betre løysingane.

Dei samla inntektene utgjorde i 2022 5,7 mrd. kroner. Innanfor dette er grunnløyvinga (GB) svekt og bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) styrkt. Medan svekkinga i GB kjem av ramme-kutt, kjem auken i BOA både av innhenting av forseinkingar på grunn av pandemien og reell vekst. BOA-inntektene var i 2022 på 1,3 mrd. kroner, det høgste som nokon gong er rekneskapsført ved UiB.

Rekneskapan for 2022 vart gjord opp med eit negativt driftsresultat på 65 mill. kroner.

Talet på tilsette utgjorde i 2022 4.222. Av dette var 2.572 vitskapelege årsverk. Sjukefråværet var på 4,54 %, ein auke frå 3,9 % i 2021. Mykje av auken er forklart ut frå den særskilde situasjonen i pandemiåra 2020/21.

Nøkkeltal for UiB for perioden 2017–2022 er stilte opp i tabell 1.

**Tabell 1. Nøkkeltal UiB 2017–2022**

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring
Studentar haust (eigenfinansiert)	16 884	17 468	17 867	18 600	19 641	18 948	-693
Avlagde studiepoeng (årseiningar)	11 884	12 405	12 594	13 631	14 344	13 899	-445
Publiseringspoeng*	3 146	3 437	3 414	3 630	3 763		
Doktorgradar	219	226	229	242	245	220	-25
Inntekter (i mill. kroner)	4 676	5 010	5 213	5 039	5 423	5 722	299
- av dette bidrag/oppdrag (BOA)	936	966	1 080	1 066	1 059	1 302	243
Årsverk	3 830	3 944	4 062	4 158	4 215	4 222	6
Teknisk administrative	1 519	1 541	1 569	1 609	1 653	1 650	-3
Vitskapelege	2 325	2 403	2 492	2 549	2 562	2 572	10

## Arbeidet til styret

Styret gjennomførte sju ordinære og eitt ekstraordinært styremøte, og handsama 111 saker i 2022.

Eit viktig arbeid i 2022 var utarbeiding av ny strategi for UiB. Arbeidet vart gjennomført som ein open prosess der universitetsstyret la rammene for arbeidet i februar 2022.

Tilsette og studentar har delteke aktivt gjennom ei rekkje dialogmøte og i ulike kanalar for innspel. Universitetsleiinga har gjennomført dialogmøte med alle institutt og fakultet. I tillegg vart det arrangert fire opne innspelsmøte. Studentparlamentet vart invitert til å involvere seg i arbeidet gjennom arbeidsutvalet sine faste møte med universitetsleiinga, og det vart oppretta ei eiga nettside for arbeidet med oversikt over grunnlagsdokument og framdrift i prosessen.

Det er gjort grundige analysar av UiB sin posisjon, kvalitetar, utfordringar og handlingsrom under arbeidet, samstundes som viktige nasjonale og internasjonale trendar har vore gjennomgått. I arbeidet var det òg dialog med ei rekkje eksterne samarbeidspartnarar frå nærings-, samfunns- og kulturliv om ulike sider ved universitetsverksemda. I tillegg vart det arrangert eit institusjonsbesøk til Universitetet i Uppsala. Prosessen har vore omfattande og vorte tematisert på ulike måtar i alle styremøta i 2022. To dagsseminar har omhandla ulike tema som inngår i strategiarbeidet.



Den nye strategien «Kunnskap som former samfunnet» har som visjon at: *UiB skal vere mellom Europas fremste universitet, internasjonalt kjent for høg kvalitet i forskning og utdanning. Som samfunnsinstitusjon skal vi bidra til ei berekraftig og demokratisk utvikling, og vere ein attraktiv og inkluderande studie- og arbeidsstad».*

Ny strategi vart vedtatt på styremøte i februar 2023.

## Utfordringar og planar for 2023

Den nye strategien vil setje rammene for planane til universitetet for 2023. Visjonen gjev til kjenne ei hovudretning for kva UiB ønskjer å vere: eit av dei fremste forskingsuniversiteta i Europa. Dette er eit ambisiøst, men gjennomførleg prosjekt som krev tydelege og langsiktige prioriteringar av UiB. Samstundes understrekar visjonen universitetet si rolle, både nasjonalt og globalt som samfunnsinstitusjon, som bidragsytar til berekraft og demokrati.

Strategien har eit langsiktig perspektiv over åtte år, frå 2023 til 2030. Strategien legg og premissa for innretninga på utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet for perioden 2023–2026.

Oppfølging av masterplanen for areal er framleis viktig, og arbeidet med nytt bygg for Grieg-akademiet og utvikling av Nygårdshøyden *sør har høg prioritet.*

Dei siste åra har trusselsituasjonen innanfor informasjonstryggleik forverra seg både generelt i samfunnet og for universitets- og høgskolesektoren. UiB opplever dette fortløpande som ein krevjande situasjon. I 2022 vart det gjennomført ein internrevisjonen med vekt på informasjonstryggleik og GDPR. Rapporten skal følgjast opp med nødvendige tiltak.

Dei siste åra har UiB opplevd strammare økonomiske rammer på grunn av store rammekutt og låg kompensasjon for løns- og prisvekst. Særleg er dei auka energikostnadene ei utfordring. Samstundes må UiB arbeide med å handtere konsekvensar av kuttet i budsjettet for internasjonale studentar, og sikre internasjonal rekruttering dei komande åra. Den samla økonomiske situasjonen gjer det utfordrande å prioritere nye viktige undervisnings- og forskingsatsingar i tida framover.

Fleire store, nasjonale prosessar vil ha prioritet ved UiB og ha innverknad på arbeidet til styret i 2023. Endringar i finansieringssystemet, Utsynsmeldinga, den planlagde gjennomgangen av forskningssystemet og ny Universitets- og høgskolelov, vil alle påverke handlingsrommet til universitetet i åra som kjem.

*Bergen, 09.03.2023*

Margareth Hagen  
rektor

Inga Berre  
Morten E. Iversen  
Ingrid Borvik  
Ingrid Ovidia Moe Telle  
Shirin Ahlbäck Öberg

Mario de la Ossa Sætre  
Jørgen Melve  
Herlof Nilssen  
Steinar Vagstad  
Marit Warncke

Tore Tungodden  
fungerande universitetsdirektør



DEL 1

## 2. INTRODUKSJON TIL VERKSEMMDA OG HOVUDTAL

---



Universitetet i Bergen (UiB) er ein klassisk kunnskaps- og kulturberande institusjon basert på europeiske universitetsideal og med akademisk fridom som prinsipp.

Langsiktig og grunnleggjande forskning av høg internasjonal kvalitet og forskingsbasert utdanning er fundamentet for all verksemd. Den store faglege breidda gjev eit unikt høve til mobilisering, fordjuping og samarbeid på tvers av faggrensar i kunnskapsutviklinga og i møte med kjende og ukjende utfordringar i framtida.

Utvikling av gode rammevilkår for fagmiljøa, forskinga og dei vitskapleg tilsette er særskild viktig. Tilrådingane i rapporten [UiB FRAM](#) for å styrkje rammevilkåra for forskinga er systematisk følgde opp. I februar etablerte UiB eit karrieresenter for yngre forskarar, [UiB Ferd](#).

Utvikling av fleire internasjonalt leiande forskingsmiljø er ei sentral målsetjing for UiB. Åtte UiB-forskarar har fått ERC-tildeling i 2022. Særleg gledeleg var det at fire av dei var Starting Grants, som vert gjevne til særleg gåverike unge forskarar. To av prosjekta var innovasjonsstipend (Proof of Concept-Grants) som skal gje høve til å utvikle nye produkt og tenester ut frå tidlegare ERC-prosjekt. Dette er dei første av slike stipend som er gjevne til forskarar ved UiB. I tillegg vart professor Eystein Jansen vald til visepresident i ERC.

Dei to nye SFF-ane som UiB fekk tildelt i 2022 syner at UiB har fagmiljø som er førande i verda på sine fagfelt. Begge SFF-ane har sterke internasjonale partnerar med seg.

Den store og varierte fagporteføljen til UiB gjer universitetet relevant på nær sagt dei fleste område. I 2022 fekk UiB ei viktig rolle for å styrkje kunnskapen om samhaldet mellom europeisk og norsk rett gjennom oppretting av senteret CENTENOL, finansiert av Forskningsrådet. Andre døme er Norsk målføresynopsis som med den systematiske samlinga si av 1.300 dialektar frå heile Noreg har fått status som ein vesentleg del av Noregs dokumentarv og er den norske delen av UNESCOs *Memory of the World-program*.

UiB er i høgste grad eit synleg universitet. Det vert formidla, fortald og delt kvar einaste dag gjennom heile året. Mykje av dette arbeidet vert basert på ekstra innsats og møtet til den enkelte med organisasjonar, næringsliv, skular eller andre samfunnsinstitusjonar. Samstundes får dei store formidlingsprosjekta mykje merksemd. UiB deltek til dømes inn i ein ny Netflix-dokumentar om havet og det arktiske økosystemet, *Our Oceans*. Her vil UiB nå eit millionpublikum. UiB sitt bidrag til Store norske leksikon er eit anna døme. Heile 69 fagansvarlege og fagmedarbeidarar i leksikonet er knytte til UiB og har ansvar for 162 fagområde og 8.183 artiklar. Artiklane frå UiB-ansvarlege vart lesne 6,2 millionar gongar det siste året.

Universitetsmuseet haustar stor internasjonal vyrdnad, og vann i 2022 prisen The Portimão museum prize for welcoming, inclusion and belonging. Prisen fekk dei for publikumsarbeidet sitt, og måten dei bidreg til samfunnet på. Museet har med dette fått tre ulike internasjonale prisar etter nyopninga i 2019.

Hausten 2022 var det til saman 18.950 registrerte studentar ved UiB, ein nedgang på 700 frå toppåret 2021. Gjennomføringa innanfor både bachelor- og masterprogramma er likevel betra i høve til tidlegare år, og aldri før har det vore uteksaminert fleire kandidatlar.



Samstundes syner resultatane frå 2022 ein nedgang både i talet på søkjarar, registrerte studentar og avlagde studiepoeng. Resultata underbyggjer analysen om at studentane under koronapandemien avla fleire studiepoeng og hadde mindre fråfall enn kulla før og etter pandemien.

Avlagde studiepoeng utgjorde 13.899 årseiningar i 2022. Talet på grader auka til 3.505 mot 3.430 i 2021, og gjennomstrøyminga både i bachelor- og masterprogramma vart ytterlegare forbetra. Om lag 46 % av bachelorstudentane gjennomfører no på normert tid. Tilsvarende tal for masterprogramma er 56 %.

I 2022 vart det avlagt 220 doktorgrader, ein nedgang på 24 kandidatar samanlikna med 2021. Om lag 38 % av de nye doktorane er utanlandske.

I 2022 utgjorde talet på tilsette 4.222 årsverk. Av desse var 53 % kvinner.

Dei samla inntektene utgjorde i 2022 5,7 mrd. kroner. Innanfor dette er grunnløyvinga (GB) svekt, og bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) styrkt. Medan svekkinga i GB kjem av rammekutt, er auken i BOA eit resultat både av innhenting av forseinkingar på grunn av pandemien og reell vekst. BOA-inntektene var i 2022 på 1,3 mrd. kroner, det høgste som nokon gong er rekneskapsført ved UiB.

Rekneskapa for 2022 vart gjort opp med eit negativt driftsresultat på 65 mill. kroner.

**Tabell 2. Nøkkeltal for UiB**

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Endring
Studentar haust (eigenfinansiert)	16 884	17 468	17 867	18 600	19 641	18 948	-693
Avlagde studiepoeng (årseiningar)	11 884	12 405	12 594	13 631	14 344	13 899	-445
Publiseringspoeng*	3 146	3 437	3 414	3 630	3 763		
Doktorgradar	219	226	229	242	245	220	-25
Inntekter (i mill. kroner)	4 676	5 010	5 213	5 039	5 423	5 722	299
- av dette bidrag/oppdrag (BOA)	936	966	1 080	1 066	1 059	1 302	243
Årsverk	3 830	3 944	4 062	4 158	4 215	4 222	6
Teknisk administrative	1 519	1 541	1 569	1 609	1 653	1 650	-3
Vitskapelege	2 325	2 403	2 492	2 549	2 562	2 572	10
- Av dette rekruttering	855	878	938	943	921	956	36
- Av dette forskarar	212	210	211	239	244	240	-4
- Av dette andre vitskapelege	1 258	1 316	1 343	1 367	1 397	1 375	-22

\* Tal for publikasjonspoeng er ikkje klare før 1.april.







DEL 1

# 3. AKTIVITETAR OG RESULTAT FOR ÅRET

---

Gjennomgangen av resultatene for 2022 vert gjort etter rapporteringskrav sette av Kunnskapsdepartementet (KD) i tildelingsbrev og styringsdialog. Departementet sine styringsparametrar vert drøfta i kapittel 3.1. Deretter skildrast status på ulike andre rapporteringskrav gjevne frå departementet (3.2–3.3). Kapittel 3.4 gjev status for utviklingsavtalen mellom UiB og departementet, medan kapittel 3.5 inneheld ei oversikt over interne resultatmål nedfelte i universitetet sin strategi for perioden 2019–2022.

## 3.1 Kunnskapsdepartementet sine styringsparametrar

### Sektormål 1. Kvalitet i utdanning og forskning

#### *Tal på bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid*

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Delen av studentar på bachelorutdanning som gjennomfører på normert tid	37	35	38	41	44	46	55

Gjennomføringa i grunnutdanningane er auka dei siste åra. Tala for 2022 syner resultat for studentane som starta hausten 2019. Dette kullet har gjennom store delar av studietida opplevd ulike tiltak i samband med koronapandemien, frå stengt campus til restriksjonar på gjennomføring av undervisning og vurdering. Kullet hadde eit vesentleg lågare fråfall etter første og andre studieår enn dei føregåande kulla (mellom 3 og 7 prosentpoeng). Samstundes gjekk studiepoengproduksjonen per student opp i same periode. I sum gjev dette ei gjennomføring på normert tid som ligg 10 prosentpoeng høgare enn for fem år sidan (2018).

Sjølv om delar av utviklinga siste år kan tilskrivast koronapandemien, er det grunn til å tru at langsiktig satsing på studentnær oppfølging for å redusere fråfall har gjeve resultat. Vektlegginga av tidleg sosial og fagleg integrering, gode verktøy for å meistre overgangen til universitetet og tettare oppfølging og tilbakemeldingar undervegs er nokre av tilhøva som er identifiserte som viktige med tanke på gjennomføring.

Sidan 2017 er det gjennomført gruppemottak av nye studentar for å hjelpe studentane i gang. Andre tiltak er fleire obligatoriske øvingar og tilbakemeldingar i førstesemesterstudiet, samt auka bruk av seminar og seminarleiarar, som ofte også fungerer som mentorar for studentane det første året.

#### *Delen av Mastergradskandidatar som gjennomfører på normert tid*

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Delen av studentar på masterutdanning som gjennomfører på normert tid	54	56	60	56	58	56	54



Delen som fullfører mastergradsstudia på normert tid har vore relativt stabil dei siste åra. Om lag 75 % av studentane som startar på eit toårig masterprogram gjennomfører i løpet av to til tre år. Fråfallet er lågt, ca. 15 %, så utfordringa er i første rekkje at nokre studentar bruker litt lengre tid på å fullføre studia.

I løpet av 2022 fullførte 973 kandidatar ein toårig mastergrad ved UiB, ein auke på 46 kandidatar frå året før. Dette er det høgste talet nokon gong.

#### *Andel ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år*

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Delen av ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år	71	69	64	74	71	70	67

Delen ph.d.- kandidatar som gjennomførte innan seks år etter opptak var i 2022 på 70 %, noko som er på nivå med året før.

Forskarutdanninga er prega av ei kandidatgruppe med jamn kjønnsbalanse og høg del utanlandske statsborgarar. Av UiB sine doktorgradskandidatar i 2022 er 57 % kvinner, og 40 % er utanlandske statsborgarar. Tal frå Felles studentsystem (FS) syner at kandidatar som er rekrutterte frå utanlandske universitet har ei noko sterkare gjennomstrøyming enn norske.

I 2022 vart det halde 220 disputasar, mot 245 i 2021. Det har vore stor merksemd om korona og kva pandemien har hatt å seie for gjennomføring. Ein teori har vore at pandemien hadde særleg mykje å seie for kandidatar tidleg i ph.d.-løpet. I ei spørjeundersøking frå våren 2021 svarte 88 % av respondentane at dei i ein viss grad var forseinka i forkinga på grunn av korona-pandemien.

Talet på kandidatar som rapporterte at dei var forseinka er høgst blant respondentane som har vore ph.d.-kandidat eller postdoktor i eitt til to år. I denne gruppa rapporterte heile 93 % at dei var forseinka i ein viss grad. Nærare 2/3 rapporterte at datainnsamling eller kjeldarbeid har vore påverka. På den positive sida rapporterte 90 % at dei i nokon eller stor grad har hatt tilfredsstillande kontakt med rettleiar gjennom perioden. Truleg er forseinkingar ei hovudårsak til det låge talet disputasar i 2022. Av same årsak er det forventa ein lågare del som gjennomfører innanfor seks år i rapporteringa for 2023.

#### *Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten*

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	4,0	4,1	4,1	4,1	4,0	3,8	3,1

Resultata frå Studiebarometeret syner at *alt-i-alt tilfredsheit* går noko ned, til 3,8. Dette er ikkje unikt for UiB, og i samsvar med det nasjonale snittet. NOKUT har kommentert at dei observerer ein slik nedgang både nasjonalt og for dei aller fleste institusjonane, utan at det treng å vere ein nedgang på enkeltområde.

**Tabell 3. Studiebarometeret 2022, indeks for UiB samanlikna med nasjonalt snitt (2022) og UiB (2021).**

Kjelde: Studiebarometeret

Indeks	Verdi	Samanlikna nasjonalt	Samanlikna UiB (2021)
Undervisning	3,6	0	0
Tilbakemelding og rettleiing	3,3	0	0,1
Fagleg og sosialt miljø	3,6	0	0,1
Organisering	3,4	0	0
Vurderingsformer	3,9	0	0
Eige engasjement	3,7	0,1	0,1
Tilknytning til arbeidslivet	2,7	-0,3	0
Overordna tilfredsheit	3,8	0	-0,1

Dei største endringane kan ein observere ved Det juridiske fakultetet, der indikatoren fell frå 4,2 til 3,8. Mykje av årsaka verkar å liggje i kor tilfredse studentane er med den nye studiemodellen på det integrerte masterprogrammet i rettsvitenskap. Der er to emne med blokkundervisning gjort om til eitt stort. Fritekstkommentarar frå respondentane tyder på at ein del studentar opplever ei større konsentrert arbeidspåkjenning, medan blokkundervisning i gamal modell gav meir rom til pausar mellom emna. Samstundes understrekar det noko av kritikken som har kome mot Studiebarometeret: Det måler kor tilfredse studentane er, ikkje nødvendigvis læring eller utdanningskvalitet .

#### **Fagleg tidsbruk per veke (timar) blant heiltidsstudentar**

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	35	34	35	33	34	34	34

Den faglege tidsbruken på institusjonsnivå er tilnærma uendra frå 2021, men det er store utslag for enkelte fakultet. Ved Det juridiske fakultet rapporterer studentane om ein auke på fem timar i veka, der tre timar er eigenstudiar og to timar er organiserte læringsaktivitetar. Her kan årsaka igjen liggje i endringa i studiemodellen, men ifølgje fakultetet er det ikkje lagt inn ei større total påkjenning enn i gamal studiemodell. Studentar ved Det humanistiske fakultet rapporterer om tre timar mindre eigenstudiar per veke enn året før. For dei andre fakulteta er det små endringar.

Når det gjeld betalt arbeid, aukar tidsbruken med om lag ein time, til 8,5 timar.

#### **Delen av utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totalt studenttal**

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Del av utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totalt antal studentar	1,5	1,6	1,9	1,3	1,2	3,0	1,6

UiB har gjennom heile pandemien halde høvet for utveksling ope, men aktiviteten har naturleg nok vore lågare enn normalt. Stengde grenser, kanselleringar frå mottakande lærestad og generell uvisse er blant hovudårsakene til nedgangen.

I 2022 har aktiviteten innanfor studentmobilitet tatt seg tilbake til normalen. I vårsemesteret var det mogleg å reise til dei fleste land UiB har avtalar med, medan det i haustsemesteret berre var Kina som var stengt for innreise. Interesse for utveksling har vore stor gjennom heile pandemien, og i 2022 har søkjartala vore høgare enn nokon gong. Tala for 2022 syner at gjennomførte utvekslingsopphald for eigne studentar er det høgste som er målt, med til saman 821 studentar. Vidare er det ei dreining i søknader mot Europa. Medan talet som nytta seg av Erasmus+-avtalane låg på ca. 40 % i åra før 2020, er talet for 2022 heile 70 %. Om lag tre % av studentane ved UiB reiste på Erasmus+-opphald i 2022, det høgste som er målt nokon sinne.

#### **Tal på publiseringspoeng per FoU-årsverk\***

<b>Styringsparameter</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>Gj.snitt statlege inst. 2022</b>
Tal på publiseringspoeng per fagleg årsverk	1,5	1,6	1,5	1,6	1,6		

\*Tal for 2022 rapportert med frist 1. april 2023

Publiseringspoeng per fagårsverk ligg stort sett stabilt mellom 1,5 og 1,6 poeng per fagårsverk. Ein internasjonal tendens er aukande tal på medforfattarar, særleg i artiklar med høgt vitenskapleg gjennomslag.

UiB har hatt eit stabilt og, i norsk samanheng, høgt nivå på vitenskapleg publisering over lang tid, og med ein stor del av publikasjonane i dei mest prestisjetunge tidsskrifta. Frå 2020 til 2021 var auken på fire %.

Forskningsrådet sin indikatorrapport for 2021 syner at vitenskaplege publikasjonar frå UiB har høgt gjennomslag. Saman med UiO toppar UiB siteringsindeksen for Noreg. Leiden-rankinga syner tilsvarande høge tal på siteringar. Samstundes tyder datamateriale på at siteringstala har gått noko ned. Dette er ikkje ønskjeleg, og det er behov for å utvikle kunnskapsgrunnlag for å forstå variasjon i publisering og gjennomslag.

Publikasjonar frå UiB skil seg ut i nasjonal og nordisk samanheng ved å ha ein høg del med internasjonalt medforfatterskap (61 % i 2021 ifølgje Norsk publiseringsindikator). Dette gjer UiB til ein internasjonal institusjon og attraktiv samarbeidspartnar. Resultat innanfor publisering vert nærare omtalt under avsnitt om universitetet sin utviklingsavtale.

#### **Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk**

<b>Styringsparameter</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>Gj.snitt statlege inst. 2022</b>
Verdien av kontraktar frå EUs rammeprogram for forskning og innovasjon per FoU-årsverk	9 302	16 405	9 882	5 198	14 895	9 424	

Utvikling i signerte kontraktar syner ein stor årleg variasjon på UiB. Per februar 2023 er det publisert 19 signerte kontraktar for 2022, til ein verdi av 12,4 mill. Euro, gjennom EUs portal. Dette gjev eit tal på 9.400 Euro per FoU-årsverk, medan snittet for dei fem føregåande åra er 11.000 Euro. Det har særleg vore ein nedgang i nye stipend innanfor Marie Curie-ordningane. Dette er vidare omtala under utviklingsavtalen kapittel 3.4.1.

### 3.1.2 Sektormål 2. Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

#### *Prosentdel av masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning*

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Del av mastergradskandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	75	-	79	76	82	9 424	

NIFU si kandidatundersøking frå 2021 viser at delen av mastergradskandidatar som er sysselsette i relevant arbeid er 82 %, noko som gjer at den positive utviklinga dei siste åra held fram.

På fagfelt er det publisert data som syner informasjon om alle kandidatar (frå lågare grad til ph.d.). I ein slik samanheng gjev ein relativt stor del (13 %) av kandidatane frå UiB opp at dei framleis er i utdanning, noko som følgjer av at bachelorkandidatar f.eks. har gått vidare til mastergradsstudia. Totalt ni % gjev opp at dei er arbeidsledige.

*Tabell 4. Rekna du deg i veka 15.–21. november 2021 hovudsakleg som arbeidsledig (prosentdelar). Kjelde: NIFU*

Fagfelt	Institusjon				Nasjonalt
	UiB	NTNU	UiO	UiT	
Cand.med.		7			3
Helse- og sosialfag	10	4	2	11	3
Humanistiske og estetiske fag	16	15	12		10
Juridiske fag	2		7	5	5
Lærer- og pedagogikkutdanningar		4	4	2	2
Natur- og realfag	16	20	18	6	17
Samfunnsfag	10	6	7	8	8

Hausten 2022 gjennomførte Ideas2Evidence ei kandidatundersøking på oppdrag frå Sammen, UiB, HVL og NHH. Denne vert send ut til kandidatar som gjekk ut i 2020, og vil på den måten verte meir samanliknbar med NIFU si spesialkandidatundersøking. Resultata frå denne undersøkinga vil ikkje vere klar før i april 2023.




**Bidraginntekter frå Forskingsrådet per faglege årsverk**

Styringsparameter (tall i 1000)	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Bidraginntekter frå Forskingsrådet per faglege årsverk	208	211	223	211	208	251	178

UiB har i 2022 hatt ein sterk vekst i bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) målt per faglege årsverk. Totalt har veksten vore på 23 %, frå 1,06 mrd. kroner i 2021 til 1,3 mrd. kroner i 2022. Veksten frå Forskingsrådet var på 22 %, som inneber eit brot med dei negative resultatane frå 2020 og 2021. Fleire tilhøve har verka inn. Mellom anna kan pandemirestriksjonane ha ført til redusert aktivitet i prosjekta i 2020 og 2021. I 2021 hadde UiB sterkare tilslag i søknader til forskarprosjekt, noko som har fått budsjettverknad frå 2022. Fellesløftet medverka til desse resultatane.

Tal frå Forskingsrådet syner ein auke i løyvingar til UiB-koordinerte prosjekt innan fri prosjektstønad på ca. 19 %, medan senterordningane har hatt ein auke på 41 %. Denne auken er knytt til SFI som vart etablerte i 2021. Tildelingar til kompetanse- og samarbeidsprosjekt er på eit lågt nivå, men har hatt ein sterk auke i 2022. Inntektane frå Forskingsrådet sitt forskingsinfrastrukturprogram har hatt ein nedgang på 21 %.



Figur 1. Løyvingar frå Forskingsrådet 2017–2022

**Andre bidrags- og oppdragsinntekter per faglege årsverk**

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per faglege årsverk	129	130	147	143	152	226	200

Alle kjelder til finansiering (Forskingsrådet, EU, andre) har hatt høg vekst, men det er særleg bidragsfinansiert aktivitet knytt til kontraktar med organisasjonar og stiftingar, og statlege etatar, som har hatt sterk auke, med vekst på 85 % og 29 %. Trond Mohn stiftelse (TMS) er den største partnaren innan stiftingar og organisasjonar, og gjev viktige bidrag til forskingsverksemda til UiB.

Ved utgangen av 2022 vart TMS Toppforsk-programmet avslutta. Programmet har bidrege til å utvikle fleire verdslende forskingsmiljø gjennom rekruttering av fem internasjonale toppforskarar til fem fakultet. Ei evaluering av Toppforsk-programmet i 2022, syner at programmet har vore svært vellukka og har oppfylt føremålet ved å byggje opp og styrkje framifrå forskingsmiljø innan vitskapsfilosofi, ulikskapsforskning, kognitiv nevrovitskap, diabetesforskning og algoritmeforskning.

Ei samla oversikt over universitetet sine Bidrags- og oppdragsinntekter er gjeven i tabell 5.

**Tabell 5. Bidrags- og oppdragsinntekter ved UiB (tal i mill.)**

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Statlige etater	126	102	151	160	173	223
Kommunale/ fylkeskommunale etater	6	11	13	9	11	9
Næringsliv/ private	51	47	54	43	43	66
Utlandet eks. EU.	32	31	14	28	23	57
Stiftelser og organisasjoner	63	96	105	95	104	178
SUM	277	286	337	335	354	533

\*Ikkje inkludert gåver

#### **Delen av forskingsinnsats i MNT-fag**

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Andel forskingsinnsats i matematiske, naturvitskaplege og teknologiske fag (MNT-fag)	42	-	42		41		

UiB har følgd opp dei nasjonale føringane for auka forskingsinnsats innanfor MNT-faga gjennom tildeling av stipendiatar og postdoktorar og med sterk merksemd om infrastruktur gjennom løyvingar til utstyr og opprusting av bygningsmassen. MNT-fag utgjør den største delen av forskingsverksemda til UiB med 41 % av løyvingane, og omfattar fleire av dei mest framifrå forskingsmiljøa til universitetet.

### **3.1.3 Sektormål 3. God tilgang til utdanning**

Russland sin invasjon i Ukraina resulterte mellom anna i ein flyktningstraum som også nådde Noreg. Sidan mange av de som flykta hadde avbrote utdanninga i heimlandet, oppretta regjeringa 1.000 nye studieplassar for mellombels å auke utdanningskapasiteten som følgje av krigen i Ukraina. UiB fekk 125 av disse. I same tidsrom vart og *Forskrift om opptak til høgare utdanning* endra, med ei opning for at flyktningar kan få innvilga dispensasjon frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til studiar som krev dette. Sommaren

og hausten 2022 har UiB tatt opp studentar til skreddarsydde studietilbod for flyktningar i både norsk og engelsk, med sikte på å setje dei i stand til å kunne gå vidare med studiar. Det er òg tatt opp flyktningar som tilfredsstillar språkkrava til enkle emne som vert underviste på engelsk, og til fulle toårige masterprogram.

**Tabell 6. Kandidatar på helse- og lærerutdanningane i 2022**

Helseutdanning	Måltal	Kandidatar
Klinisk ernæringsfysiologi	24	60
Farmasiutdanning MA	25	25
Medisinutdanning	168	163
Odontologiutdanning	45	48
Psykologi profesjonsutdanning	80	76
Tannpleiarutdanning	30	24
Lærerutdanning	Måltal	Kandidatar
Integrert MA 5 år	28	93
PPU og PPU-Y	211	71

Resultata frå 2022 syner at UiB samla sett når måltala for helseutdanningane.

Ved Det medisinske fakultet har systematisk arbeid med fråfall og omstrukturering av første studieår på tannpleie gjeve gode resultat. Det må her merkast at kandidatmåtalet er sett unaturleg høgt på tannpleie gjeve at kullstorleiken er 31 studentar.

Innanfor psykologistudiet og medisinutdanninga er talet på kandidatar tett opp mot måltala.

Vi har ikkje nådd måltala for lektorutdanningane i 2022. Nedgangen på PPU er varsla, og heng saman med den utfordrande rekrutteringssituasjonen etter innføring av krav om mastergrad. Dette er ei nasjonal utvikling. Sidan toppåret 2018, då det var om lag 4.500 studentar på PPU-utdanningane i Noreg, var det berre 2.520 studentar hausten 2022 (nedgang på 44 %). Av dei 17 statlege institusjonane som har kandidatmåltal for PPU, var det fem som nådde desse i 2021. For 2022 er det berre tre institusjonar som ligg an til å greie det, ingen av desse er universitet. UiB flyttar difor studie plassar over til den femårige lektorutdanninga, som har ein jamn auke i kandidatar etter kvart som studiet vert bygd ut. Denne prosessen vil slutførast til studieåret 2025/26. Då står det igjen 70 studie plassar på PPU, på nivå med rekrutteringsgrunnlaget og kandidattalet for 2022.

UiB har i tidlegare årsmeldingar peika på at nokre studieprogram har aktivitetskrav, f.eks. farmasi og medisin, som ikkje er i samsvar med talet på studie plassar, og kandidatmåltala har i realiteten vore statiske sidan innføringa i 2014, med unntak av justeringar i samband med tildeling av nye studie plassar. Talgrunnlaget strekkjer seg tilbake til 2009, og tar ikkje høgde for interne omprioriteringar som gjennomførast i forståing med departementet (som flyttinga av plasser frå PPU til 5LU). UiB ønskjer difor velkomen ein gjennomgang av bruken av kandidatmåltal, slik KD varsla i tildelingsbrevet for 2023.

### 3.1.4 Sektormål 4. Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem

#### Tal på studiepoeng per faglege årsverk

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Antall studiepoeng per fagleg årsverk	332	334	330	349	368	350	406

I 2022 vart det avlagt om lag 13.900 årseiningar studiepoeng ved UiB (60 studiepoeng), mot 14.300 i 2021. Talet på faglege stillingar var om lag på same nivå i 2022 som i 2021. I sum gjev dette ein reduksjon i talet på studiepoeng per fagleg årsverk.

I forlenging av UiB Fram<sup>1</sup>, som viste at samanhengande tid til forskning er eit viktig rammevilkår for kvalitet i forskning, er delprosjektet FRAMtid etablert. Her er seks pilotinstitutt involverte, og målet er å utforske og prøve ut tiltak som skaper rom for meir samanhengande forskingstid. Eit døme på dette er i historiefaget, der blokkundervisning vert prøvd ut, ved at ein underviser i eitt emne om gongen, og ikkje fleire emne parallelt.

Utviklingsprosessen *Støtte til undervisar* starta i mars 2022 med mål om å identifisere tiltak administrasjonen kan setje inn for å betre arbeidskvardagen til undervisarar. Gjennom intervjurundar med undervisarar og studiekonsulentar har prosjektet undersøkt rammevilkår for undervisning for å identifisere nyttig og relevant støtte. Eit døme er ein samordna nettressurs med oversikt over alle steg i arbeidsprosessen (oppgåvene til undervisar) gjennom eit semester. Her får undervisar direkte tilgang til alle aktuelle verktøy og system, samt relevant opplæring og kurs.

#### Prosentdel kvinner i dosent- og professorstillingar

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Del av kvinner i dosent- og professorstillingar	27,4	28,5	30,1	30,6	31,5	35,2	36,1

Sjølv om mykje er oppnådd, har UiB framleis nokre likestillingsutfordringar. Ei sentral utfordring handlar om mangel på kjønnsbalanse i vitskapelege toppstillingar. Rekruttering av kvinner til professorstillingar og faglege leiarstillingar har difor vore eit viktig satsingsområde dei siste åra. Dei to siste åra har prosentdelen kvinner blant professorane auka frå 31 % til 35 %.

#### Prosentdel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

Styringsparameter	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gj.snitt statlege inst. 2022
Del av mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	21,9	18,7	14,9	14,3	13,1	10,6	11,8

<sup>1</sup> [UiB FRAM | Universitetet i Bergen](#)



Når det korrigerast for tilsette i åremålstillingar, slik det vert gjort i KD sin styringsparameter, er prosentdelen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar 10,6 % i 2022, mot 13,1 % i 2021.

Talet på mellombelse i undervisnings- og forskarstillingar gjeld i hovudsaka i forskarstillingar og i universitetslektorkodane. Utviklinga syner at nedgangen held fram innanfor forskarkategorien, medan det går noko tregare innanfor lektorstillingane. Oversikter er gjevne i tabell 7 og 8.

**Tabell 7. Tal på mellombelse forskarstillingar korrigererte for åremål og bistillingar**

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Totalt	200	211	207	209	236	241	237
Mellombels	185	176	141	110	106	92	74
Del i prosent	93 %	83 %	68 %	53 %	45 %	38 %	31 %

Talet på mellombelse forskarar er redusert med 102 stillingar frå 2017 til 2022. I tal utgjer forskarstillingane likevel 54 % av totalt tal på mellombelse undervisnings- og forskarstillingar, med 74 av 137 årsverk.

Mellombelse forskarstillingar er i hovudsak knytte til prosjekt med ekstern finansiering (59 av 74 årsverk), medan mellombelse lektorstillingar i hovudsak er internt finansierte (39 av 43 årsverk).

**Tabell 8. Tal på mellombelse lektorstillingar inkludert høgskolelærar korrigerert for åremål**

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Totalt	88	97	111	108	114	114	102
Mellombels	53	54	56	52	55	53	43
Del i prosent	60 %	56 %	51 %	48 %	48 %	47 %	42 %

### ***Del av samlingane og objekta ved universitetsmusea som er tilstrekkeleg sikra og tatt hand om***

Universitetsmuseet har i 2022 halde fram arbeidet med prosjektet *Sikre samlingar* for fullt. I april 2022 vart det nye arkeologiske sentralmagasinet ferdig. Året 2022 har dermed i all hovudsak gått med på å flytte museet sine arkeologiske mellomaldersamlingar frå magasin på Bryggens museum inn i det nye arkeologiske sentralmagasinet, rundt rekna 200.000 gjenstandar. I tillegg har det vore utført oppgraderingar av sikringstiltak i fleire av magasinane til museet.

Bekymringsmeldingar førte til at Kulturhistorisk museum vart stengt for publikum våren 2022. Tilstandsvurderingar fastslo at det var fornuftig å halde museet stengt inntil tiltak var gjennomførte. Ei oversikt over nødvendige tiltak og estimat over kostnader for å kunne halde delar av bygget ope for publikum vart utarbeidd i løpet av året. Plantehuset i hagen, som har vore stengt for publikum gjennom fleire år, viste og behov for sikringstiltak. Dette arbeidet vart starta på hausten 2022.

Tabellane 9 og 10 gjev ei oversikt over tilstanden for sikring og bevaring av samlingane til museet.

**Tabell 9. Del av samlingane og objekta som er tilfredsstillande sikra**

Tilfredsstillande sikring	"Objekt (O) eller samling (S)"	Kulturhistoriske samlingar		Naturhistoriske samlingar	
		Resultat	Ambisjon neste år	Resultat	Ambisjon neste år
Skallsikring (%)	0	100	100	100	100
Tjuverisikring (%)	0	100	100	85	85
Brannsikring (%)	0	100	100	100	100
Vasskaderisiko (%)	5	85	87	60	60
Rutiner og beredskap (%)	0	85	87	85	90
Totalt magasinareal (m2)	0	7 600	7 200	7 900	7 600
Brutto museumsareal eid (m2)		31 600	33 000	31 600	33 000
Brutto museumsareal leid (m2)		5 200	5 200	5 200	5 200

\* Skallsikring er sikring mot innbrot, tjuverisikring er tiltak i utstillingar og magasin som sikrar mot tjuveri/hærverk (låsar, alarmer m.m.).

\*\*Arealtal gjeld samla for dei to samlingane

**Tabell 10. Delen av samlingane/objekta som er tilfredsstillande bevart**

Tilfredsstillande bevaring	"Objekt (O) eller samling (S)"	Kulturhistoriske samlingar		Naturhistoriske samlingar	
		Resultat	Ambisjon neste år	Resultat	Ambisjon neste år
Luftfuktighet og temperatur (%)	0	90	90	90	90
Lysforhold (%)	0	100	100	100	100
Aktiv konservering (%)	0	75	75	95	95
Preventiv konservering (%)	0	88	90	95	95
Andel digitalisering av objektene/samlingene (%)	0	96	97	82	83
Andel av objektene/samlingene som er tilgjengelige på web (%)	5	66	75	50	53
Totalt antall objekter/samlinger		1 473 000	1 500 000	2 190 000	2 195 000
Brutto museumsareal leid (m2)		5 200	5 200	5 200	5 200

Universitetsmuseet sette i 2022 ny rekord for tal på besøkande, med 72.045 menneske, nærmare 5.000 fleire enn i det tidlegare toppåret 2007. I 2022 har Universitetsmuseet motteke den europeiske museumsprisen *The Portimão Museum Prize for Welcoming, Inclusion and Belonging*.

## 3.2 Middel tildelte over andre kapittel

UiB er tildelt middel over kap. 201 post 21 og kap. 226 til SLATE, 5,7 mill. kroner. Midla brukast til utvikling og drift av senteret. Senteret er plassert ved Det psykologiske fakultet, og senteret sender eiga årsmelding til departementet.

UiB mottok 17.341 mill. kroner til Holbergprisen over kap. 289 post 51. Midla rapporterast utanom årsmeldinga etter krav frå departementet. Det same gjeld for ei løyving på 0,9 mill. kroner som Holbergprisen fekk til arrangement i Dehli og Cape Town.

I 2022 er UiB tildelt 0,6 mill. kroner over kap. 275.21 til partnerskap i lærarutdanninga, der det etablerast fleire universitetsskole- og partnerskolesamarbeid som tildelinga brukast inn mot. For å styrke arbeidet har UiB etablert eit sentralt lektorsenter. Senteret skal gje lektorutdanninga ein heilskapleg representasjon innerter og utetter, eit samanhengande fagleg og organisatorisk innhald og ei betre studieoppleving. Gjennom tettare samarbeid med skolane skal lektorsenteret styrke praksisopplæringa og leggje til rette for studentane si oppleving av fagleg samanheng i profesjonsutdanninga.

UiB fekk tildelt 6.694 mill. kroner til tiltak for å oppretthalde studieprogresjonen knytt til koronapandemien. Midla vart i hovudsak nytta til følgjande tiltak, i tråd med ønska frå studentane:

- Eksamensførebuande undervisning
- Arbeid med studentmedverknad
- Styrking av bruk av undervisningsassistentar og mentorordning
- Fleire uformelle treffpunktarenaar der studentane kan stille faglege spørsmål

## 3.3 Samfunns- og effektmål for byggjeprojekt

Det samansette bygningsmiljøet i universitetsområdet, som består av byggjekunst frå sist på 1700-talet og fram til i dag, har høg arkitektonisk og kulturhistorisk verdi. Dette unike bygningsmiljøet gjev særpreg til UiB, med Universitetsmuseet på Muséplassen som universitetet sitt fremste symbolbygg.

I 2014 vart 36 UiB-bygningar, fordelt på 15 anlegg, freda som del av Kulturdepartementet sin Landsverneplan for kunnskapssektoren. Dei utvalde bygningane er del av forteljinga om UiB si rolle i utvikling av kunnskapssektoren i Noreg, der UiB vert omtalt som Noregs einaste byuniversitet. Intensjonen bak dei statlege fredingane er å bevare, vise, formidle og sikre historiske og arkitektoniske kvalitetar og samanhengar gjennom vidare bruk.

Som statleg byggherre er universitetet forplikta til å sikre at nye funksjoner vert tilpassa på ein slik måte at dei kulturhistoriske verdiane vert tekne hand om.<sup>2</sup> I Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken — engasjement, berekraft og mangfald* vert staten

<sup>2</sup> Riksantikvaren tilrådde i eige brev til UiB datert 23.11.2017 om at Masterplan for areal må sikre at nye funksjonar vert tilpassa på ein slik måte at dei tek vare på dei kulturhistoriske verdiane i høve til statlege plikter, jf. kongeleg res.

vidare minna på sitt særskilte ansvar som eigar og forvaltar av kulturhistoriske bygg, og oppfordra til å verte eit godt forbilde i si forvaltning og utvikling av eigedomane.

Det finst fleire eksempel på korleis den kulturhistoriske kvaliteten til bygga er vidareforedla saman med nye løysingar gjennom omfattande vedlikehald og rehabilitering. Dette gjeld til dømes restaurering av den gamle museumsbygningen til eit sikkert bygg med attraktive utstillingar, modernisering og revitalisering av Geofysen til funksjonelle rammer for samlokalisering av klimaklynga og restaurering av lysthuset Fastings Minde til eit bygg for Holberg-stiftinga.

Nygårdsgaten 5 rehabiliterast og skal verte eit fellesbygg for administrasjonen. Byggjeprojektet er ein del av universitet si satsing på å utvikle ein føremålstenleg, smidig og effektiv administrasjon gjennom programmet [UiB Tenesteutvikling](#). Programmet skal bidra til at administrasjonen er framtidsretta og innovativ, og har ei utforskande tilnærming til oppgåvene han skal løyse. Gjennom fysisk samlokalisering av fellesadministrasjonen, betre samordning av administrative tenester med fakultetet og institutt, og ved utvikling av digitale løysingar, skal dei administrative tenestene gjerast meir tilgjengelege og relevante for tilsette og studentar.

Nygårdsgaten 5 er eit føregangsprosjekt bygd etter BREEAM<sup>3</sup> standard med breitt fokus på berekraft. Det er også lagt solcelleanlegg over taket. I arbeidsareala vil 95 % av møblane vere gjenbruk. Prosjektet leverer på fastsett kostnadsramme, og framdrifta følgjer oppsett plan med planlagd innflytting i september 2023.

Andre planlagde byggjeprojekt omtalast under universitetet sine campusplanar i kapittel 5.3.

## 3.4 Utviklingsavtalen

### 3.4.1 Utviklingsmål 1. UiB skal utvikle fleire leiande forskingsmiljø. Alle fakulteta skal ha forskingsmiljø i verdsklasse og fleire fagmiljø av høg internasjonal klasse.

Måla vert vurderte på gjennomføring av konkrete aktivitetar innanfor følgjande område:


- Auka tal på ERC-tildelingar frå *Horisont 2020* og i grunnforskningsprogramma i Forskningsrådet
- Auka tal på søknader og gjennomslag i dei tematiske programma i EU og Forskningsrådet
- Styrke publiseringskvaliteten

Deltaking i det europeiske forskingsprogrammet Horisont Europa er viktig for å utvikle framifrå forskingsmiljø, gjennom tilgang på nettverk og samarbeid med dei beste forskingsmiljøa i Europa og internasjonalt, og få tilgang på avansert infrastruktur. Ved utgan-

3 <https://byggalliansen.no/sertifisering/om-breeam/>

gen av 2022 hadde UiB fått tilsegn på 33 prosjekt i Horisont Europa sidan programmet starta i 2021, på grunnlag av 159 søknader. 32 av prosjekta vart tildelte i 2022. Av desse er tre terminerte før oppstart. Av dei resterande er 19 registrerte som ferdig signerte kontraktar i EUs Cordis-database.

Innanfor EU-finansiert verksemd har UiB halde eit høgt nivå nasjonalt. I 2022 auka talet på søknader i høve til 2021, men nivået er likevel lågare enn perioden 2018–2020. Det er særleg innan Marie Skłodowska-Curie Actions (MSCA) og dels også tematiske utlysingar (Societal Challenges/Global Challenges) at det er registrert nedgang. Innanfor ERC-programma er utviklinga motsett, her har det vore ein sterk vekst i søknader dei siste åra (og særleg i 2022).



Figur 2. Søknader til EUs rammeprogram for forskning

## Verkemiddel

Det er eit grunnleggjande mål for UiB å gje gode rammer for yngre forskartalent som kan byggje framifrå forskingsmiljø for framtida. Karriereutviklingsprogrammet Momentum skaper ein tverrfagleg arena for utvikling og innovasjon for yngre forskningstalent ved UiB. I 2022 vart Momentum-programmet gjennomført for fjerde gong, med 14 deltakarar. Av desse har så langt tre sendt søknader til EU og tre til Forskingsrådet. Ein av søknadene til Forskingsrådet fekk tilslag.

Totalt har 28 av 59 deltakarar i programmet sendt 65 søknader til Forskingsrådet. Så langt har åtte oppnådd prosjektstøtte, og av desse har tre fått støtte til Forskarprosjekt for unge talent. I alt 18 deltakarar har sendt 25 søknader til EU etter deltaking i [Momentum-programmet](#). Av desse var 14 til ERC. Ein har motteke Trond Mohn Starting Grant etter deltaking i Momentum-programmet.

I 2022 vart Vadim Kimmelman den første Momentum-deltakaren som vann eit ERC Starting Grant.

Eit anna tiltak for å fremje gode vilkår for yngre forskarar ved UiB i 2022 er opninga av Ferd Karrieresenter for yngre forskarar. Senteret, som opna 15. februar 2022, tilbyr rekrutte-



ringsstillingar og førsteamanuensar kurs og stønad til karriereutvikling både i og utanfor akademia. Karrieresenteret er det første av sitt slag i Noreg, og har vore godt besøkt av forskarar i 2022.

UiB har gjennom ei årrekke hatt eit nært samarbeid med Trond Mohn forskingsstifting (TMS), eit samarbeid som har skapt moglegheiter for nyskapande forskingsarbeid innan ei rekke felt. I 2022 har stiftinga støtta opp om å etablere eit nytt forskingscenter for diabetes, «PRESIS-DIA», der TMS, UiB og Haukeland universitetssjukehus går saman om finansiering med i alt 52 mill. kroner dei neste fem åra. Det nyaste samarbeidet mellom TMS og UiB er forskingsprogrammet «Trustworthy AI», der målet er å støtte ambisiøse forskingsprosjekt innanfor kunstig intelligens som vil bidra til at algoritmar, tilrådingssystem og avgjerdsstøtte vert meir pålitelege, etiske og rettvise. I 2022 tildelte stiftinga Starting Grant til ein UiB-forskar, som vil få forskingsmiddel over fire år og i tillegg gå gjennom eit eige karriereutviklingsprogram.

Brussel-kontoret til UiB er eit viktig verkemiddel for å profilere UiB og fagmiljø ved UiB på den europeiske arenaen og for å fremje norske forskingsinteresser i EU. Brussel-kontoret har også vore ein hovudaktør i eit samarbeid mellom UiB og NORCE Norwegian Research Centre AS om eit felles posisjonsnotat om havforskning, med innspel til ny strategisk plan for Horisont Europa i perioden 2025–27.


Ei ordning med faglege mentorar for ERC-søklarar vart sett i verk i 2022. Tiltaket er ei direkte støtte til forskarane, og mentorane kan bidra i idéutvikling, rettleiing, lesing av søknader med meir. Ei evaluering av tiltaket i 2022 tyder på at søklarane som hadde mentorar meinte at samarbeidet hadde vore nyttig og gjort søknaden betre. Basert på evalueringa og resultatane frå tildelingane i 2022, vert ordninga utvida til 2024.

I tillegg til mentorordninga er ei rekke andre støttetiltak, som kurs og individuell oppfølging, tilgjengelege for alle søklarar til ERC. I løpet av 2022 er det utarbeidd eit ERC-utviklingsprogram for å gje strategisk og langsiktig støtte til ERC-søklarar. Programmet inneheld ulike komponentar, med individuell støtte og gruppeaktivitetar, både på sentralt og lokalt nivå.

## ERC-tildelingar


Deltaking i EUs rammeprogram for forskning har vore eit satsingsområde for UiB over lengre tid, og målet er ytterlegare vekst over dei neste åra. Auka søknad til og gjennomslag i ERC har særleg høg prioritet fordi det står frie, forskarinitierte prosjekt med stort potensial for vitskaplege gjennombrøt.

Talet på søklarar til ERC i 2022 er det høgste nokon gong, og utgjer det meste av veksten i søknadstal til EU i høve til 2021. I alt vart det sendt 53 ERC-søknader i 2022, mot 31 i 2021 og 19 i 2020. Det er særleg søknader til Starting Grants som har auka merkbart. Totalt utgjer Starting Grants nærare halvparten av søknadane så langt under Horisont Europa-programmet, mot 31 % av søknadane i H2020, medan Advanced Grants no utgjer ein tydeleg lågare del (13 %, mot 34 % i H2020).



Figur 3. Søknad og gjennomslag i ERC etter årstal for søknad og årstal for tildeling

Våren 2022 vart dei første tildelingane frå ERC i Horizon Europe annonserte. Av tre søkjarar til Starting Grant og tre søkjarar til Consolidator Grant som vart inviterte til finalen for utlysinga i 2021, fekk ein søkjar innvilga Starting Grant og to Consolidator Grant. Til utlysinga i 2022 vart 12 søknader om Starting Grant sende frå UiB. Av desse gjekk fem til finalen, og to fekk innvilga søknaden. Det vart sendt 17 søknader om Consolidator Grant, og seks gjekk til finalen; avgjerd om tildeling vart annonsert i januar 2023, og resulterte i fire nye tildelingar. To søknader om Proof of Concept vart sende frå UiB, og begge vart innvilga. Tildelingane er omtalte vidare under avsnitt om innovasjon. I tillegg til gjennomslag på eigne søknader har UiB rekruttert ein ERC-vinnar som har søkt frå Christian Michelsens Institutt.



Figur 4. Løyvingar frå EU 2017–2022

## Andre Excellence-program

UiB har i fleire år hatt relativt godt gjennomslag i mobilitetsprogrammet Marie Skłodowska-Curie Actions (MSCA<sup>4</sup>). Internasjonalt er kandidatar frå MSCA-programma sett på som fagleg sterke og attraktive å rekruttere, og suksess i søknadsprosessen gjev erfaring som er nyttig i vidare konkurranse om stipend frå ERC Starting Grants, Forskningsrådets unge forskartalent og andre finansieringskjelder.

I 2022 fekk UiB innvilga tre av dei 21 MSCA-PF-søknadene som vart sende i 2021. Ein av stipendmottakarane vart rekruttert til ein annan institusjon før prosjektstart.

Under pandemien gjekk søkjartala til MSCA merkbar ned, frå 67 i toppåret 2019 (av desse 39 individuelle stipend), til 59 i 2020, 21 i 2021 og 17 i 2022. I 2022 er det spesielt ein nedgang i talet på søkjarar til dei individuelle postdoktorstipenda, totalt seks søknader sende, medan talet på søknader til internasjonale doktorgradsnettverk er auka frå 7 til 11.

Auka innsats for mobilisering til desse programma kan styrkje samanhengen i verkemidla innan EU-programma, som kan vere nyttig dersom UiB ønskjer større gjennomslag også i andre delar av rammeprogrammet.

## Forskarprosjekt og Banebrytande forskning i Forskningsrådet

Søknadsprosessane til Forskningsrådet var i 2022 sterkt merkt av store kutt i prosjekttildelingane under Kunnskapsdepartementet si finansiering, i motsetnad til 2021 der det mellom anna vart gjennomført særskilde tildelingar under fellesløft V. Blant tiltaka var ein 20 % reduksjon i tildelingar i høve til dei opphavlege utlysingane. Dette får konsekvensar for aktiviteten i alle større forskingsorganisasjonar i åra som kjem. For UiB sin del gjekk talet på finansierte forskarprosjekt ned frå 39 i 2021 til 25 i 2022, og totalverdien av dei tildelte prosjekta gjekk ned til 275 mill. kroner, frå 338 mill. kroner i 2021 (447 dersom vi inkluderer løyvingar gjennom fellesløftet).

Av stønadsformene for einskildprosjekt i Forskningsrådet er det særskild tildelingane under kategorien Banebrytande forskning (FRIPRO) som er viktig for grunnforskningsmiljøa, fordi dei gjev langsiktig støtte til frie, forskarinitierte prosjekt med stort potensial for vitskaplege gjennombrøt.

UiB vart i årets søknadsrunde tildelt 14 FRIPRO-prosjekt. Dette er sju færre enn tildelinga i 2021. 12 av prosjekta var ordinære forskarprosjekt, eitt vart tildelt under ordninga Unge forskartalent, og eitt under ordninga Internasjonale mobilitetsprosjekt. UiB fekk det nest høgste talet på tildelingar til banebrytande forskning i Noreg, etter UiO med 24 prosjekt. For UiB innebar dette ein nedgang i tildelingar på 33 % i høve til 2021. Dei andre store universiteta fekk ein reduksjon på 47 %.

<sup>4</sup> Desse søknadene omfattar MSCA PF (Postdoctor Fellows), MSCA DN (Doctoral Networks), MSCA COFUND og MSCA RISE (mobilitet for tilsette)

Forskningsrådet reknar at 5,3 % av alle søknadene som vart handsama under FRIPRO fekk løyving, eit rekordlågt tal.

*Tabell 11. FRIPRO tildelingar 2020–2022 (UiO, UiB NTNU, andre)*

FRIPRO	2020	2021	2022	Endring 21-22
<b>UiO</b>	<b>50</b>	<b>47</b>	<b>25</b>	<b>-47 %</b>
Forskarprosjekt	34	28	12	-57 %
Mobilitetsstipend	5	4	3	-25 %
Unge forskartalent	11	15	10	-33 %
<b>UiB</b>	<b>18</b>	<b>21</b>	<b>14</b>	<b>-33 %</b>
Forskarprosjekt	11	18	12	-33 %
Mobilitetsstipend	4		1	
Unge forskartalent	3	3	1	-67 %
<b>NTNU</b>	<b>17</b>	<b>19</b>	<b>10</b>	<b>-47 %</b>
Forskarprosjekt	12	6	8	33 %
Mobilitetsstipend	1	4		-100 %
Unge forskartalent	4	9	2	-78 %
<b>Andre (44 institusjonar)</b>	<b>53</b>	<b>50</b>	<b>33</b>	<b>-34 %</b>
Forskarprosjekt	28	30	20	-33 %
Mobilitetsstipend	3	4		-100 %
Unge forskartalent	22	16	13	-19 %
<b>Totalsum</b>	<b>138</b>	<b>137</b>	<b>82</b>	<b>-40 %</b>

Unge forskartalent er ei særskild viktig ordning fordi det gjev store ressursar for forskarar til å utvikle sterke vitskapelege arbeid tidleg i karrieren, og skaper eit godt grunnlag for å oppnå vidare støtte til forskning frå Forskningsrådet og EU. Forskarar ved UiB har ikkje hatt stort gjennomslag i ordninga dei seinare åra, medan UiO tar den klart største delen av stipenda. Ei positiv utvikling er at yngre forskarar ved UiB sende eit rekordhøgt tal på prosjektforslag i 2022. For 2023 er det planlagt eit tiltak der sterke søknader vert vidareutvikla for prosjektforslag til ERC Starting Grants.

## Senter for framifrå forskning (SFF)

Hausten 2021 sende UiB 25 søknader om Senter for framifrå forskning (SFF). Sju søknader gjekk vidare til andre runde. Resultata av utlysinga kom i september 2022, og UiB fekk to av i alt ni nye SFF-senter. Senter for digitale forteljingar ved Det humanistiske fakultetet, det einaste blant dei ni nye sentra som er innanfor humaniora, skal utforske korleis vi som

enkeltmenneske og samfunn vert påverka av at liva våre i aukande grad vert styrte av algoritmar. Bergen Centre for Ethics and Priority Setting in Health på Det medisinske fakultetet skal finne svar på spørsmål knytte til effektiv og rettviss prioritering av knappe helsegodar. Resultatet syner at UiB både har konkurransedyktige, framifrå forskingsmiljø og effektiv strategisk og administrativ støtte for forskingsmiljøa.

## Gjennomslag i tematiske program

### Tematiske program i Horisont 2020/Horisont Europa

*Tabell 12. Søknad og gjennomslag, EUs rammeprogram utanom Excellent science. Kjelde: UiB*

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Avslag	20	35	36	39	24	23
Kontrakt	5	18	12	13	9	5
Under vurdering						11
<b>Totalt</b>	<b>25</b>	<b>53</b>	<b>48</b>	<b>52</b>	<b>33</b>	<b>39</b>

I tabell 12 er alle utlysingar utanom Excellent Science slått saman. Utlysingar under Challenges-pilaren kan verke mindre attraktive på grunnforskingmiljø fordi dei legg føringar på innhald og innretning i prosjekta. Det stillast sterke krav til samarbeid med partnarar i Europa, og bygging av sterke nettverk. Dette kan auke kompleksiteten i prosessane og stiller høge krav til effektiv administrasjon, særleg i ein koordinatorfunksjon. Jamt over ligg suksessraten høgare enn for søknader innan Excellent Science: i H2020-programmet var gjennomslaget på 23 %. Så langt i det niande rammeprogrammet ligg gjennomslaget på 19 % for UiB. I høve til dei andre større universiteta er søknadsvolumet til UiB framleis moderat, med ca. 1/3 av søknadsvolumet til UiO og 25 % av UiO sitt tal på signerte kontraktar i Horisont Europa per 1.2.2023.

Det er eit mål at fleire forskarar ved UiB søker om middel frå Horizon Europe, og nyttar seg av dei ulike verkemidla programmet kan by på. For å informere om moglegheitene og inspirere fleire forskarar til å utvikle søknader, har det vore gjennomført tre informasjonsarrangement om Horizon Europe for UiB-forskarar i løpet av 2022. Det er også gjennomført kompetansebygging for administrativt tilsette på fakulteta mellom anna gjennom UiB OPP og kurs tilpassa forskarar på ulike fakultet. Det er også utvikla verktøy som skal lette identifisering av relevante utlysingar i Søyle 2 av Horisont Europa.

## Forskringsrådet – tematiske utlysingar

Det er eit klart ønskje at Forskringsrådet aukar satsinga på frie forskingsmiddel. Samstundes er det viktig for universitetet å delta i arbeid for målretta kunnskapsutvikling gjennom tematiske program, der innretninga fell saman med kompetansen og interessene i fagmiljøa.

Det vert utlyst middel med varierende grad av tematisk innretning innan alle søknadstypar i Forskringsrådet. Søknadstypen *Forskarprosjekt* utgjorde i 2022 77 % av søknadene frå UiB. Av dei andre er det koordinerings- og støtteaktivitet (13 %, i hovudsak mindre beløp til konkrete føremål) og kompetanse- og samarbeidsprosjekt (7 %) som har noko volum.

*Tabell 13. Tematiske forskingsprosjekt 2020–2022*

	2020	2021	2022
Forskarprosjekt	31	41	23
Ikkje-tematiske	21	26	14
Tematiske utlysingar	10	15	9
<b>Andre tildelingar</b>	<b>44</b>	<b>38</b>	<b>23</b>
Ikkje-tematiske	37	36	15
Tematiske utlysingar	7	2	8
<b>Totalsum</b>	<b>75</b>	<b>79</b>	<b>46</b>

Innanfor ramma av tematiske utlysingar av forskarprosjekt kan ein òg verte vurdert for FRIPRO dersom ein er kvalifisert, men ikkje når opp i konkurransen. Ni forskarmiljø fekk tildelt prosjektmiddel under tematiske forskarprosjekt-utlysingar i 2022, til kontraktverdiar på 133 mill. kroner. Dette er ein nedgang frå 2021 på seks tildelingar, men på nivå med 2020. Tematiske utlysingar vart noko mindre påverka av nedskjeringane i 2022 enn dei frie forskingsmidla.

Over dei siste tre åra med samanliknbare søknadsrutinar i Forskringsrådet er det søknader til tema innanfor klima som har hatt størst gjennomslag, følgt av SAMKUL (Samfunnsutviklinga sine kulturelle føresetnader), med mogleggjerande teknologiar, marin og global helse på dei neste plassane. 14 av dei 34 prosjekta er knytte til naturvitskap og teknologi, 13 til samfunnsvitskap og humaniora, og seks er til medisin.




## Styrke publiseringskvaliteten

Som ein indikator på kvalitet brukast her omfang av Nivå-2-publisering slik dei er definerte i Norsk publiseringsindikator (NPI) og siteringar.

### *Nivå-2-publisering*


Stort sett er UiB på eit stabilt høgt nivå for Nivå-2-publisering (27 %), men har gått noko ned samanlikna med året før, som rett nok var eit toppår.



*Figur 5. Relativ fordeling av forfattardelar på nivå 2 ved UiB. Datakjelde: Cristin/DUCT.*

### *Siteringar*

Ein måte å indikere kvaliteten på er å berekne kor ofte eit arbeid er sitert og såleis har påverka den etterfølgjande forskinga. Resultata er henta frå Leidenrankinga, der utrekningane tar utgangspunkt i Web of Science, og der det justerast for ulike siteringspraksis i faga. Når gjennomsnittsverdien «Mean normalized citation score» (MNCS) er større enn ein, betyr det at institusjonen er hyppigare sitert enn elles i verda. Med ein verdi på 1,60 er UiB 60 % over gjennomsnittet i verda. Verdien er litt lågare enn føregåande år, men framleis høg i ein nasjonal og nordisk samanheng. Det same gjeld om ein reknar ut frå topp 10 % mest siterte publikasjonar. 15,2 % av publikasjonane ved UiB ligg i dette sjiktet. Topp 10-prosenten har halde seg stabilt, og er statistisk sett eit meir robust mål samanlikna med gjennomsnittet som lettare fluktuerer frå år til år, sidan han vert påverka av høge siterings- tal på enkelte arbeid.



**Figur 6.** Siteringsindeksar 2022 for UiB til publikasjonar gjevne ut mellom 2012 og 2020. Data inkluderer Haukeland universitetssjukehus. Datakjelde: Leiden Ranking (Web of Science).

## Oppsummering utviklingsmål 1

Verksemda til UiB er tufta på akademisk fridom, kritisk tenking og nysgjerrighetsdriven forskning. Difor er det vesentleg å nå måla om godt gjennomslag i ERC, FRIPRO og andre program som har forskingskvalitet som det viktigaste kriteriet for tildeling, og at forskinga ved UiB vert publisert i kanalar som treffer dei fremste forskingsmiljøa i verda innanfor fagfelta sine.

Innanfor EU-finansiert verksemd har UiB hatt ei god utvikling over tid, og held eit høgt nivå nasjonalt. Dette gjeld særleg for ERC, der det har vore ein auke både i talet på stipend og søknader. Prognosane for 2023 tyder på vidare framgang. Innanfor dei andre programma er resultatane meir blanda. Sjølv om det har vore vekst i søknader frå 2021 til 2022, er det merkbar nedgang samanlikna med dei siste åra i Horisont 2022-programmet (2018–2020), medan andre universitet (UiO/ NTNU) har ein auke i tildelingar i alle kategoriar.

Nedgangen gjeld både for Marie Skłodowska-Curie Actions (MSCA) og tematiske utlysingar (Societal Challenges/Global Challenges). Utviklinga innanfor desse programma er ikkje tilfredsstillande, og betring i resultatane er ei viktig prioritering. Målsetjinga er omtalt både i universitetet sin nye utviklingsavtale med KD og i universitetet sin strategi fram mot 2030.

Den rekneskapsførte aktiviteten finansiert av Forskningsrådet er auka det siste året. Årsaka er aktivitet i eksisterande prosjekt og senter, medan tilgangen på nye prosjekt i 2022 er sterkt prega av dei store kutta i Forskningsrådet. Konsekvensen er stor nedgang i både talet på nye prosjekt og verdien av prosjekta.

UiB skårar høgt på ulike siteringsindeksar i internasjonale rankingar. Indikatorrapporten 2022 syner at UiB er blant dei mest siterte UH-institusjonane i Noreg. Siteringsindeksen er likevel lågare i 2022 samanlikna med i 2021.

Dei tilsette på universitetet har høg publiseringsverksemd, prega av kvalitet og internasjonalt samarbeid.

### 3.4.2 Utviklingsmål 2. UiB skal ha ein internasjonalt leiande posisjon innanfor universitetet sine strategiske forskingsfelt marin, klima og energiomstilling og globale samfunnsutfordringar

Måla vurderast på gjennomføring av konkrete aktivitetar, samt måling på nøkkeltal på følgjande område:

- Auka finansiering innanfor universitetet sine strategiske forskingsfelt marin, klima og energiomstilling og globale samfunnsutfordringar, med særleg fokus på *Horisont 2020*, Forskingsrådet og andre eksterne kjelder.
- Auka tal på siteringar innanfor universitetet sine strategiske forskingsfelt marin, klima og energiomstilling og globale samfunnsutfordringar.
- Auka samfunnsrelevans og samfunnsbidrag, særleg knytt til berekraftmåla til SN.
- Vidareutvikling av studieprogram innanfor universitetet sine strategiske satsingsområde marin, klima og energiomstilling og globale samfunnsutfordringar.

Strategi for UiB 2016–2022 trekkjer fram tre satsingsområde: Marin vitskap, klima og energiomstilling og globale samfunnsutfordringar. Sistnemnde med særleg vekt på helse, ulikskap og migrasjon.

Som del av forarbeidet til ny strategi 2023–30 vart organisering, innretning og ressursbruk av dei tre tematiske satsingsområda gjennomgått. Gjennomgangen synte at fagmiljøa meinte at det framleis er grunnlag for slike satsingar, men at det er behov for justeringar når det gjeld organisering, innretning og bruk av type ressursar.

#### Marin vitskap

Marin vitskap ved UiB har røter tilbake til Bergen Museum på 1800-talet, og har vore eit satsingsområde sidan 1989. Internasjonalt ansvar for arbeid for berekraftmål 14, livet under vatn, illustrerer UiB sin posisjon globalt. Forskinga spenner frå molekyl til globale klimasystem og berekraftig forvaltning.

Mykje av arbeidet med marin forskning skjer innan regionale klynger og nasjonale og internasjonale samanslutningar. Ein casestudie av marin forskning ved UiB publisert i *Norsk Geografisk tidsskrift*, konkluderer med at «the university is highly embedded in both the marine innovation ecosystem and the knowledge ecosystem, but with linkages extended to interconnected business ecosystems.» (Taxt m. fl., 2022, <https://doi.org/10.1080/00291951.2022.2041718>).

I 2022 utgjorde marin-feltet 11 % av løyvingane frå Forskingsrådet som UiB hadde prosjektansvar for, og 39 % av samarbeidsprosjekta. NORCE er den største enkeltstående samarbeidspartnaren, med tre tildelingar i 2022. I alt vart UiB tildelt fem prosjekt som ansvarleg institusjon i 2022. Dette er ein betydeleg nedgang frå 2021, då UiB vart tildelt 18 prosjekt. Nedgangen heng mellom anna saman med nedskjeringar i Forskingsrådet. I tillegg var UiB partner i 15 tildelingar i 2022, den største delen av desse var forskarprosjekt.

Data frå Forskingsrådet tar ikkje omsyn til fordeling av middel til samarbeidsprosjekt. Det største samarbeidsprosjektet nasjonalt innan marin-feltet er det UiT-leia polarprogrammet Arven etter Nansen, som har gått sidan 2018. Her bidreg UiB med om lag like mykje til konsortiet som UiT (ca. 15 %), av den totale løyvinga på 360 mill. kroner, medan Norsk polarinstitutt og Havforskningsinstituttet har dei største delane.

EU-finansierte prosjekt utgjer ein mindre del av forskingsfinansieringa i universitets- og høgskulesektoren, men er strategisk viktig. På nasjonalt nivå har UiB henta mest EU-middel til forskning innan regjeringa sitt satsingsområde på hav, og nær heile porteføljen knyt seg til marin-feltet.

## Klima og energiomstilling

Satsingsområdet for Klima og energiomstilling har tradisjonelt vore retta mot klima, med røter i særleg sterke fagmiljø innan oseanografi (rangert som nr 14 i verda i ARWU/shanghai-rankinga), geovitskap og atmosfærevitskap (begge i gruppa 51–75 i same rangering) og geografi (75–100).

Forskinga er tverrfagleg og skjer i stor grad innanfor rammene av senter, klynger og samanslutningar med aktørar frå universitet, instituttsektor, næringsliv og offentleg sektor. Bjerknessenteret for klimaforskning er eit av dei største naturvitskaplege forskingssentra i Europa på klimafeltet, med over 200 forskarar frå over 30 land. Senteret drivast i partnerskap med NORCE, Nansensenteret for fjernmåling og Havforskningsinstituttet. Trond Mohn-stiftinga har vore ein stor bidragsytar til senteret. I 2022 har to forskarar knytte til forskingsmiljøet motteke ERC Proof of concept-stipend for å utvikle tidlegare ERC-finansiert forskning til nye produkt og tenester.

Energiomstilling vest vart etablert i 2019 som ei akademisk samanslutning mellom aktørar på Vestlandet, for forskning og innovasjon for berekraftig energiomstilling innan breie fagfelt. I 2022 vart deltakarane i samanslutninga tildelt middel til etablering av eit forskings-senter for miljøvenleg energi innan hydrogen: FME HYValue, leia av NORCE og i samarbeid med ei rekkje nasjonale og internasjonale partnarar.

Bergen Offshore Wind Centre (BOW) samlar UiB si satsing på havvind. Senteret har tre fokusområde: vindressursar, plassering av vindparkar og drift av vindparkar. I 2022 har senteret mellom anna fått tildelt middel frå ordninga for Kompetanse og samarbeidsprosjekt (KSP) frå Forskingsrådet for forskning på plassering av vindparkar.

UiB sitt satsingsområde på klima og energiomstilling er i stor grad samanfallande med satsinga på klima, miljø og miljøvenleg energi i regjeringa sin langtidsplan for forskning og utdanning.

UiB vart tildelt seks prosjekt innan satsingsområdet i 2022, og var partnar i ytterlegare ti prosjekt. Av desse var fire i samarbeid med NORCE, av desse FME-senteret HYValue og to kompetanse- og samarbeidsprosjekt. Utteljinga er vesentleg lågare enn i 2021, då UiB vart tildelt 22 prosjektløyvingar innan klima- og energiomstilling gjennom Forskingsrådet, i tillegg til 11 samarbeidsprosjekt. Nedgangen i tildelingar heng mellom anna saman med generelle nedskjeringar i Forskingsrådet og ekstraløyvingar til store prosjekt i 2021.

Oversikt over løyvingar i 2021 og 2022 syner likevel at totalbudsjettet for prosjekta der UiB er partner (som m.a. omfattar SFI ved havforskningsinstituttet og NORCE) er nær tre gongar så stort (631 mill. kroner) som UiB sine egne koordinatorprosjekt (203 mill. kroner) for 2021–2022 samla.

UiB tar ein stor del av løyvingane til sektoren innan EU-finansiert forskning på klima, miljø og miljøvenleg energi. Særleg gjeld dette delområdet klima, polar og miljø, der UiB har hatt den største porteføljen i sektoren den siste tiårsperioden.

## Globale samfunnsutfordringar

Satsingsområdet Globale samfunnsutfordringar tar utgangspunkt i utvikling og globaliseringsprosessar, og er delt i tre tema: helse, migrasjon og ulikskap. Satsinga byggjer på langvarig forskingsinnsats innan utviklingsforskning og samarbeid med det globale sør. Aktiviteten er forankra i berekraftsmåla til SN og overordna satsingsområde i EU. Innan området folkehelse rangerer UiB som nr 50 i verda i Shanghai-rankinga av akademiske disiplinar.

Satsinga gjev støtte til ei rekkje aktivitetar og senter ved UiB, mellom anna IMER Bergen (International migration and ethnic relations), pandemi-senteret som vart etablert i 2020 i samband med covid-19-pandemien, GRIP (Global Research Programme on Inequality) og samarbeidsrådet med Christian Michelsens institutt (CMI). CMI er òg partner i Bergen Global, ein møtearena for forskarar og studentar innan utviklingsforskning og globale utfordringar.

UiBs SFF innanfor global mødrehelse (CISMAC) er ein sentral del av satsinga, som i tillegg omfattar ei rekkje senter og fagmiljø ved dei fleste av fakulteta til UiB. I 2022 vart UiB tildelt ytterlegare eit SFF med relevans for feltet, Centre for Ethics and Priority Setting in Health, leia av Institutt for global helse og samfunnsmedisin. Fagmiljøet har tidlegare motteke støtte frå Gates Foundation for forskingssatsinga.

I motsetnad til dei andre satsingsområda overlappar dette området ikkje like direkte med dei nasjonale satsingsområda i regjeringa sin langtidsplan. Eit assosiert felt er likevel langtidsplanen si delsatsing på global utvikling, ulikskap og demokratibygging. Her fører Forskningsrådet prosjekt innan ei rekkje fagfelt, frå forskning på vaksineprogram, global helse og utviklingsforskning.

I perioden 2017–2022 vart UiB tildelt forskingsrådsprosjekt for rundt 270 mill. kroner innanfor fagområdet. CMI, som er partner i delar av satsingsområdet, er den tredje største aktøren nasjonalt etter UiO og Institutt for fredsforskning.

I 2022 fekk UiB tilslag på fem forskingsrådsfinansierte prosjekt innanfor feltet, inkludert SFF-tildelinga som nemnd over, samt to kompetanse- og samarbeidsprosjekt. Her er talet på prosjekt der UiB har partnarrolle lågare enn for satsingsområda marin og klima/energiomstilling. Sjølv om UiB har eit samarbeid med CMI gjennom satsingsområdet, er det ikkje registrert partnarprosjekt i samarbeid med instituttet dei siste to åra.

For satsingsområdet Globale samfunnsutfordringar er talet på prosjekt lågare i 2022 enn i 2021, og det er ikkje løyvd middel til forskarprosjekt innan området i 2022.



I 2022 har UiB etablert rutinar og strukturar for forvaltning av til saman 14 NORHED II-prosjekt med ei samla løyving på 290 mill. Å skape eit godt samarbeid med partnerinstitusjonar i sør, Norad og andre norske institusjonar med NORHED-prosjekt har hatt prioritet dette året. Samarbeidet med Makerere University i Uganda er strategisk viktig for UiB. Eit viktig resultat av dette samarbeidet i 2022 er ph.d.-kurset Food and Water Security in a Changing World innanfor ein felles forskarskule, Makerere-Bergen Research School, etter modell av Bergen Summer Research School. Denne arrangerast 28. november–9. desember 2022.

I 2022 har UiB saman med CMI, University of Khartoum og 7 regionale universitet i Sudan fått tildelt eit 4-årig tverrvitskapleg prosjekt som finansierast via Den norske ambassaden i Khartoum. UiB-forskarar leiar forskingsgrupper som skal fokusere på klima og mattryggleik, samt migrasjon, grenseproblematikk og flyktningar. I tillegg er det arbeidd med digitalisering og formidling av Sudan-samlingane ved UiB. Ramma for prosjektet er på 32 mill. kroner.

## **Samfunnsrelevans og samfunnsbidrag, knytt spesielt til SN sine berekraftsmål**

UiB har sidan 2018 hatt eit særskilt ansvar for berekraftsmål 14, livet i havet, på vegner av United Nations Academic Impact og det globale universitetsnettverket International Association of Universities (IAU), som er samlokalisert med UNESCO i Paris. UiB koordinerte i 2022 eit offisielt sidearrangement på SN sin andre havkonferanse i Lisboa. Ein SN-rapport om universiteta si globale rolle for berekraft vart lagd fram under UNESCOs Verdskonferanse for høgre utdanning i Barcelona.

Målet er at UiB skal ha ei pådrivarrolle innan akademien for å auke kunnskapen om havet. I IAU leiar UiB ei eiga havklynge, bestående av ti av verdas leiande havforskningsuniversitet, som saman jobbar med felles planar for å transformere havutdanninga i meir berekraftig retning.

Berekraftsmål 17 understrekar det viktige ved samarbeid for å nå måla. UiB jobbar breitt saman med styresmakter, næringslivet, sivilsamfunnet, akademien og andre aktørar internasjonalt for å oppnå berekraftig utvikling. Gjennom året har UiB hatt kontakt med norske og utanlandske ambassadar, internasjonale nettverk og delteke på møte med politikkskappar. Dette gjerast for å få tydelegare innsikt i trendar og komande politikkkutforming med relevans for internasjonalt universitetssamarbeid, slik at UiB ligg i forkant av utviklinga, samstundes som vi kan vere ein viktig dialogpartner når politikk skal avgjerast. Eit større arbeid med å få til samarbeidsavtalar (MoU) med høgt rangerte forskings- og utdanningsinstitusjonar er sett i gang.

## **Klimarekneskap**

Når UiB tar ein leiande posisjon i det faglege arbeidet med berekraft nasjonalt, forpliktar det også med omsyn til korleis UiB skal utvikle seg som ein berekraftig organisasjon. Her har klimaarbeidet, gjennom prosjektet [Klimanøytralt UiB](#), vore eit prioritert område. UiB sitt arbeid for å redusere eigne klimautslepp er sentralt i dette arbeidet.

Klimarekneskapen gjev eit viktig oversiktsbilde over klimagassutsleppa, både direkte og indirekte, som verksemdene til universitetet fører med seg. Det er særleg merksemd på

byggjeprojekt og inventar ettersom det her er eit betydeleg potensial for utsleppsreduksjonar. Fokus på redusert energibruk er også viktige tiltak. Klimarekneskapen for 2022 syner at utsleppa vart reduserte med om lag 3.000 tCO<sub>2</sub>e frå 2020 til 2021.

I 2022 er det arbeidd med å installere til saman 10.000 solcellepanel på tak for å redusere energibruken. Frå tidlegare av er 2.000 installerte og i løpet av fire år skal alle vere på plass, totalt 12.000. Etablering av varmepumper i Realfagbygget som utnyttar sjøvatn som går gjennom bygget, vil gje ei årleg innsparing på 6,5 GWh.

Prosjektet *Grøne bygg* i 2023 fokuserer særleg på redusert energibruk i åra framover.

Oppfølging av universitetet sin reisepolicy har høg prioritet for å sikre eit moderat reisevolum. Det vert fokusert på tiltak for å redusere innkjøp generelt, til dømes ved å leggje til rette for gjenbruk, auka produktlevetid og meir rasjonell bruk av tilgjengelege ressursar. Val av produkt som er mindre utslippsintensive skal prioriterast.

Ein føresetnad for å lukkast er at både tilsette og studentar i større grad vertblir engasjerte i arbeidet. Sentrale verkemiddel er tiltak for energisparing, retningslinjer for innkjøp, sykkelsatsing, samt arbeidet som gjerast av universitetet sine «berekraftspilotar».

## **Vidareutvikling av studieprogram innanfor universitetet sine strategiske satsingsområde marin, klima og energiomstilling og globale samfunnsutfordringar**

Innanfor universitetet sine strategiske forskingsområde er det utvikla fleire nye studieprogram dei siste åra. Innanfor satsingsområda marin og klima og energiomstilling er det mellom anna etablert fleire sivilingeniørprogram. Innanfor globale samfunnsutfordringar er det etablert eit nytt program innanfor helse: Masters Programme in Global Health.

Satsingsområda til UiB femnar om mange av studieprogramma, og dei fleste av fakulteta. Kvalitetssikringssystemet syter for at både program og emne evaluerast jamleg. Fleire av programma er vidareutvikla dei siste åra. Det er mellom anna etablert fleire nye sivilingeniørprogram innanfor marin og klima og energiomstilling, og eit nytt mastergradsprogram innanfor global helse.

Innanfor berekraft er det oppretta ein serie emne på alle nivå, frå bachelor til ph.d. I 2022 har nærare 600 studentar gjennomført slike emne.

For første gong vart det tverrfaglege semesteremnet «SDG200: Hav, klima, samfunn» gjennomført i 2022. Emnet vart undervist om bord på Statsraad Lehmkuhl medan skipet segla over Stillehavet frå Valparaíso i aust til Palau i vest. 89 studentar frå 12 land og 17 utdanningsinstitusjonar deltok i det engelskspråklege emnet som gav 30 ECTS. Emnet fokuserte på berekraft knytt til havet, klimaet og samfunnslivet spesielt i Stillehavet, som reknast som frontlinja i klimaendringane. Gjennom forskingsprosjekta *Island Lives*, *Ocean States* og *Climate Narratives*, begge finansierte av Forskningsrådet, vart SDG200 i tillegg knytt til pågåande forskning i regionen.

## Oppsummering utviklingsmål 2

Universitet sine strategiske satsingar er baserte på langvarig forskingsinnsats og med bidrag frå ulike fagtradisjonar knytte til tematiske område med stor samfunnsrelevans. Oversikter syner også at satsingsområda utgjør ein omfattande del av UiB sine ressursar og at UiB er ein stor nasjonal aktør, både i form av eksternt finansierte prosjekt og publisering.

UiB jobbar breitt saman med styresmakter, næringslivet, sivilsamfunnet, academia og andre aktørar internasjonalt for å oppnå berekraftig utvikling. UiB har også eit særskilt ansvar for berekraftmål 14, livet i havet, på vegner av United Nations Academic Impact og det globale universitetsnettverket International Association of Universities (IAU). I 2022 er eit større arbeid med å få til samarbeidsavtalar (MoU) med høgt rangerte forskings- og utdanningsinstitusjonar sett i gang.

Satsingsområda til UiB femnar om mange av studieprogramma, og dei fleste av fakulteta. I løpet av avtaleperioden er det etablert fleire nye program og studieemne innanfor satsingsområda. Innanfor berekraft er det til dømes oppretta ein serie emne på alle nivå, frå bachelor til ph.d. I 2022 har nærare 600 studentar gjennomført slike emne.

### 3.4.3 Utviklingsmål 3. UiB skal styrke utdanningskvaliteten

Måla vurderast på gjennomføring av konkrete aktivitetar, samt måling på nøkkeltal:

- Delen kandidatar med utvekslingsopphald som del av graden sin
- Auke gjennomstrøyminga i studieprogramma
- UiB skal auke deltakinga og utteljinga si i nasjonale konkurransearenaar for studiekvalitet
- Auke i talet på uteksaminerte kandidatar i lektorutdanningane
- Styrking av samarbeid om lærar/lektorutdanning på Vestlandet ved å:
  - Tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse
  - Samarbeid om opplæring av praksisrettleiarar
  - Samarbeid om forskning og utviklingsarbeid (FoU) og vidareutdanningstilbod

#### Delen kandidatar med utvekslingsopphald som del av graden sin

Under styringsparametrane er veksten i utveksling innanfor Erasmus-programmet kommentert. Tilsvarande har det vore ein stor nedgang i bruken av bilaterale avtalar utanfor Europa. Dette er ikkje unikt for UiB, for universiteta samla sto Erasmus+ for 74 % av all utreisande utveksling våren 2022. Om dette vurderast opp mot det siste «normalåret» (2019), var Erasmus+ delen berre 42 %.

I 2021 og 2022 deltok 14 studieprogram ved UiB med låge utvekslingstal i ein pilot for å auke studentmobiliteten. På bakgrunn av pilotprosjektet vart det utarbeidd ein kursmodul om studentmobilitet i det interne opplæringsprogrammet for nye studiekonsulentar (KUSK). Kursmodulen vert tilbydd for første gang våren 2023.

Digitalisering har vore på agendaen i Erasmus-programmet i 2022, og det er eit krav frå EU-kommisjonen til deltakande institusjonar om å kople seg på Erasmus Without Papers (EWP). UiB deltok i 2022 i eit prosjekt i regi av BOTT-samarbeidet om innkjøp av eit tredjepartssystem for studentutveksling. Implementering av systemet og integrasjonar mot FS er ein føresetnad for at UiB skal lukkast med digitaliseringa av studentmobilitet.

Som venta er talet for studentar som har tatt utveksling som del av graden sin eller i løpet av studietida lågare i 2022 enn før pandemien. Tala syner ein framgang frå 2021, og dei langsiktige måla om at fleire studentar skal ha eit utvekslingsopphald som del av graden står ved lag.

**Tabell 14. Prosentdel kandidatar med utvekslingsopphald**

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Utveksling som del av graden	21	20	19	20	10	13
Utveksling i løpet av studietida	27	25	25	26	15	18

## Auka gjennomstrøyming i studieprogramma

Under pandemien opplevde UiB at gjennomføringa blant bachelorstudentane auka samstundes som fråfallet vart redusert, og for kulla som starta hausten 2020 var fråfallet etter første studieår for første gong nede i 30 %.

**Tabell 15. Semestervis fråfall i bachelorutdanningane (B3), kull 2013–2021. Kjelde: STAR**

Semester	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1	2 %	2 %	2 %	1 %	2 %	1 %	1 %	1 %	1 %
2	18 %	14 %	14 %	13 %	13 %	15 %	13 %	11 %	12 %
3	37 %	36 %	35 %	35 %	33 %	35 %	30 %	30 %	32 %
4	41 %	41 %	39 %	39 %	36 %	38 %	34 %	33 %	
5	49 %	47 %	45 %	45 %	43 %	43 %	39 %	40 %	
6	51 %	47 %	46 %	46 %	43 %	43 %	40 %		

For bachelorprogramma har ei utfordring vore at inntil ein tredjedel av studentane sluttar i løpet av det første året. Difor har det dei siste åra vore eit stadig sterkare fokus på førsteårsopplevinga, det vil seie kva det har å seie at studentane får ein god start på studietida. Sentralt her er at studentane opplever både fagleg og sosial integrering, og at dei held på motivasjonen inn i studiet. Gjennom heile pandemiperioden har det difor vore arbeid med å leggje til rette for at studentar skulle kunne delta i undervisning på campus, og at bibliotek og lesesalar skulle vere tilgjengelege så langt det var mogleg.



Ved studiestart hausten 2022 var over 200 mentorar involverte i velkomstveka. Mentorordninga er ei viktig oppgåve for å sikre at nye studentar finn seg til rette. Ordninga gjer at nye studentar jamleg har kontakt med ein fagleg tilsett eller erfaren student, kan ta opp spørsmål som handlar om studentkvardagen og få råd og støtte som gjer det enklare å vere student. Alle fakulteta tilbyr no slike ordningar.

Til semesterstart 2022 vart det også lansert ei ny teneste, UiB-treet, som gav nye studentar ei tilpassa sjekkliste for dei praktiske gjeremåla dei måtte gjennom, i tillegg til ein vegvisar til tenester og informasjon.

Det er òg eit auka fokus på mangfald i utdanningane, der det er viktig at alle får moglegheit til å delta. Våren 2022 vart *UiB Universell* lansert. Dette er ei teneste som skal arbeide for eit læringsmiljø der alle studentar føler seg velkomne, og kan delta på ein fullverdig måte i studiar og livet på universitetet. Det vert arbeidd saman med partnarar som UPED, Sammen Bergen, NAV og HK-dir/Universell langs ei rekkje aspekt som tilrettelegging, utlån av hjelpemiddel, kompetanseheving av tilsette og universell utforming av hjelpemiddel. Det vert òg tilbydd personleg studieassistent til studentar med ulike tilretteleggingsbehov, og som ikkje får tilbod om dette gjennom NAV. Dette er ein fast kontaktperson som kan hjelpe med strukturering og organisering av studiearbeid, verte ein samtalepartnar og hjelpe med oppfølging.

## **UiB skal auke deltaking og utteljing i nasjonale konkurransearenaar for studiekvalitet**

UiB sende tre søknader til Senter for framifrå utdanning (SFU), men ingen av desse gjekk vidare til finalerunden.

HK-dir. lyste våren 2022 ut ein ny runde med tilskotsordningar for å styrkje tilgangen på fleksibel og desentralisert utdanning. I 2021 fekk UiB støtte frå fire program, med til saman 18,6 mill. kroner. I tilskotsrunden i år vart søknadene i stor grad rangerte utifrå studiestaden sin sentralitetsindeks, SSB sine mål for sentralisert basert på nærleik til arbeidsplassar og servicefunksjonar. UiB la ikkje opp til ei desentralisert satsing i form av til dømes studiesenter, men la vekt på digitale utdanningar som skulle verte tilgjengelege i heile landet. Totalt sende UiB sju søknader, men ingen av desse vart innvilga.

Det har ikkje vore utlysingar i program for studentaktiv læring eller auka arbeidsrelevans i høgare utdanning.

## Auke talet på uteksaminerte kandidatar i lektorutdanningane

Tabell 16. Tal på ferdige kandidatar i lektorutdanningar (femårige program)

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Utveksling som del av graden	34	52	48	55	80	93

Opptaksrammene i lektorutdanninga til universitetet er auka frå 106 i 2016 til 191 i 2022. I takt med aukande studenttal, aukar òg talet på uteksaminerte kandidatar.

UiB har som ambisjon å verte leiande i landet på lektorutdanning. Redesign av studieløpet i lektorutdanninga har vore eit prioritert arbeid i 2022. Eit tydelegare partnerskap med skuleeigar og praksisskulane skal styrkje praksisopplæringa, og oppretting av lektorsenteret og ein ny styringsstruktur skal gje betre koordinering mellom dei ulike bidragsytarane.

Lektorsenteret har i 2022 reetablert faste dialogmøte mellom UiB og skuleeigarane om samarbeidet om praksisopplæring og partnerskap i vidare forstand gjennom tilskotsordningane for *Desentralisert kompetanseutvikling* og *Kompetanseløftet*. I løpet av 2023 skal UiB inngå nye partnerskuleavtalar med praksisskulane sine.

Matriseorganiseringa av lektorutdanninga ved UiB gjev faglege fordelar, men også nokre organisatoriske og faglege utfordringar. NOKUT si evaluering av lektorutdanningane trinn 8–13 peikar på eit behov for å gjere tydeleg avgjerdsstyresmakt og koordinering mellom fakulteta. Nye mandat for styringsorgana skal i tillegg gjere tydeleg ansvar for programleiing og heilskapleg lektorutdanning. Målet er at skipinga av ny styringsstruktur og etablering av eit koordinerande senter skal vidareutvikle kvaliteten i lektorutdanninga.

Nærare 200 studentar vart råka av lærarstreiken hausten 2022 då dei skulle ut i praksis. Dette var ein svært krevjande situasjon både for studentane og UiB, men lét seg handtere på ein god måte ved at praksisadministrasjon, fagleg leiing og ansvaret for å koordinere matrisestrukturen var tydeleg plassert ved lektorsenteret.

Lektorsenteret har òg ansvar for koordinering og drift av *Tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i skule og barnehage* (Kompetanseløftet og Dekomp) ved UiB og samarbeider med fakulteta/fagmiljøa om dette arbeidet. I 2022 har UiB samarbeidd med til saman 16 skular i fire kompetanseregionar: Bergen kommune, Øygarden kommune, Vestland fylke og nettverk for private vidaregåande skular. UiB er òg samarbeidspartnar med Vestland fylke i Kompetanseløftet, som handlar om spesialpedagogikk og inkludering. Tilsette frå alle fakulteta som er involverte i lektorutdanninga deltek i dei pågåande prosjekta. UiB fekk i 2022 til saman 4,5 mill. kroner gjennom tilskotsordninga.

### **Styrking av samarbeid om lærar-/lektorutdanning på Vestlandet**

UiB og Høgskulen på Vestlandet (HVL) har etter tidlegare dialog og samarbeidsmøte konkludert med at oppbygginga av lektorutdanningane gjer det komplisert å utveksle fag mellom institusjonane. Ei slik utveksling i integrerte studieløp krev koordinering av emne og timeplanar, og vert ikkje rekna som mogleg å gjennomføre per no.

### Oppsummering utviklingsmål 3

I 2022 har studentmobiliteten tatt seg tilbake til normalen. Interessa for utveksling har vore stor, og søkjartala høgare enn nokon gong. Talet på gjennomførte utvekslingsopphald for eigne studentar er på det høgste som er målt, med til saman 820 studentar. Delen studentar med utveksling som del av graden sin er likevel lågare enn før pandemien. Årsaka er at kandidatane som vart uteksaminerte i 2022 ikkje har fått høve til slik utveksling grunna pandemien. Auken i talet på utvekslingsstudentar i 2022 tyder likevel på ein auka i denne måleparameteren i åra framover.

Gjennomstrøyminga har hatt ei god utvikling dei siste åra, både i bachelor og masterprogramma. I takt med auka studenttal veks òg talet på kandidatar i lektorutdanningane.

Etter ei sær sars god utteljing i 2021 fekk UiB ingen prosjekt innvilga gjennom tilskotsordningane til HK-dir. i 2022. Årsaka ligg i at søknadene i stor grad vart rangerte utifrå studiestaden sin sentralitetsindeks, SSB sine mål for sentralisert basert på nærleik til arbeidsplassar og servicefunksjonar. UiB la ikkje opp til ei desentralisert satsing i form av f.eks. studiesenter, men la vekt på digitale utdanningar som skulle verte tilgjengelege i heile landet.

Samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet (HVL) har ikkje gjeve forventat resultat. Oppbygginga av lektorutdanningane gjer det komplisert å utveksle fag mellom institusjonane, og vurderast ikkje som mogleg å gjennomføre per 2022.

### 3.4.4. Utviklingsmål 4. UiB skal verte ein pådrivar for innovasjon, næringsutvikling og omstilling i offentleg sektor

Måla vurderast på gjennomføring av konkrete aktivitetar, samt måling på nøkkeltal:

- Innan 2030 skal følgjande klynger vere i etableringsfase, Alrek Helseklynge, marine klynga, mellomalder, klimaklynga og energiomstillingsklynga
- Auke innovasjon og tilrettelegging for entreprenørskap innan alle UiB sine fagområde gjennom å styrke kultur, utdanning og prosessar som bidreg til å ta forskingsresultat i bruk
- Auke etter- og vidareutdanningstilbodet

### Klynger

Etter at rehabiliteringa av Jahnebakken 3/Allégaten 70 vart ferdig i 2021, er alle kunnskapsklyngene no i driftsfase.

### Innovasjon

To UiB-prosjekt har fått finansiering gjennom ERC Proof of Concept. Av 120 søknader fekk 55 finansiering, og UiB-prosjekta var dei einaste norske. Noel Keenlyside vil med prosjektet TOSCP – Towards Operational Supermodel Climate Prediction lage ein modell for klimavarsling som vil varsle eitt år fram i tid. Harald Sodemann jobbar gjennom prosjektet VISOR - Versatile water vapour isotope calibration device for laboratory and field use, som analy-

serer isotopane i molekyla i vassdamp, slik at ein kan finne ut kvar regn og snø fordampar frå havet.

The Bergen 4-Day Treatment ved Bjarne Hansen og Gerd Kvale fekk Forskringsrådets innovasjonspris for 2022. Prosjektet er eit glitrande døme på at ein kan få til ikkje-kommersiell tenesteinnovasjon i verdsklasse med godt samarbeid mellom universitet og helseføretak.

Norwegian Centre for Hydrogen Research (HyValue) vart opna i oktober 2022 etter tildeiling som forskingssenter for miljøvenleg energi (FME). HyValue skal løyse utfordringane ved hydrogen som ei løysing for eit klimanøytralt samfunn i framtida gjennom nye metodar for produksjon, auka kunnskap om risikovurdering, nye metodikkar for å analysere samfunnsmessig forankring, og ei heilskapleg tilnærming til både tekniske løysingar, økonomiske insentiv, regelverk og samfunns- og miljøpåverknad og risiko. Senteret er leia av NORCE, og UiB spelar ei særleg viktig rolle i tre av seks arbeidsområde: Trygg hydrogen, banebrytande produksjon av grøn ammoniakk, og juridiske tema knytte til hydrogen.

UiB koordinerer også to senter for framifrå innovasjon (SFI), som er oppretta i løpet av utviklingsavtalen: MediaFutures og Smart Ocean. I tillegg er UiB partner i fire andre SFI-ar: CRIMAC - Centre for research-based innovation in marine acoustic abundance estimation and backscatter classification, Centre for research-based innovation on Mobile Mental Health, Climate Futures og DigiWells: Digital Well Center for Value Creation, Competitiveness and Minimum Environmental Footprint.

Gode idear oppstår gjerne når personar møtest og diskuterer ulike problem og løysingar. Difor gjekk pandemien kraftig ut over innovasjonsarbeidet ved universitetet, slik nedgangen i innmelde idear i 2021 viste. Då er det gledeleg at aktiviteten no er tilbake på eit høgt nivå.

Arbeidet med studentinnovasjon er styrkt i 2022, og slutten av pandemien har igjen gjort det mogleg å arrangere fysiske samlingar, slik som innovasjonskonferansen Change i mars 2022. Arrangement samla over 200 studentar frå UiB, Høgskulen på Vestlandet og Norges handelshøyskole, og det vart mellom anna arrangert Innovasjon Grand Prix blant ulike studentprosjekt, med konkurranse og utdeling av 50.000,- kroner til vinnaren.

Det er òg gledeleg at selskapet Pure Lobster fekk ei finansiering på 900.000,- kroner til å gå vidare med forretningsideen om landbasert oppdrett av ein australsk ferskvasskreps, basert på varme frå norsk prosessindustri. Pure Lobster er starta av UiB-studentar frå ulike fag som biologi og juss, samt ein student frå NHH.

Verifikasjonsprogrammet *UiB idé* har fått ei rekkje gode søknader frå ulike studentprosjekt, og er i år supplert med ordninga *UiB tidleg idé*, der studentar gjennom heile året kan få råd og finansiering til prosjekt som oppstår som eit resultat av deltaking i innovasjonsretta studieemne eller andre aktivitetar.

I 2022 er det utarbeidd ei nettbasert innovasjonshandbok som mellom anna definerer ulike former for forskingsdriven innovasjon i organisasjonen. Handboka gjev tilsette hjelp til å finne framgangsmåtar og skaffe støtte når dei får innovative idear, og gjev ei oversikt over nøkkelkomponentar som rettsvern for åndsverk, forretningsmodellar, finansieringsstrate-

giar med vidare. Handboka er eit levande dokument som vert testa ut på ulike grupper, og utvikla vidare. Ho er fritt tilgjengeleg innanfor nettverket til UiB: <https://www.uib.no/en/innovation/152430/innovation-handbook>

UiB har eit trettital studieemne som er relevante for innovasjon og entreprenørskap, fordelte på alle fakulteta. Ein mindre del av desse er direkte retta inn mot temaet, slik som emnet Innovasjon og entreprenørskap ved Det medisinske fakultetet, og Berekraftig innovasjon ved Det samfunnsvitskapelege fakultetet.

## Søknadsaktivitet og tildelingar i nasjonale og internasjonale innovasjonsprogram

Tabell 17. Tildelingar i nasjonale og internasjonale innovasjonsprogram

	2019			2020			2021			2022		
	Søknader		Tildelingar	Søknader		Tildelingar	Søknader		Tildelingar	Søknader		Tildelingar
	Prosjekt	Beløp		Prosjekt	Beløp		Prosjekt	Beløp		Prosjekt	Beløp	
<b>Andre</b>	<b>48</b>	<b>27</b>	<b>213 165</b>	<b>80</b>	<b>33</b>	<b>723 286</b>	<b>91</b>	<b>29</b>	<b>554 171</b>	<b>53</b>	<b>13</b>	<b>205 182</b>
Forskningsenter	5	1	25 000	6	5	566 798	6	4	320 000	1	1	120 000
Innovasjonsprosjekt	31	18	126 154	28	13	35 518	31	15	103 746	17	4	13 800
Kommersialiseringprosjekt	5	4	13 384	9	4	2 500	5	4	6 428	5	2	10 000
Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	7	4	48 626	37	11	118 471	49	6	123 996	30	6	70 382
<b>UiB</b>	<b>18</b>	<b>4</b>	<b>28 097</b>	<b>35</b>	<b>15</b>	<b>259 442</b>	<b>23</b>	<b>8</b>	<b>104 998</b>	<b>21</b>	<b>6</b>	<b>74 454</b>
Forskningsenter	3			2	2	191 959	1					
Innovasjonsprosjekt	3			1								
Kommersialiseringprosjekt	4	2	8 499	2	1	8 000	2	1	500	2		
Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	8	2	19 597	30	12	59 482	20	7	104 498	19	6	74 454

I 2022 fekk UiB tilslag på seks koordinatorsøknader til forskingsrådsfinansierte utlysingar med relevans for innovasjonsfeltet. Alle tildelingane kom under utlysingar til kompetanse- og samarbeidsprosjekt, som utførast i samarbeid med partnerar i næringsliv og offentleg sektor. UiB har hatt godt gjennomslag for denne finansieringsordninga sidan ho vart innført i 2019. I tillegg er UiB partner i 13 tildelingar til andre aktørar i 2022.

Omfang av tildelingar varierer ein god del årleg, som kan ha samanheng med gjennomslag for søknader, men også på omfang og innretning i utlysingar. I 2022 var innvilga beløp til KSP-prosjekta høgare enn i 2020, trass i at berre halvparten så mange søknader vart innvilga.

Dei fleste kommersialisering- og innovasjonsprosjekt utførast som partner til aktørar i andre sektorar. VIS og NORCE er dei største enkeltstående samarbeidspartnerane, kvar med 12 finansierte prosjekt i perioden 2019–2022. 47 prosjekt er tildelte med partnerar i privat næringsliv.

Tildelingane gjennom VIS er i stor grad finansiering av kommersialiseringløp for idear baserte på forskning ved UiB, gjennom funksjonen som teknologioverføringskontor eigd av UiB. VIS fører oversyn over tal på idear frå forskingsmiljøa. Etter fleire år med låge tal, med ein særleg dropp under pandemiperioden, syner talet på søknader ein auke i 2022.

Det er ønskeleg å betre prosessane for kommersialisering av forskingsidear. Samstundes ligg UiB på eit relativt høgt gjennomslag nasjonalt for finansiering gjennom FORNY- og BIOTEK-programma i Forskingsrådet.



**Tabell 18. Aktivitet i VIS- prosjekt 2017–2022**

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Mottokne forretningsidear	52	78	36	39	16	48
Registrerte patentsøknadar	10	21	25	10	16	5
Inngåtte lisensavtalar	1	4	2	2	1	6
Nye føretaksetableringar	3	0	2	0	0	1

## Auke etter- og vidareutdanningstilbodet

UiB Vidare har etter re-organiseringa arbeidd systematisk med å utvikle nye vidareutdanningstilbod i samarbeid med fagmiljø, eksterne samarbeidspartnarar og eksterne finansieringskjelder.

Blant døma på nye program har UiB, i samarbeid med NHH, utvikla eit masterprogram i offentleg forvaltning som startar opp i 2023. Programmet er eit tilbod i Departementsakademiet, og er ei viktig satsing i strategien til regjeringa for departementsfelleskapet og kompetanseutvikling blant 4.500 tilsette i departementa.

Våren 2022 vart det oppretta ein ny erfaringsbasert master i operativ leiing og styremaktsutøving. Fagfeltet vert ofte kjenneteikna av eit komplisert situasjonsbilette, der plan møter røyndom. Avgjerder må treffast under tidspress og krev avvegingar mellom politiske, rettslege, organisatoriske og menneskelege faktorar. Leiing i ein slik kontekst krev samansett kompetanse. Studiet kombinerer difor forskning og kunnskap innan statsvitenskap, rettsvitenskap og psykologi. Kystvaktas kompetansesenter, Forsvarets høgskole og Sjøforsvarets utdannings- og kompetansesenter for maritim krigføring har bidrege i arbeidet med utviklinga av programmet, mellom anna med innspel til fagsamansetjing.

I 2022 vart òg det erfaringsbaserte masterprogrammet i kommunal leiing lyst ut for første gong. Programmet er ei skreddarsydd, tverrfagleg vidareutdanning for arbeidstakarar som er, eller ønskjer å bli, leiarar i kommunal sektor. I tillegg vart det oppretta og utvikla enkeltstående EVU-kurs, til dømes emna Samfunnsplanlegging og rolleforståing i komplekse plansituasjonar, som gjekk for første gong våren 2022.

Tala for 2022 syner auke både i talet på studentar, fagemne og omsetning. Ei oversikt er gjeven i tabell 19.

**Tabell 19. Aktivitet innanfor etter- og vidareutdanning**

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Inntekter (tal i 1000)	19 086	22 517	27 067	31 448	37 315	45 810
Studentar	1 678	1 792	1 746	2 109	3 422	3 104
Studentar (MOOC)	8 449	3 959	7 516	11 394	4 047	2 788
Studieemne	60	64	68	66	97	118

## Oppsummering utviklingsmål 4

Etter at rehabiliteringa av Jahnebakken 3/Allégaten 70 vart ferdig i 2021, er alle kunnskapsklyngene no i driftsfase.

UiB har oppnådd fleire gode resultat innanfor innovasjon i 2022. Mellom anna har UiB fått tildelt to prosjekt gjennom ERC Proof of Concept, og The Bergen 4-Day Treatment fekk Forskningsrådets innovasjonspris for 2022. I tillegg er eit nytt FME senter (Norwegian Centre for Hydrogen Research (HyValue)) opna.

I perioden for utviklingsavtalen er UiB innvilga to senter for framifrå innovasjon (SFI). UiB er i tillegg partner i fire andre SFI-ar.

Søknaden om eksterne middel frå EU og Forskningsrådets innovasjonsprogram er relativt låg og målsetjinga er at denne skal aukast. Gjennomslaget i Forskningsrådet sine KSP-søknader har vore tilfredsstillande.

Etter- og vidareutdanninga er betydeleg auka dei siste åra, både i talet på emne, studentar og omsetning.

## 3.5 Andre interne mål for verksemda

**UiB skal utdanne Noregs mest attraktive kandidatar. Innan 2022 skal 85 % av kandidatane ha relevant jobb to år etter fullført utdanning**

### *Delen kandidatar med relevant jobb*

Det er ikkje gjennomført nye kandidatundersøkingar i 2022, jf. omtale i kapittel 3.1.

Karrieresenteret si kandidatundersøking frå 2020 viste likevel at 84 % av kandidatane (bachelor-, master- og profesjonsnivå) hadde relevant jobb 2 år etter fullført utdanning.

Det er til grunn å merke seg at gradsnivå i stor grad påverkar høva for å få relevant arbeid i langt større grad enn fakultetstilhøyrse. Medan 69 % av bachelorkandidatane har relevant arbeid etter 2 år, gjeld det 93 % av masterkandidatane og 98 % av studentar med profesjonsutdanning.

### *Fulltidsekvivalente studentar per vitenskapleg tilsett*

Talet på eigenfinansierte studentar per vitenskapleg tilsett er noko lågare i 2022 enn i 2021. Årsaka ligg i ein nedgang på om lag fem % i talet på registrerte studentar, medan talet på tilsette har vore relativt stabilt. Etter- og vidareutdanningsstudentar utgjer ca. ein tredjedel av nedgangen, medan studentar på lågare grad (års- og bachelorstudia) utgjer det meste av det resterande. Talet er likevel det nest høgste sidan 2016.

I ei tid der det går mot fleire studentaktive undervisnings- og læringsformer er kapasiteten hos dei vitenskaplege det viktigaste verkemiddelet. Samstundes vil meir tid brukt på undervisning gå ut over tilgjengeleg forskningstid, og på den måten svekkje grunnlaget for god

studiekvalitet. Problemstillinga vert drøfta i samband med oppfølging av UiB Fram-prosjektet, sjå omtale under kapittel 3.1.4.

**Tabell 20. Fulltidsekvivalente studentar per vitenskapleg årsverk**

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
UiB	7,7	7,7	7,5	7,8	8,3	7,9
UiO	7,4	7,3	7,2	7,1	6,6	6,4
NTNU	8,8	8,6	8,4	8,4	8,5	8,3
UiT	8,0	7,9	7,5	7,6	7,7	7,4

## **UiB skal innan 2022 vere ein ettertrakta kompetanseinstitusjon som har styrkt sine langvarige relasjonar med styresmakter, næringsliv, kulturliv og samfunnsliv**

Universiteta si rolle som kunnskapsressurs er i aukande grad etterspurd frå nasjonale og internasjonale styresmakter og organisasjonar. Dette omfattar formidling, kunnskapsforvaltning og overføring gjennom aktiv samfunnsdeltaking og rådgjeving i komitear, utrekningar og utval. UiB sitt engasjement i berekraft er eit av fleire døme på korleis UiB kan utvikle rolla som vitenskaprådgjevar, jf. kap. 3.5.2.

Universitetet si satsing på innovasjon gjev høve til auka samarbeid med næringslivet, jf. omtale i kap. 3.4.4. Kunnskapsklyngene representerer ei unik ramme og eit viktig verkemiddel i universitetet sitt samarbeid med eksterne partnerar i forskingsinstitusjonar, næringsliv, forvaltning og kultur- og samfunnsliv.

Samarbeidet med aktørar innanfor helse- og utdanningssektoren – som Helse-Vest, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune er omfattande, og Alrek helseklynge og lektorutdanninga er viktige kontaktpunkt.

UH-nett Vest, er eit regionalt nettverk som skal bidra til å styrkje høgere utdanning og forskning på Vestlandet. Samarbeidet er mellom fire institusjonar: Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet og Høgskulen i Volda. NLA Høgskolen og VID vitenskapleg høgskole er assosierte medlemmer.

I starten av 2022 vart det avgjort at UiB ikkje ville ta del i Arqus-søknaden til perioden 2022–2024. I staden er det arbeidd med ein ny universitetsallianse, CHARM, der UiB vart medlem i starten av 2023.

UiB har i 2022 oppretta ein fagkomite for Institute of International Education sitt Scholar Rescue Fund (IIE-SRF) og Scholars at Risk (SAR). Komiteen har i 2022 vurdert potensielle kandidatar som kan få tilbod om SAR eller IIE-SRF-status ved UiB i 2023. UiB kan i 2023 tilsetje tre kandidatar for ein toårs-periode. Komiteen skal også kome med framlegg til samarbeid med andre organisasjonar som kan støtte opp om UiB sitt arbeid for akademisk fridom.

## UiB skal bidra i det offentlege ordskiftet og til den kunnskapsbaserte samfunnsutviklinga gjennom god formidling og dialog med omverda. Innan 2022 skal vi verte leiande i Noreg på digital formidling

Aukande konkurranse om både studentar og forskingsmiddel, nasjonalt og internasjonalt, krev auka satsing på profilering og synleggjering: av fag, forskingsresultata, læringsmiljø, studentlivet og kva UiB har å seie for samfunnet rundt seg. UiB skal vise samfunnsengasjement og ansvar gjennom aktiv dialog med omverda.

Amisjonane til universitetet er nedfelt i ein egen strategi for digitalisering. Planen skisserer ambisjonar innanfor følgjande område:

- Gjennomgåande digitalisert infrastruktur
- Brukarorienterte digitale tenester
- Det digitale universitet
- Det administrativt sjølvbetente universitet
- Kultur for endrings- og gjennomføringsevne

I 2022 er [UiB AI](#) etablert som eit viktig initiativ for å koordinere og synleggjere forskings-, utdannings- og innovasjonsaktivitet innanfor kunstig intelligens ved UiB. Etableringa legg og til rette for samarbeid og kontakt mellom fakulteta og med partnarar utanfor UiB. I november samla UiB AI omlag 200 deltakarar frå forskning, næringsliv, kulturliv og offentlig forvaltning på tvers av ulike sektorar til konferansen Intelligente Bergen – kraftsenter for kunstig intelligens. Gjennom året vart det i tillegg arrangert fire seminar om kunstig intelligens i tilknytning til ulike fagområde, tilpassa eit breitt publikum på tvers av UiB og omverda.

Tilrettelegging for digital forståing og grunnkompetanse blant studentane har vore eit innsatsområde i 2022. UiB tilbyr no, som første norske universitet, eit breitt utval av små og fleksible studieemne i digital forståing til studentar frå alle fagområde. Tilbodet omfattar emne som programmering, IKT-tryggleik, GDPR og personvern, kunstig intelligens og sambandet mellom data og demokrati.

Som breiddeuniversitet har UiB ein unik sjanse til å kombinere kunnskap på tvers av fagområde, og det var eit snitt på meir enn 200 søkjarar per emne. Tilbodet har vekt stor nasjonal interesse og blitt tatt godt imot av næringsliv og NHO, som viser til at halvparten av bedriftene har behov for meir IKT-kompetanse i tida framover.

Det samfunnsvitskapelege fakultet har òg utvikla ei eiga DATA-pakke, der studentane lærer å kombinere samfunnsvitskapelege og IKT-baserte metodar for å strukturere, handtere og visualisere store datasett, noko som er svært etterspurt både innanfor forskning og næringsliv. Vidare har Det matematisk-naturvitskapelege fakultet gjort innføring i programmering til eit obligatorisk emne i alle tre- og femårige program.

### ***Omfanget av populærvitenskapleg verksemd***

Kunnskapen ved UiB er til for å delast, enten det er med studentar, i media, gjennom deltaking i samfunnsdebatten, arrangement eller på andre arenaar.

I fleire av dei store hendingane som prega 2022, som krigen i Ukraina, energikrisa og den påfølgjande økonomiske uroa, har forskarar frå UiB vore etterspurde kjelder, og har bidrege med utdjupingar, fortolkingar og forklaringar på det som skjer. Forskarar frå heile breidda til universitetet har delteke på ulike formidlingsarenaar. Uventa hendingar understrekar kor viktig det er med den kunnskapsberedskapen UiB representerer.

Kunnskaps- og forskingsformidling er viktig i ei tid der mengda informasjon er enorm, og kjeldene og formidlingskanalane mange. Det kan vere krevjande å skilje ut kva som er påliteleg kunnskap og kva som ikkje er faktabasert. Det syner kor viktig det er med samfunnsoppdraget til universiteta knytt til kommunikasjon og formidling.

Forskarar og fagfolk frå UiB er jamleg å sjå og høyre i ulike medium og bidrar til å nå ut med kunnskap og deltaking i samfunnsdebatten. UiB jobbar aktivt for å dele kunnskap og forskingsfunn, og leggje til rette for at røyster frå UiB finn vegar ut i det offentlege ordskiftet. Gjennom sosiale medium og podkastar jobbast det aktivt med å formidle det som skjer ved UiB på ein engasjerande og lett tilgjengeleg måte til eit breitt publikum.

Samstundes får dei store formidlingsprosjekta mykje merksemd. UiB bidreg til dømes inn i ein ny Netflix-dokumentar om havet og det arktiske økosystemet, *Our Oceans*. Her vil UiB nå eit millionpublikum. UiB sitt bidrag til Store norske leksikon er eit anna døme. Heile 69 fagansvarlege og fagmedarbeidarar i leksikonet er knytte til UiB og har ansvar for 162 fagområde og 8.183 artiklar. Artiklane frå dei UiB-ansvarlege vart lesne 6,2 millionar gongar det siste året.

Gjennom ulike arrangement har UiB invitert til debatt og diskusjon. Det gjeld til dømes gjennom Berekraft-konferansen, Aarebrotforelesninga, Christiekonferansen og Innsikt-arrangementa. Hausten 2022 har UiB òg invitert til sektoraktuelle debattar i samarbeid med avisa Khrono.

UiB er den største bidragsytaren under Forskingsdagane i Bergen, og forskarane frå UiB når eit breitt publikum i løpet av i festivalperioden. Målet er å skape forståing og begeistring for forskning.

UiB si deltaking i jordomseglinga One Ocean Expedition har vore eit viktig omdøme- og kommunikasjonsprosjekt for Universitetet i Bergen. Gjennom studentane og prosjektet vårt Havambassadørane, som vart støtta av Sparebankstiftelsen med ein mill. kroner, fekk vi brei omtale i media over heile landet, og ikkje minst gjennom universitetet sine egne kanalar. Innhaldet studentane leverte frå skipet dei fire månadene seglasen varte, fekk om lag to millionar visningar på ulike kanalar.



UiB.no er UiB sin viktigaste kommunikasjonskanal med om lag 50 millionar visningar i løpet av 2022. Majoriteten av sidevisningane er studieinformasjon. Figur 7 syner dei mest trafikkerte områda. Studieinformasjon er markert med raudt.



Figur 7. Mest trafikkerte område 2022

### UiB på sosiale medium

Sosiale medium er ei avgjerande plattform når det gjeld å verte synleg. UiB er difor synleg på ei rekkje sosiale medium-plattformer. Facebook, Instagram og Twitter er per i dag dei viktigaste kanalane for UiB, og talet på følgjarar aukar stadig.

### Universitetet i Bergen skal ha rett kompetanse, godt samspel mellom faglege, administrative og teknisk tilsette og effektive arbeidsprosessar for å nå universitetet sine felles mål

Digitalisering og bruk av ny teknologi fremjar innovasjon i både forskning, utdanning, formidling, forvaltning og administrasjon. Arbeidet med digitalisering av universitetet sine ulike samlingar skal gjere samlingane betre tilgjengelege for fleire grupper i samfunnet.

Prosjekt *Digital Kompetanse* følgjer opp digitaliseringsstrategien til UiB. Her leggjast rammen for det vidare arbeidet med kompetanseutvikling og bruk av digitale arbeidsverktøy og prosessar, både for leiarar og medarbeidarar ved UiB. Det har elles vore arbeidd med intern kommunikasjon, bevisstgjerings, opplæring og erfaringsinnhenting som grunnlag for det vidare arbeidet med kompetanseheving og leiarutvikling innan digitalisering.

Samlinga av fellesadministrasjonen i eit felles bygg vert eit viktig verkemiddel for å utvikle ein heilskapleg administrasjon. Ambisjonen er at bygget skal representere eit nav i arbeidet med innovativ tenesteutvikling. Gjennom UiB Tenesteutvikling skal det òg realiserast

ei rekkje andre vinstar som vil frigjere ressursar til auka støtte til den faglege verksemda og gje eit betre grunnlag for å realisere universitetet sine ambisjonar i strategi og handlingsplanar. Viktige delar av UiB Tenesteutvikling er kompetanseheving, innføring av nye arbeidsmetodar og kulturbyggingsaktivitetar.

Eit eige Tenesteinnovasjonsprogram er utvikla for administrativt tilsette i heile organisasjonen. I programmet får deltakarane opplæring i Design Thinking-metodikk og arbeider med relevante problemstillingar for UiB. Programmet har òg tilbod om kompetanseheving gjennom ulike «pop-up»-verkstader, som er korte og spissa opplæringsverkstader i ny arbeidsmetodikk. I tillegg arrangerast ulike kurs innanfor Design Sprint og i brukarreisemetodikk.

I samarbeid med forskarar på NHH har programmet utvikla Start Smart, ein metode for effektiv oppstart i team og grupper. Forsking underbyggjer at grupper som investerer i slike metodar opplever mindre utfordringar i samarbeidet og ei meir effektiv gjennomføring. Start Smart-metodikken er brukt av mange titals grupper på UiB, etter kvart òg i forskargrupper og for studentar.

Samla har om lag 400 tilsette delteke på ulike kompetansehevingstiltak i regi av programmet. Dette bidreg til å endre administrasjonen sine tilnærmingar til problemløysing og prosjektgjennomføring, og ei rekkje prosjekt er realiserte basert på smidige utviklingsmetodar.

Programmet gjev òg støtte til utviklingsprosessar i den faglege verksemda gjennom mellom anna prosjektet UiB FRAMtid, som arbeider for å betre rammevilkåra for forskning på UiB.

Eit vellukka tiltak for kulturbygging har vore tilrettelegginga for jobbskygging, der tilsette følgjer ein kollega for få innblikk i kvarandre sine problemstillingar og fagfelt. Tiltaket har fått sær positiv evaluering og medverkar til å skape nettverk og betre kommunikasjon mellom ulike delar av administrasjonen.

### ***Utvikling i forholdstal mellom vitskapleg og administrative/tekniske stillingar***

Forholdstalet mellom vitskapleg tilsette og tilsette i teknisk/administrative stillingar har vore stabilt i perioden 2017–2022. Totalt er det om lag 1,6 vitskapleg årsverk per teknisk/administrative årsverk i 2022. Det er likevel forskjellar mellom fakulteta, der fakultetet med stort innslag av tekniske stillingar som MED, MN og PSYK har lågare forholdstal enn dei andre fakulteta.

Fleira pågåande prosjekt kan påverke forholdstalet i tida framover. Det gjeld UiB-fram, der rammevilkåra for forskning skal styrkast, men òg prosessen som er sett i verk for identifisere tiltak som skal betre arbeidskvardagen for undervisarar er venta å gje effekt. Innanfor felle-administrasjonen nyttar ein nullbasemetodikk for å gjennomgå korleis dei administrative ressursane nyttast.

Fellesadministrasjonen starta i 2022 eit metodisk arbeid med prinsippa for nullbasebudsjettering for å få ei meir detaljert oversikt over kostnader ved dei enkelte aktivitetar og å bryte ned budsjetta på ein slik måte at det vert mogleg å avstemme aktivitetar med kostnader og prioriteringar. Materialet vert ferdigstilt i løpet av våren 2023 og vil danne grunnlag for prioritering og dimensjonering av oppgåver og tenester. Arbeidet vert òg sett i samanheng med fakulteta sitt arbeid med å innrette sine administrative tenester slik at prioritering og finansiering av oppgåver skjer innanfor tenkinga om ein heilskapleg administrasjon. Inntil ferdigstilling vert berre annakvar stilling som vert ledig i fellesadministrasjonen erstatta.

Gjeve universitetet sine strategiar og målsetjingar om auka handlingsrom for fagleg aktivitet, skal utviklinga i forholdstala følgjast med ein ambisjon om ein auke på institusjonsnivå.

*Tabell 21. Forholdstal mellom vitenskapleg og teknisk/ administrativt personale*

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
SUM	1,5	1,6	1,6	1,6	1,5	1,6





DEL 1

# 4. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

---



## 4.1 Overordna vurdering av internkontroll

UiB har gjennomgåande stor merksemd på å etablere system og å gjennomføre nødvendige aktivitetar slik at krava til styring og kontroll, slik desse framkjem av Økonomireglementet § 4 og § 14 og Føresegnene punkt 2.5 om Intern kontroll, oppfyllest. Den overordna vurderinga er at UiB har god styring og kontroll med verksemdene.

### Internkontroll

Internkontroll er eit linjeansvar, og UiB er underlagt krav om internkontroll på ulike område. Det gjennomførast årlege aktivitetar innanfor fleire internkontrollregime ved UiB. Nokre av desse har lang historie; Systematisk HMS-oppfølging og Styringssystem for informasjonstryggleik og internkontroll.

Internrevisjon-aktivitetar har som føremål å kontrollere at internkontrollen som gjennomførast er tilfredsstillande, og resultatata av dette skal rapporterast til styret. I 2022 vart det gjennomført følgjande internrevisjonsprosjekt:

- Heilskapleg og integrert styring og internkontroll
- Moglegheitsvurderingar informasjonstryggleik og GDPR

#### *Heilskapleg og integrert styring og internkontroll*

Universitetet har mange internkontrollsystem og -strukturar, og etter innbrotet på Universitetsmuseet vart det sett i verk eit arbeid med å utvikle ein meir heilskapleg internkontroll basert på organisasjonen si vurdering av risiko.

Rapporten frå internrevisjonen i 2022 syner at det systematiske arbeidet som allereie er i gang på dette området, har gjeve resultat og at UiB har eit mognadsnivå på linje med mange offentlege organisasjonar. UiB har likevel som mål å vidareutvikle arbeidet innanfor fleire av dei dimensjonane rapporten evaluerer.

Å byggje ein systematisk, risikobasert internkontroll gjev grunnlag for utvikling av god styring med fokus på vesentlege tilhøve i verksemda. Koordinering av dei ulike internkontrollregima er viktig både for å heve kvaliteten på internkontrollarbeidet, men òg for å sikre at organisasjonen greier å handtere ulike krav som stillast til drifta. Rapporten gjev i så måte eit godt grunnlag for prioritering av det vidare arbeidet med internkontroll på UiB.

Eit naturleg første steg er å følgje tilrådingane i revisjonen om å etablere ei meir felles forståing av rammeverket rapporten byggjer på. Arbeidet med å gjennomgå Styresmaktskartet vil verte grunnleggjande for å bidra til auka mognadsnivå for fleire av dei åtte internkontrollelementa. Det setjast inn aktivitetar for å følgje opp rapporten, og ein grunnleggjande føresetnad er å få fastsett og forankra prinsippa og overordna føringar for internkontroll og risikostyring.

Strategi og retningslinjer for dette samt status for arbeidet med å gjennomgå styresmaktskartet og konkretisere internkontrollansvaret, vert lagt fram for Universitetsstyret i løpet av våren 2023.

### ***Moglegheitsvurderingar informasjonstryggleik og GDPR***

Dei siste åra har trusselsituasjonen innanfor informasjonstryggleik forverra seg, både generelt i samfunnet og for universitets- og høgskolesektoren spesielt. UiB opplever dette fortløpande som ein krevjande situasjon. Det har difor vore viktig å få gjennomført ein internrevisjon med vekt på informasjonstryggleik og GDPR som kan bidra til å gje retning på vidare arbeid og prioriteringar.

Føremålet med internrevisjonen var «å vurdere om UiB er tilstrekkelig sikret mot cybertrusselen gjennom å ha etablert tilstrekkelig grunnsikring, vurdere om de har etablert tilstrekkelige tiltak som gjør UiB i stand til å oppdage og håndtere uønskede hendelser» samt ei «vurdering av styring og kontroll med krav til personvern».

For å korrigere punkta som internrevisjonsrapporten peikte på, skal det setjast i verk nødvendige tiltak. I vurderinga av ei eventuell implementering arbeider UiB med å avklare den risikoen UiB som institusjon aksepterer i høve til mogleg tap av tilgang, integritet og konfidensialitet i forskning, studie og administrative data og system. Risikovurderinga vert ein del av arbeidet som skal gjerast i 2023.

UiB har i 2022 arbeidd med å styrkje informasjonstryggleiken og beredskap på brei basis. Det er gjennomført forbetringar og forsterkingar både knytte til vern og deteksjon, beredskap og handtering av hendingar, samt etterleving og kontroll. I tillegg er det starta opp arbeid på strukturelt nivå for å forbetre UiB si evne til å ta hand om informasjonstryggleiken for forskingssystem og forskingsdata.

Prosjekt sikre forskingssystem vart starta våren 2022 med sikte på å sørge for sikker drift og forvaltning med berekraftig kompetanse og kapasitet for IT-system og e-infrastruktur til forskning i dag, drifta og forvalta lokalt på institutt og i forskingsgrupper. Prosjektet er godt i gang med kartlegging og har rydda drift og forvaltning for ein del system. Prosjektet er treårig og vil fortsetje i 2023 og 2024.

Innanfor deteksjon og vern er det innført betre endepunktvern på arbeidsstasjonar, og NSM sitt Varslingsystem for digital infrastruktur er tatt i bruk mot UiB sin del av Norwegian Research and Education Cloud (NREC). UiB har òg innført løpande tryggingsskanning UiB sitt nettverk frå innsida for å avdekkje tryggingshol og andre systemtekniske svake sider. Dette er verdifullt då tryggingsskanninga i sektoren vert stoppa av brannmuren til UiB, og vi samstundes må ta høgde for meir avanserte og stegvise angrep.

UiB har i 2022 både gjennomført risikovurderingar innanfor informasjonstryggleik og cyberhendingar og informasjonstryggleik som del av heilskapleg internkontroll og ei overordna risikovurdering for verksemda til UiB. I tillegg er det gjennomført risikovurderingar for ei rekkje ulike system og i samband med prosjekt.

I forlenging av internrevisjonsrapport på informasjonstryggleik (sjå kapittel 4.1) gjennomførast det rundt årsskiftet 2022/2023 ei større sårbarheits- og risikovurdering, med identifisering av tiltak for 2023.

I 2022 vart det gjennomført ein gjennomgang og oppdatering av UiB sine beredskapsplanar knytte til informasjonstryggleik og cyberhendingar, som både gav ei generell oppdatering og forbetring, eit større spekter av tiltakskort og ei revitalisering og formalisering av UiB sine tekniske team (IRT-team) som del av beredskapsplanverket.

I november 2022 vart det gjennomført ei beredskapsøving med ekstern fasilitator. Øvinga omhandla både handtering av IT-tekniske innbrot, persondata på avvegar, utpressingsforsøk med vidare og hadde deltakarar både frå UiB si beredskapsleiing, og relevante avdelingar. UiB fekk gode tilbakemeldingar, og det er etablert lærings- og forbetringpunkt i arbeidet.

## 4.2 Effektivisering av konsulentbruk

I 2022 rekneskapsførte UiB 133 mill. kroner for bruk av konsulenttenester, mot 136 mill. kroner i 2021 og 167 mill. kroner i 2020.

Konsulentbruken inneheld både kostnader knytte til forskning (til dømes datakjøp, labtenester og datainnsamling i form av spørjeundersøkingar), pålagde oppgåver (til dømes knytte til DFØ og dei administrative støttetjenestene og planarbeid knytt til utvikling av bygningsmassen). I hovudsak brukast konsulenttenester når det er nødvendig med spisskompetanse som universitetet ikkje sjølv rår over.

Dei siste åra har UiB nedskalert konsulentbruken på leiar- og kompetanseutviklingstiltak. Dette har gjort seg gjeldande innanfor etablerte program som Administrativt mellomleiarprogram og Instituttleiarprogrammet, der ein har flytta seg frå eksterne til interne bidrag. Det same gjeld Tenesteinnovasjonsprogrammet, der ekstern konsulentbruk no er fasa ut. I det siste tilfellet var dette tydeleggjort allereie i anskaffinga at programgjennomføringa gradvis skulle overtakast av UiB. På denne måten sikrast bruk av opne kjelder og ein unngår utfordringar med intellektuelt eigarskap til leveransane. Nye tiltak, som til dømes gruppeleiarprogrammet og nytt konsept for opplæring i konflikthandtering er utvikla frå grunnen av med bruk av interne krefter.

I tida framover skal omfanget av konsulenttenester vurderast på nytt etter kvart som eksisterande avtalar går ut. I tillegg skal det gjerast ein meir teknisk gjennomgang for å klargjere skiljet mellom ulike konsulentkjøp og kjøp av ulike tenester.

## 4.3 Lærlingar

UiB rekrutterer i hovudsak lærlingar direkte frå vidaregåande opplæring etter fullført VG2. Hovuddelen av lærlingane er innanfor service- og administrasjonsfaget, IT-driftsfaget, samt byggdriftarfaget. UiB jobbar med å verte godkjent lærebedrift for Dyrefaget med Opplæringscenter for Naturbruk som opplæringskontor.

Per 1. desember 2022 har UiB til saman 15 lærlingar. Mellom desse er det lærlingar som har gått særskilde opplæringsløp, og som eventuelt har vore ute av skole og arbeidsliv i meir enn to år. UiB ønskjer å ta inn fleire frå denne målgruppa i tida framover.

Då året starta sette covid-19 framleis sitt preg på arbeidskvardagen og rammene for læring: Mykje heimekontor og få fysiske samlingar har vore negativt for fagleg utvikling, då ulike læreplanmål har vore vanskelege å gjennomføre. UiB har sett inn kompensierende tiltak som ekstra kurs i regi av HR.

Utover våren har alle vore meir fysisk på jobb, og det har vore fokus på å auke talet på samlingar for både lærlingar og fagansvarlege, saman og kvar for seg. Det har vore fokus på både faglege tema, samt det å skape eit kollegafelleskap på tvers av læreplassar og lærefag. Det har òg vorte utvikla nye interne opplæringsmapper etter fagfornyinga i opplæringsfaga.

Lærlingane oppfordrast til å reise på utveksling gjennom Erasmus+-programmet. I haust har vi hatt to lærlingar på utveksling; ein i Aberdeen og ein i München. Ein siste har måtta skyve på utvekslinga, og det vert arbeid for at ho skal få ei kortare utveksling på nyåret.

## 4.4 Forskingsetikk

Forskaren sin rett til sjølv å velje emne og metode for forskinga si er eit grunnleggjande prinsipp i universitets- og høgskolelova. Institusjonane skal fremje og verne om den akademiske fridomen. Forskarane skal utøve denne fridomen i samsvar med anerkjende vitenskaplege og etiske prinsipp, jf. uhl. § 1-5, og forskningsetikklova understrekar at forskingsinstitusjonar skal sikre at forskinga skjer etter anerkjende forskningsetiske normer.

Riksrevisjonen sin gjennomgang av universitets- og høgskolesektoren sitt arbeid med forskningsetikk frå 2021 peikte på at statlege forskingsinstitusjonar generelt ikkje gjer nok for å sikre at forskinga følgjer forskningsetikklova. I tillegg har Helsetilsynet gjennomført eit tilsyn i sektoren på institusjonane si etterleving av helseforskningslova, og personvernforordninga har òg ført til endra krav til korleis institusjonane organiserer og følgjer opp arbeidet med å ta hand om personvern i forskingsprosjekt.

Redelighetsutvalet ved UiB, som vart etablert i 2000, har som del av sitt mandat å bidra til å fremje god forskingsskikk og førebyggje uheiderleg framferd i forskning. Utvalet har peikt på behovet for å styrkje innsatsen for å spreie kunnskap om forskningsetikk og førebyggje uheiderleg framferd.

I 2022 har redelighetsutvalet leia arbeidet med å styrkje den forskningsetiske innsatsen ved UiB, inkludert oppfølging av læringspunkt frå Riksrevisjonen sin gjennomgang og tilsynsrapporten frå Helsetilsynet. Arbeidet har resultert i nye retningslinjer for behandling av saker om moglege brot på anerkjende forskningsetiske normer ved UiB. Det er utarbeidd ein plan for meir systematisk kompetanseheving for vitenskapleg tilsette.

Dei nye retningslinjene vart vedtekne av universitetsstyret i februar 2023.

## 4.5 Samfunnstryggleik og beredskap (SOB) og tryggleik etter tryggleikslova

VerksemdROS frå 2020 vart gjennomgått på ny i 2022, moglegheita for to scenario vurdert som vesentleg endra; Cyberangrep og Pandemi.

Forbetringspunkt til UiB om det skulle oppstå ein ny pandemi er kommunikasjon frå sentralt nivå til fakultet og institutt, då ei av tilbakemeldingane frå covid-19-evalueringa var tregheit i informasjonslinja. I tillegg skal einingane kartleggje driftssystem som kan påverkast ved stort fråvær, og risikovurdere funksjonar som er personavhengige og kritiske ved høgt fråvær. Målet er at ein kan ha overlappende kompetanse for slike roller.

Når det gjelder cyberangrep har 2-faktor-autentisering vore eit kraftfullt enkelttiltak, men det er behov for meir informasjon og opplæring av studentar og tilsette.

Hausten 2023 skal det gjennomførast ny VirksomhetsROS for UiB, scenarioa som skal analyserast vil veljast ut basert på Analyser av krisescenario frå DSB, ROS-analyse for kunnskapssektoren og Bergen kommune, og lokale tilhøve ved UiB.

UiB reviderte sist sitt krise- og beredskapsplanverk i 2018, men det er i løpet av hausten 2022 sett i gang eit revisjonsarbeid som skal vurdere beredskapsplanverket i heilskap, samt organiseringa. Planverket omfattar rutinar for handtering av beredskapssituasjonar som varsling, ansvar/organisering, tiltakskort for funksjon og kritiske hendingar, øvingar og evaluering.

Det er gjennomført ei varslingsøving for sentral beredskapsleiing og to beredskapsøvingar for underliggjande einingar i 2022. Læringspunkt frå underliggjande einingar har i hovudsak vore utfordringar ved bruk av krisestøtteverktøy og behov for å sjå på forenklingar knytte til den lokale bruken av dette.

## 4.6 Handtering av covid-19- pandemien

Universitetet har konsekvent følgd nasjonale og lokale myndigheites tiltak og anbefalingar gjennom koronapandemien. Eit overordna mål har vore å sikre den faglege verksemda så gode rammer som mogleg innanfor gjeldande smitteverntiltak, og halde ein så open campus som mogleg. Det har vore stort fokus på å dempe ulemper i arbeidskvardagen til tilsette og studentar.


Handteringa av pandemien vart gjennomgått knytt til VerksemdROS arbeidet i 2022, sjå kapittel 4.5 ovanfor.



## 4.7 Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjengelegheit

UiB har enno utfordringar knytte til kjønnsbalanse i vitskaplege toppstillingar. Rekruttering av kvinner til professorstillingar og faglege leiarstillingar har difor vore eit viktig satsingsområde. Om lag 46 % av alle tilsette i undervisnings- og forskings- og formidlingsstillingar er i dag kvinner.

Figur 8 gjev ei oversikt over delen av kvinner på ulike karrieretrinn ved UiB dei siste åra.



Figur 8. Delen av kvinner på ulike karrieretrinn

Delen kvinner blant professorane er i 2022 på 35 %, mot 31 % i 2021. Kvinner utgjer 45 % blant førsteamanuensane ved UiB, dette er ein reduksjon på eitt prosentpoeng frå 2021. Delen kvinner i rekrutteringsstillingar er 51 % (52 % i 2021).

Delen kvinner blant studentane er stabil på rundt 60 %. Innanfor dei største profesjonsfaga er det framleis kvinnedominans, ein tendens ein finn ved alle universiteta. UiB innførte i 2019 kjønnspong ved opptak til psykologistudiet som eit tiltak for å rekruttere fleire mannlege studentar. Delen mannlege studentar er no 23 %, mot 21 % i 2021 og 19 % i 2019. Målsetjinga er at 30 % av studentane ved psykologistudiet skal vere menn.

I 2022 utgjorde kvinner 73 % (same del som i 2021) av den teknisk/administrative staben på UiB. I administrative leiarstillingar har UiB 61 % kvinner (62 % i 2021). Innan fagleg leiing er tre av åtte dekanar kvinner, medan delen av kvinner blant instituttleiarane er 35 %, mot 34 % i 2021.

Likestillings- og mangfaldsleiing er innarbeidd i alle leiarprogram. Ved tilsetjingar i leiarstillingar vert det spurt det om likestillingskompetanse, og det vert arrangert årlege opprykkskurs for å styrkje rekrutteringa av kvinner til professorstillingar. Andre tiltak som er gjennomførte er kvalifiseringsstipend, støtte til faglege reiser eller leiarkurs og nett-

verksbygging. Det vert betalt ut insentivmiddel ved tilsetjing av kvinner som professor II / førsteamanuensis II i mannsdominerte fagmiljø. Denne ordninga nyttast særleg innanfor realfaga og samfunnsvitskap.

Arbeidet med universell utforming av bygningar, læringsmiljøet og campusområdet er ein viktig del av tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne. Det er innført ei årleg ordning med kvalifiseringsstipend til vitskapleg tilsette med funksjonsnedsetjing, og traineeordning for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne og hol i CV-en.

I 2022 vedtok styret ein ny *Handlingsplan for mangfald, inkludering og likestilling* for perioden 2023–2025. Handlingsplanen legg opp til ein større grad av delegasjon enn tidlegare. Føremålet er større grad av tilpassing til lokale tilhøve.

Universitetsstyret set kvart år av middel til oppfølging av handlingsplanane og andre likestillingstiltak. Årleg vert det lagt fram ein rapport for universitetsstyret med status for likestilling, mangfald og inkludering ved UiB. Rapporten samanfattar arbeidet med handlingsplanane, kva som er oppnådd og utfordringar som står att. Det utarbeidast òg ein årleg statistikk for likestilling.

## 4.8 Oppfølging av Strategi for digital omstilling i universitets- og høgskolesektoren 2021–2025

UiB var ein aktiv bidragsytar i arbeidet med å utarbeide framlegget til Strategi for digital omstilling av universitets- og høgskolesektoren i 2021 og bidrog i det nasjonale arbeidet med Handlingsplan for digital omstilling i UH-sektoren og ny modell for samstyring i sektoren i 2022. UiB har òg representantar som bidreg i dei nasjonale fora for samstyring i regi av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) og Sikt. Handlingsplanen vart lansert på Nasjonal konferanse for digitalisering i utdanning i november 2022, ein konferanse UiB arrangerer saman med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Sikt. Departementet sine forventningar til sektoren slik dei er presenterte i Strategi for digital omstilling, har òg vore ein del av kunnskapsgrunnlaget i universitetet sitt arbeid med å utforme ny strategi for perioden 2023–2030. Strategi og handlingsplan vert såleis følgd både i eigen institusjon og gjennom bidrag i det nasjonale arbeidet.

UiB bidreg òg nasjonalt i konkrete digitaliseringsprosjekt, som i prosjektet for å innføre nye tenester for saksbehandling og arkiv i sektoren (UH Sak). UiB forventar å lansere desse tenestene lokalt hausten 2023. UiB er òg ein sentral drivar i prosjektet «Ny kunnskapskanal», eit prosjektsamarbeid med UiS, Noregs arktiske universitet UiT og HVL. Ny kunnskapskanal skal verte ei landsdekkjande strøymeløysing for kunnskaps- og forskingsformidling. Gjennom dette prosjektet skal det etablerast ei felles digital løysing for lagring, publisering, distribusjon og gjenfinning av audiovisuell formidling frå UH-sektoren. Dei nye tenestene er planlagt lanserte våren 2024.

Ved UiB vert det jobba kontinuerleg med å utvikle og forbetre dei digitale tenestene, for å skape samanhengande og gode arbeidsflater for tilsette og studentar. I 2022 vart styringa

av dei digitale tenestene omorganisert i ei produkt-organisering, noko som i større grad tar høgde for det tverrgående ansvaret mange av tenestene er avhengige av. UiB arrangerte også ein prosjekt-konferanse, primært for den gruppa av prosjektleiarar og ressurspersonar vi har bygd opp i løpet av dei siste fem åra. UiB har no i stor grad intern kompetanse til å kunne drive eigne utviklingsprosjekt i eit kontinuerleg forbetningsløp for tenestene.

I 2022 vart UiB Treet lansert, eit student-dashboard som har som målsetjing å skape ei meir brukarretta, heilskapleg, engasjerande og persontilpassa studentreise frå søknad og så lenge studenten har eit aktivt forhold til UiB. UiB Treet er eit innovativt prosjekt som bind saman data frå mange ulike kjelder. Det har fått gode tilbakemeldingar frå studentane, og vekker stor interesse i sektoren.

Mange tenester er digitaliserte og nye løysingar for undervisning er innførte i løpet av dei siste fem til ti åra, ikkje minst gjennom pandemiåra. Undervisarane har no mange verktøy som stør dei i arbeidet, men mengda verktøy og samanhengen mellom desse, er ikkje alltid like intuitiv. UiB har difor starta eit initiativ med målsetjing om å gje betre og meir heilskapleg støtte til undervisar ved institusjonen, delvis etter modell frå UiB Treet.

## 4.9 Arbeid med norsk språk

I strategien har UiB ein særleg ambisjon om å ha «ei tydeleg rolle i utviklinga av norsk fagspråk og terminologi.» Dei språkpolitiske retningslinene til UiB framhevar vidare «at institusjonen skal ha ein tydeleg språkpolitikk og stå fram som eit språkleg førebilete for norsk utdanning, kultur- og samfunnsliv.» Norsk er hovudspråket ved UiB. Det inneber at undervisningsspråket, administrasjonsspråket og det daglege arbeidsspråket i all hovudsak er norsk. Prinsippet om klarspråk ligg til grunn for språkbruken.

Som eitt av to norske universitet har UiB ein eigen [strategi for Humaniora](#). Her vert det slått fast at UiB ønskjer å spele ei sentral rolle i forvaltninga av norsk språk: «*Språksamlingene som i 2016 ble overført til UiB frå Universitetet i Oslo, er en betydeleg vitenskapelig ressurs som består av eldre fysisk og digitalt materiale. Samlingene er grunnlaget for de norske ordbøkene, og brukes i navnefaglige studier og normering av stedsnavn. Å sikre en god forvaltning av disse ressursene vil åpne for forskningsbasert videreutvikling av norsk språk.*»

Med flyttinga av språksamlingane og seinare Termportalen til Universitetet i Bergen er det lagt eit særleg grunnlag for at universitetet skal ha ei viktig rolle i forvaltninga av norsk språk. Ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar (LLE) har UiB sterke fagmiljø i nordisk og lingvistikk, og Universitetsbiblioteket har høg kompetanse på digital humaniora og forvaltning av språkdata gjennom CLARINO<sup>5</sup>, Språksamlingane med Termportalen og dei to leksikografiske prosjekta Norsk Ordbok a–h (NO-AH) og Revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka (Revisjonsprosjektet).

<sup>5</sup> CLARINO er den nasjonale infrastrukturen for språkdata og relaterte verktøy, FAIR (*findable, accessible, interoperable, reusable*), og har såleis ressursar for mange språk, men har særleg fokus på norske språkressursar. Sidan 2018 har dei tekniske og faglege ressursane i CLARINO vorte vidareutvikla og spesialtilpassa behova som følgjer med Revisjonsprosjektet og Norsk Ordbok a–h.

Forsknings- og utviklingsmiljø for norsk språk ved UiB dreg også vekslar på det gode studie-tilbodet ved institusjonen. Her er det tilbod om undervisning i nordiske språk og litteratur, lektor i nordisk, nordisk årsstudium og norsk som andrespråk.

## Språktilbod for tilsette

Fast tilsette ved UiB er forventa å ha tilstrekkeleg språkleg kompetanse i norsk til å kunne kommunisere med studentar, tilsette og omverda på ein god og klar måte. For tilsette som ikkje kan norsk ved tilsetjing, skal desse meistre norsk på B2-nivå etter tre år. UiB tilbyr norskkurs til denne gruppa, med eit krav om at tilsetjingstilhøvet varar over minst seks månader. Ektefellar og partnerar av internasjonale tilsette har òg høve til å søkje. Totalt har 515 tilsette og partnerar delteke på UiB sine språkkurs i 2022. Universitetet sine språkpolitiske retningslinjer skal oppdaterast med nye krav i løpet av 2023.

DEL 1

# 5. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

---



## 5.1 Planar for verksemda og styringsparametrar for 2023

Universitet sin nye strategi, *Kunnskap som formar samfunnet*, vart utarbeidd i 2022. Strategiprosessen vart gjennomført som ein open prosess der universitetsstyret la rammene for arbeidet i februar 2022.

Styret framheva at strategien skal verne om universitetet sine grunnleggjande verdiar og tydeleggjere UiB si viktige rolle som forvaltar og skapar av uavhengig kunnskap. Han skal i tillegg framheve verdiar som akademisk fridom, kunnskapen sin eigenverdi, kritisk tenking, etikk og ærlegdom. Samstundes syner dokumentet korleis institusjonen skal vidareutvikle seg som eit forskingsintensivt breiddeuniversitet med ambisjonar om internasjonal høg kvalitet på forskning, utdanning, formidling og innovasjon.

Tilsette og studentar har bidrege aktivt gjennom ei rekkje dialogmøte og i ulike kanalar for innspel. Universitetsleiinga gjennomført dialogmøte med alle institutt og fakultet og det vart arrangert fire opne innspelsmøte. Studentparlamentet vart invitert til å involvere seg i arbeidet gjennom arbeidsutvalet sine faste møte med universitetsleiinga, og det vart oppretta ei eiga nettside for arbeidet med oversikt over grunnlagsdokumentet og framdrift i prosessen.

Det er gjort grundige analysar av UiB sin posisjon, kvalitetar, utfordringar og handlingsrom under arbeidet, samstundes som viktige nasjonale og internasjonale trendar har vore gjennomgått. UiB har hatt dialog med ei rekkje eksterne samarbeidspartnarar frå nærings-, samfunns- og kulturliv om ulike sider ved universitetsverksemda. Prosessen har vore omfattande og vorte tematisert på ulike måtar i alle styremøta. To dagsseminar har omhandla ulike tema som inngår i strategiarbeidet.

Den nye strategien «Kunnskap som former samfunnet» har som visjon at: *UiB skal være mellom Europas fremste universitet, internasjonalt kjent for høy kvalitet i forskning og utdanning. Som samfunnsinstitusjon skal vi bidra til en bærekraftig og demokratisk utvikling og være et attraktivt og inkluderende studie- og arbeidssted».*

Strategien er vidare disponert med følgjande fire «hovudtema» som har eigne visjonar og strategiske ambisjonar:

1. Forsking på høgt internasjonalt nivå
  - a. Visjon: UiB skal flytte kunnskapsgrensene og bidra til ei berekraftig og demokratisk framtid gjennom sterk forskning i og på tvers av disiplinane over ei stor fagleg breidde
2. Utdanning av høg kvalitet
  - a. Visjon: UiB skal utdanne kandidatar som kan forme morgondagens samfunn, arbeids- og næringsliv med perspektiva frå ulike fagområde. Vi skal gje studentar eit fagleg fundament som varar heile livet og som bidrar til å skape kompetente og reflekterte samfunnsborgarar

2. Kunnskapsformidling, samfunnsdialog og innovasjon
  - a. Visjon: UiB skal verte ei open kjelde til kunnskap og ein framifrå arena for forskingsbasert kunnskapsoverføring og samfunnsdialog
2. Universitetssamfunnet og organisasjonen UiB
  - a. Visjon: UiB skal verte ein attraktiv arbeids- og studiestad som rekrutterer og utviklar sterk kompetanse og fremjar ein samarbeidskultur om felles høge ambisjonar

Dei fire temaoverskriftene har til saman 28 «Ambisjonar fram mot 2030», sju på kvart «tema». Ambisjonane representerer område som UiB prioriterer ekstra og vil følge særleg opp organisatorisk for å nå visjonane for 2030.

Strategien har eit langsiktig perspektiv med ei verketid over åtte år, frå 2023 til 2030, og legg premissane for innretninga på utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet for perioden 2023–2026.

Ny strategi vart vedtatt i styremøte i februar 2023.

Strategien følgjer som eige vedlegg til årsmeldinga.

## 5.2 Planar for tildelt løyving

Budsjettet for 2023 er prega av at universitetet er i ein ekstraordinær vanskeleg økonomisk situasjon.

I tillegg til ulike statlege kutt er dei auka energikostnadene den største utfordringa i UiB sitt budsjett for 2023. Dette er føreslått løyst i budsjettet gjennom ein kombinasjon av auka internhusleige, eit mellombels kutt på fakulteta og avdelingane og omdisponeringar innanfor UiB sine øyremerkte avsetningar.

Den stramme økonomiske situasjonen gjer at store deler av universitetet si verksemd vert påverka. I budsjettframlegget for 2023 er kutt frå statsbudsjettet vidareførte til fakultet og avdelingar med same innretning som statsbudsjettet brukar.

Auka energikostnader legg beslag på omtrent heile UiB sitt høve til omprioriteringar for 2023. Det er likevel funne rom for ei nødvendig styrking av Universitetsmuseet sitt budsjett. Dette er ein nødvendig auke for at Universitetsmuseet skal kunne unngå vidare underskot.

Dei auka kostnadane på eigeidomsområdet råkar driftsbudsjettet spesielt hardt. Det er difor lagt opp til mellombelse omdisponeringar på 35 mill. kroner frå investerings- til driftsbudsjettet. I tillegg skal det arbeidast aktivt med å redusere kostnader for å balansere det totale eigeidomsbudsjettet. Potensialet for reduksjonar er likevel avgrensa på kort sikt, og det vil verte lagt frem reviderte vurderingar etter 1. tertial 2023.

Plan for tildelt løyving for 2023 samanfattast i tabell 22.

Tabell 22. Planer for tildelt løyving

Budsjett 2023 <i>Beløp i 1000 kr.</i>	Inntekter GB					
	Annum Basis	Åpen ramme	Lukket ramme	Øremerket Rekruttering	Øremerket Annet	Sum 2023
Det humanistiske fakultet	146 926	102 774	19 901	76 274	14 885	360 760
Det matematisk-naturvit. fakultet	327 750	157 054	75 315	216 771	66 838	843 727
Det medisinske fakultet	209 276	235 552	49 716	147 364	14 385	656 293
Det samfunnsvitensk. fakultet	140 946	131 919	19 238	58 241	2 497	352 841
Det juridiske fakultet	44 419	91 681	2 852	26 318	-	165 271
Det psykologiske fakultet	74 327	118 934	12 178	48 987	18 707	273 133
Fakultet for kunst, musikk og design	103 261	60 454	1 104	21 773	360	186 952
Universitetsmuseet	149 392	-	3 911	9 331	6 561	169 195
Universitetsbiblioteket	106 266				95 131	201 398
Felles forskningssatsinger/sentre	-				-	-
Forskningsstrategi					85 390	85 390
Forskningsinfrastruktur og teknisk infrastruktur					75 185	75 185
Felles utdanningsformål					57 171	57 171
<b>Sum faglig virksomhet</b>	<b>1 302 563</b>	<b>898 368</b>	<b>184 216</b>	<b>605 059</b>	<b>437 111</b>	<b>3 427 317</b>
<b>Sum diverse felles tiltak</b>	<b>80 225</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>2 329</b>	<b>179 457</b>	<b>262 012</b>
<b>Sum Fellesadministrasjonen</b>	<b>303 806</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>303 806</b>
<b>Andre spesielle formål</b>					<b>95 000</b>	<b>95 000</b>
<b>SUM</b>	<b>1 686 595</b>	<b>898 368</b>	<b>184 216</b>	<b>607 388</b>	<b>711 568</b>	<b>4 088 135</b>

## 5.3 Campusutviklingsplan og større byggjeprojekt

Masterplan for utvikling av eigedomsmasse ved UiB<sup>6</sup> er eit viktig hjelpemiddel i arbeidet med å gjennomføre ambisjonane i universitetet sin strategi. Masterplanen gjev ei innføring i universitetet sine planer fram til 2040, i tråd med føringar frå departementet. Eit sentralt element er fokus på langsiktig vedlikehald og rehabilitering. I tillegg skisserast planar for nokre større ombyggingsprosjekt og nybygg. Masterplanen skal reviderast våren 2023.

Utvikling og forvaltning av eigedomane skal skje i god dialog med brukarane til universitetet på fakulteta, ved musea og ved Universitetsbiblioteket, samt eksterne samarbeidspartnarar og byen rundt. Det leggjast til grunn at UiB på ein heilskapleg måte vidareutviklar verksemda si rundt dei to hovudcampusane på Årstad og Nygårdshøyden. Det skal leg-

6 Sjå: [MasterplanAreal2020-2040.pdf](#) (uib.no)

gjast vekt på opne og levande campusområde som del av byutviklinga i Bergen. Bygningar ved UiB skal verte tilgjengelege for alle studentar, og må oppfylle krav til universell utforming.

### **Prioriterte byggjeprojekt som fremjast utanfor budsjettamma til universitetet**

I tråd med masterplanen frå universitetet er følgjande prioriterte prosjekt føreslått dekte utanfor budsjettammene til universitetet:

- Nybygg for Griegakademiet
- Nygårdshøyden Sør
- Rehabilitering av Haakon Shetlings plass 10 (HS 10)

#### ***Griegakademiet***

Både Stortinget, KD og Statsbygg har anerkjend behovet for nye lokale til Griegakademiet. I dag er det gamle Nygård barneskole som husar Griegakademiet, som heilt sidan det vart slått saman med UiB i 1995 har venta på eit musikkbygg. Fleire rapportar syner at det kan vere helseskadeleg å bruke øvingsromma. Ein ekstern komité evaluerte allereie i 2011 situasjonen ved Griegakademiet, og meinte han var «betydeleg dårlegare» enn tilsvarande musikkutdanningsinstitusjonar i Noreg og Norden. Statsbygg si vurdering i 2017 (Konseptvalgnotat) var at *«lokale framstår som lite hensiktsmessige og har karakter av improvisasjon med lav funksjonalitet og lite effektiv arealutnyttelse»*.

I brev frå KD av 19.10.22 slår departementet òg fast at *«lokale som Griegakademiet disponerer i dag for det musikkfaglige miljøet er nedslitte og lite funksjonelle med hensyn til fysisk miljø, samhandlingsmuligheter og gjennomføring av øving. Det er og et udekket arealbehov for dagens antall studenter ved instituttet.»*

Den tilrådde løysinga på den alvorlege arealsituasjonen for Griegakademiet er eit nybygg og samlokalisering med kunst- og designfaga i Møllendal. Ei samlokalisering vil gje betydelege synergieffektar i høve til arealbruk mot studentar, undervisning og fellesfunksjonar og mot administrativ bemanning.

Nye kunstnariske uttrykk oppstår ofte i grenseland og i overgangane mellom dei tradisjonelle disiplinane. KMD har tverrkunstnariske uttrykk som satsingsområde, og fagmiljøa har gode føresetnader for å profilere KMD nasjonalt og internasjonalt i dette feltet. Samlokalisering er ein føresetnad for at Griegakademiet skal kunne bidra substansielt til ein slik strategi.

Den viktigaste grunngevinga for samlokalisering er likevel moglegheita dette gjev for at Griegakademiet kan flytte inn i funksjonelle lokale tilrettelagde for aktivitetane som akademiet har. Dette vil samstundes gje grunnlag for å styrkje fagmiljøa, som igjen vil styrkje Bergen som internasjonal kulturby. Slik kan Griegakademiet verte ein leiande arena for musikkutdanning som bidreg til å utvikle samfunnsrelevante musikkpraksisar og bidra med forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid med stor breidde innanfor musikkfeltet, og fremje tverrkunstnarisk forskning på eit høgt internasjonalt nivå.

Det vart løyva middel til prosjektering i statsbudsjetta for 2018 og 2019, men det mangla vidareføring i statsbudsjett for 2020 og 2021.

Stortinget mente dette var uheldig og ville gje forseinkingar i prosjektet. Stortinget vedtok i Innst. 12 S (2020–2021) følgjande anmodningsvedtak: «*Stortinget ber regjeringen sørge for at UiB får anledning til å bruke egne avsatte midler til å fortsette prosjekteringen av nye lokaler for Griegakademiet i samarbeid med Statsbygg.*» På bakgrunn av dette sende KD den 2. mars 2021 eit oppdragsbrev til Statsbygg «*Oppdrag Nytt bygg for Griegakademiet ved Universitetet i Bergen*». Her bad KD Statsbygg vidareføre prosjekt nytt bygg for Griegakademiet fram til ferdig forprosjekt.

Prosjekteringa er godt i gang, og er planlagd ferdig i 2023. Det er gjennomført arkitektkonkurranse inkludert totalentreprisetilbod i 2022, og kontrakt på fullføring av forprosjekt/optimalisering med entreprenør tildelast primo 2023. Kontrakt med entreprenør vil ha opsjon på bygging.

UiB har sett av 32 mill. kroner til føremålet. Dette betyr at tomta vil verte ferdig regulert, og eit byggjeprojekt vil verte klart for oppstart i 2024 dersom Stortinget løyver middel.

### ***Nygårdshøyden Sør***

Prosjektet Nygårdshøyden sør inkluderer rehabilitering av Realfagbygget og Fysikkbygget, samt etablering av eit nybygg. Utvikling av Noregs nye teknologi- og realfagssatsing på Nygårdshøyden sør er eit avgjerande bidrag for å sikre nasjonal spisskompetanse i åra som kjem. Det er også tidenes største gjenbruksprosjekt i vår sektor,

UiB planlegg saman med eksterne partnarar sjølv å finansiere og realisere eit nybygg på 17.800 m<sup>2</sup> som ein del av satsinga på ei byggjeklar tomt (Allégaten 64). Dette vert eit viktig tyngdepunkt for implementering av IKT i breidda av UiB sine fagområde for å skape ny kunnskap, for å bringe IKT-kompetanse ut i samfunnet og for å styrke innovasjonskrafta i realfaga. Bygget skal redusere avstanden mellom forskingsfronten og brukarane av kunnskap gjennom å verte eit forskings- og innovasjonsknutepunkt der forskarar, studentar og nærings- og samfunnsliv møtest. Nybygget i Allégaten 64 er òg ei viktig brikke for å kunne løyse utfordringa med nødvendige mellombelse løysingar under rehabiliteringane av Realfagbygget og Fysikkbygget.

Realfagbygget og Fysikkbygget må begge totalrenoverast for å huse laboratorium og infrastruktur for forskning og undervisning.

Realfagbygget med sine 47.000 m<sup>2</sup> var i si tid eit av Noregs største enkeltståande bygg, og rehabilitering av laboratorie- og forskingsareala vil vere ei formidabel oppgåve. Rehabiliteringa må gå over fire–fem år og må gjennomførast i fasar slik at normal aktivitet kan oppretthaldast. Første trinn er rehabilitering av fysikkbygget som ved oppstart vil vere nær 60 år.

Kostnadene er vurderte til å utgjere rundt rekna 50 % av kostnadene knytte til å flytte verksemda over til nye bygg. Både miljømessig og samfunnsøkonomisk står oppgradering og arealeffektivisering av desse bygga difor fram som klart riktig løysing og med høve for å

verte eit unikt nasjonalt gjenbruksprosjekt for sektoren. Dette krev likevel finansiering over statsbudsjettet i tillegg til UiB sin eigeninnsats gjennom eit nybygg.


Det er allereie gjort oppgradering av delar av Realfagbygget dei siste åra, der areala er tilpassa framtidig oppgradering av tekniske anlegg, i tillegg til at bygga er knytte til eit omfattande sjøvassanlegg som gjev store energivinstar på kjøle- og varmesida. Den løysinga som er skildra vil òg gje stor arealeffektivisering, bl.a. gjennom å avhende areal andre stader på campus.

UiB har utarbeidd eit førebels romprogram for prosjekta, og er klar til å gå i gang med eit skisseprosjekt. I 2022 er det utarbeidd eit konseptutvalsnotat for Allégaten 64 samt ein analyse som gjev grunngjeving for UiB sitt syn på at andre alternativ enn rehabilitering er uaktuelle sett frå UiB si side.

Framlegget frå UiB er at Allégaten 64 vert delt i tre eigarseksjonar der UiB gjennom Nygårdshøyden Eiendom AS vil stå som eigar av seksjon ein på om lag 5.000 m<sup>2</sup>. UiB vil eige seksjon to på om lag 2.500 m<sup>2</sup> og vil finansiere sin seksjon med inntekter frå tomtesalet. Samarbeidspartnar eig seksjon tre med sine 10.300 m<sup>2</sup>. Eigarmodellen vil innebere ein tilbakekjøpsrett for UiB.

For å finansiere prosjekta er det gjort framlegg om ein tre-trinns-modell der det vert lagt til grunn at KD finansierer ei etappevis rehabilitering av Fysikkbygget og Realfagbygget i perioden fram til 2031, medan trinn ein av Allégaten 64 seksjon 1 finansierast av UiB/NEAS i samarbeid med private aktørar.

Med ei slik løysing vil prosjektet kunne gjennomførast i følgjande rekkjefølgje, i eit fem-ti-års-perspektiv:





I brev av juni 22 har UiB bede om Kunnskapsdepartementet si tilslutning på tilrådinga i KVN om realisering av Allegaten 64 er det beste alternativet til å løyse samfunnet og UiB sitt behov. I same brev har UiB bede om aksept for at det gjennom ein konkurranse kan skaffast ein privat samarbeidspartnar for utvikling og realisering av prosjektet. Vidare har UiB i eit oversend analysenotat argumentert kvifor det etter universitetet sitt syn ikkje er naudsynt med ei konseptvalsutgreiing som skal vurdere andre alternativ enn rehabilitering av Fysikkbygget og Realfagbygget.

### ***Haakon Shetlings plass 10 (HS 10)***

UiB har eit lovfesta «særskilt nasjonalt ansvar for å byggje opp, drive og vedlikehalde museum med venskaplege samlingar og publikumsutstillingar» (UHL §1-4). Forskningsbaserte utstillingar er ein viktig del av Universitetsmuseet sitt samspel med omverda, og museet sine utstillingar og samlingar er sentrale forvaltningsoppgåver for UiB.

Universitetsmuseet har ei av dei største arkeologiske og etnografiske samlingane i landet. I museumsbygget finst det utstillingar med arkeologiske gjenstandar frå heile vår historie, kyrkjekunst, folkekunst og etnografiske utstillingar. Dei arkeologiske samlingane og utstillingane byggjer på funn frå heile Noreg, men med hovudvekt på Vestlandet der museet har forvaltningsansvaret for arkeologisk materiale frå Vestland og Sunnmøre.

Dei kulturhistoriske samlingane flytta inn i sitt noverande bygg i 1927, i det som har vorte omtalt som eit av dei vakraste museumsbygga i Norden. Dei kulturhistoriske samlingane har lokale til utstillingar, magasin, kontor og verkstader.

Riksantikvaren vedtok vern av bygget i 2014 med føremål om å bevare eit viktig universitetshistorisk anlegg og eit monumentalt signalbygg for Universitetsmuseet og UiB. Vidare var føremålet å sikre museumsbygget som eit arkitekturhistorisk verdifullt kulturminne. Fredinga skal sikre bygget sitt opphavlege arkitektoniske uttrykk, og materialbruk både i eksteriør og interiør.

Bygget har eit areal på ca. 7.500 m<sup>2</sup> og treng oppgradering av alle bygningselement og bygningskonstruksjonar. Dei tekniske anlegga har nådd sin tekniske levealder og må også fornyast.

I 2000 vart det utarbeidd ei tilstandsvurdering av branntekniske tilhøve i bygget. Analysen avdekte ei rekkje avvik, og i 2020–2021 vart det utført fleire bygningsmessige tiltak, mellom anna utskifting av brannalarmanlegg og nøddlysanlegg, samt fornying og forsterking av brannsløkkjeutstyr. Det vart òg gjennomført termografering av sikringsskap og evakueringsstolar vart etablerte. Vidare vart det utarbeidd ein verdisikringsplan og gjennomført risikoanalyse på brann og innbrot.

I 2022 kom det likevel ei ny bekymringsmelding frå tilsette ved museet knytt til evakuering ved ein eventuell brann, og HS10 vart mellombels stengt for publikum.<sup>7</sup> Med bakgrunn i stenginga vart det gjennomført ei ny vurdering av tilstanden til bygget. Det vart så konkludert med at det ikkje er føremålstenleg å opne bygget igjen no. Årsaka ligg i at eingongs-investeringar for bygget ikkje vil ha varig verdi med omsyn til totalrehabilitering, og fordi bygget uansett må stengjast for konservering av gjenstandar før totalrehabilitering er mogleg. Samstundes vil ei stenging gjere det mogleg å auke tempoet på arbeidet med å få til ei totalrehabilitering av bygget.

Museumsverksemda, med forvaltning av samlingar og formidling, er ein viktig del av samfunnsoppdraget til universitetet. UiB har eit særskilt ansvar for å formidle og gjere Vestlandets kulturhistoriske samlingar og gjenstandar tilgjengelege for samfunnet og nye generasjonar. Det er difor beklageleg at UiB no må stengje bygget for dei kulturhistoriske samlingane. Samlingane er unike, og det er svært viktig at ei stenging ikkje gjer at samlingane i ein lengre periode er utilgjengelege for publikum.

Plan for rehabilitering og oppgradering av HS10 vil difor få særleg prioritet når universitetet sin Masterplan for areal skal reviderast i 2023.

---

<sup>7</sup> Saka vart handsama i styret for universitetet i februar 2023. Sjå: [NOTAT \(uib.no\)](#)







DEL 2

# ÅRSREKNESKAPEN 2022

---

## Kommentarar frå leiinga

### Avlegging av rekneskapen og revisjon

Rekneskapen per 31.12.2022 gir eit dekkande bilete og er avlagt i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement og med opplysning om eventuelle avvik. Resultatoppstilling for inntekter og kostnader følger Kunnskapsdepartementet (KD) sin mal. Universitetet utfører risikobasert internkontroll. Universitetet er underlagt revisjon av Riksrevisjonen.

### Avvik mellom periodisert budsjett og rekneskap og omtale av den økonomiske drifta

#### Vurdering av institusjonen si drift i perioden

Resultatet ved UiB blei betre enn føreset. Det var budsjettert med å bygge ned heile overføringa på 132,9 mill. kroner frå 2021 i løpet av året. Overføringa blei bygd ned men ikkje like mykje som budsjettert. Faktisk overføring til 2023 blei 66,0 mill. kroner.

Samanlikna med 2019, som er siste normalår før pandemien, er veksten i UiBs samla inntekter og kostnader på nivå med den generelle lønns- og prisveksten i perioden. Innanfor dette er grunnløyvinga (GB) svekka og bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) styrka. Medan svekkinga i GB kjem av rammekutt, kjem auken i BOA både av innhenting av forseinkingar på grunn av pandemien og reell vekst.

2022 har vore eit ressursmessig krevjande år prega av fleire usikkerheiter som rammekutt, energikostnader, auka lønns- og prisstigning, situasjonen i NFR samt usikkerheit rundt koronastudieplassar. Det blei iverksett tiltak på alle nivå i organisasjonen for å handtere desse utfordringane. Det lykkast UiB å skjerme grunneiningane for betydelege delar av dei auka energikostnadene i 2022 ved at UiB felles omdisponerte nødvendige midlar.

## Resultatrekneskap og periodisert budsjett

### Totaltal

Tabell 1. Totaltal rekneskap per 31.12.22 (i mill. kroner)

	Årsbudsjett	Budsjett hittil i år	Regnskap hittil i år	Avvik hittil i år	Avvik hittil i %
Inntekter	-5 435,7	-5 435,7	-5 657,4	221,7	4,1%
Kostnader	5 568,6	5 568,6	5 722,3	-153,7	-2,8%
<b>Sum totalt</b>	<b>132,9</b>	<b>132,9</b>	<b>64,9</b>	<b>68,0</b>	<b>51,2%</b>

I 2022 hadde UiB eit negativt resultat av periodens aktivitetar på 64,9 mill. kroner. Samanlikna med budsjett blei både inntektene og kostnadene (inkl. finansinntekter og -kostnader) høgare enn planlagt med høvesvis 221,7 mill. kroner (4,1 %) og 153,7 mill. kroner (2,8 %).

Samanlikna med rekneskap 2021 er det ei auke i inntektene på 243,6 mill. kroner (4,5 %), medan kostnadene (inkl. finansinntekter og -kostnader) aukar med 298,7 mill. kroner (5,5 %). Veksten kjem hovudsakleg av at BOA-delen av økonomien aukar med 22,9 %. På grunnløyvinga har det ikkje vore vekst på inntektene, medan kostnadene har auka med 1,3 %. Tala over indikerer at det er nærast ingen realvekst målt mot 2019. Innanfor dette resultatet er GB-delen av økonomien svekka og BOA-delen av økonomien styrka.

Driftskostnadene har auka med 192,2 mill. kroner (10 %) samanlikna med 2021. Det er BOA-delen av økonomien som har hatt størst vekst. Reisekostnader og kostnader knytt til møte og seminar aukar spesielt. Reisekostnadene er på ca. 80 % av nivået i 2019. I tillegg har det vore ei stor auke i energikostnader.

Samla lønnskostnader har auka med 111,8 mill. kroner (3,2 %) samanlikna med 2021. Til samanlikning venta SSB ei auke i årslønn på ca. 3,9 % for 2022 i konjunkturrapporten per desember. Det er fleire komponentar som spelar inn på totale lønnskostnader. Mellom anna er pensjonskostnaden redusert med ca. 33 mill. kroner samanlikna med i fjor som følge av at satsen blei redusert frå 10,9 % i 2021 til ca. 9,0 % i 2022. I tillegg har det vore ein netto kostnadsreduksjon knytt til avsetning for fleksitid og ikkje avvikla ferie på 4,3 mill. kroner. Det har også vore ca. 6 mill. kroner høgare refusjonar. Korrigert for desse elementa ville auken i lønnskostnader vore ca. 4,5 %. Av dette utgjer auke i tal på tilsette ca. 0,8 %, og lønnsveksten ca. 3,7 %. En slik berekning er ikkje helt samanliknbar med SSBs estimat, men kan indikere at veksten per årsverk ved UiB er noko lågare.

## Grunnløyving (GB)

Overføringa på grunnløyvinga frå 2021 var 132,9 mill. kroner. I 2022 var det budsjettert med at heile overføringa skulle bli bygd ned. Det blei et negativt resultat på 64,9 mill. kroner. Overføringa er redusert frå 132,9 mill. kroner til 66,0 mill. kroner, og i tillegg er 2,0 mill. kroner lagt til verksemdkapitalen. Av auken på verksemdkapitalen kjem 3,0 mill. kroner frå overskot på oppdragsprosjekt, medan 1,0 mill. kroner er nedskrivning av aksjar i Marineholmen Raslab AS.

Tabell 2 viser budsjett og rekneskap for 2022 på GB. Både inntektene og kostnadene har vore høgare enn budsjettert.

Inntektene blei 123,8 mill. kroner (2,9 %) høgare enn budsjettert. Det skyldast hovudsakleg lågare investeringar enn budsjettert (blir bokført som utsett løyving). I tillegg har det vore sal av bygg på ca. 40 mill. kroner.

Avvik frå budsjett på kostnadssida er 55,8 mill. kroner (1,3 %). Her er det «andre driftskostnader» som har vore høgare enn budsjettert. Samanlikna med budsjettet er det største avviket knytt til energikostnader, men dette er i etterkant handtert gjennom omdisponering frå andre budsjettpostar til Egedomsavdelinga sitt driftsbudsjett.

**Tabell 2. Hovudtal grunnløyvinga (GB) per 31.12.22 (i mill. kroner)**

	Årsbudsjett	Budsjett hittil i år	Regnskap hittil i år	Avvik hittil i år	Avvik hittil i %
Inntekter	-4 231,8	-4 231,8	-4 355,5	123,8	2,9%
Kostnader	4 364,6	4 364,6	4 420,4	-55,8	-1,3%
<b>Sum totalt</b>	<b>132,9</b>	<b>132,9</b>	<b>64,9</b>	<b>68,0</b>	<b>51,2%</b>



Samanlikna med 2021 er inntektene omtrent uendra med ei marginal auke på 3 mill. kroner (0 %). Løyvinga har auka med 0,4 %, det har vore lågare inntekter frå sal av bygg og avskrivingsinntektene har òg vore lågare.


På kostnadssida har det vore ei auke frå 2021 på 1,3 %. Auken verkar låg med tanke på at det er første år utan pandemi og at det er høg prisvekst. Endringa i konsumprisindeksen har ifølge SSB vore 5,9 % frå desember i 2021 til desember i 2022. Samtidig har det, som følge av den høge aktiviteten i BOA, vore ca. 100 mill. kroner høgare inntekter frå frikjøp og indirekte kostnader frå BOA. Dette medfører ein kostnadsreduksjon på grunnløyvinga.

Den største auken i kostnadene er på energi, som blei ca. 50 mill. kroner høgare enn i 2021. Elles er det høgare reisekostnader og kostnader til møter og arrangement som utpeiker seg. På den andre sida har det vore lågare avskrivingskostnader, lågare kostnader til IT-utstyr og programvare og mindre kjøp av tenester enn i 2021.

## Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Inntektene frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utgjer tilskot og overføringar frå andre, med tillegg av salsinntekter frå oppdragsprosjekt. BOA-inntektene blir rekneskapsført når aktiviteten blir gjennomført, det vil seie når kostnadene blir rekneskapsført. Figur 1 viser inntektene per hovudfinansieringskjelde.

Figur 1. Bidrags- og oppdragsinntekter UiB, rekneskap per 31.12.22 (i mill. kroner)



I 2022 blei inntektene på BOA 1 301,9 mill. kroner. Dette er 97,7 mill. kroner (8,1 %) høgare enn vedteke inntektskrav på 1 204,2 mill. kroner. Det blei også et overskot på oppdragsprosjekt lik 3,0 mill. kroner. Overskotet blir lagt til UiB sin verksemdkapital.

Figur 1 viser at det er annan bidragsaktivitet og inntekter frå NFR som har vore høgare enn budsjettert, medan inntekter frå EU har vore litt lågare enn planlagt.

Inntektene er 242,8 mill. kroner (22,9 %) høgare enn i 2021. Til samanlikning var det ein reduksjon i inntektene på 0,6 % frå 2020 til 2021, og ein reduksjon på 1,3 % frå 2019 til 2020.

Veksten frå 2021 kan gjenspeile ein reell vekst, men det er sannsynlegvis også ei oppheving av aktivitet etter to år med pandemi og unormalt lav aktivitet. Inntektene i 2022 er høgare enn ein kunne forvente dersom ein legg til grunn 2019-inntekta justert for lønns- og prisvekst.

I løpet av året har det vore usikkerheit knytt til tildelingar frå NFR, men som tabellen over viser har inntektene frå NFR vore litt høgare enn budsjettert i 2022, og utsiktene verkar betre enn tidlegare frykta.

## Balansen

Innestående på universitetet sin konsernkonto og andre bankkonti er 1 495,2 mill. kroner. Det er 64,4 mill. kroner lågare enn per 31.12.21.

Avrekninga med statskassen viser ei forplikting på 66,0 mill. kroner, og beløpet er i si heilheit knytt til avsette løyvingar. Det er ein reduksjon på 66,9 mill. kroner sidan nyttår. Verksemdkapitalen har auka med 2,0 mill. kroner til 81 mill. kroner.

## Utviklinga i avrekna løyvingfinansiert aktivitet

Overføringane, eller avsett del av tilskot til løyvingfinansiert aktivitet, er per 31.12.22 66,0 mill. kroner. Dette er 1,6 % av inntektsført løyving, herav ca. 0,6 % til investering og ca. 1,0 % til anna. UiB har dermed låge overføringar. Tabell 3 viser utviklinga i overføringar fordelt på dei ulike kategoriane i note 15.

Tabell 3. Overføringar knytt til løyvingar

Note 15 del 1 (mill. kroner)	31.12.2022	31.12.2021
Konkrete påbegynte, ikke fullførte driftsoppgaver	31,5	62,9
Vedtatte, ikke igangsatte driftsoppgaver	8,2	15,1
Vedtatte, ikke igangsatte investeringsprosjekter	5,2	28,7
Påbegynte investeringsprosjekter	21,1	26,1
Andre formål	0,0	0,0
Andre departementer og finansieringskilder	0,0	0,0
<b>Sum bevilgningsfinansiert aktivitet</b>	<b>66,0</b>	<b>132,9</b>

Sum avsett del av løyvingfinansiert aktivitet er per 31.12.22 66,9 mill. kroner lågare enn per 31.12.21.

Som forventa har det vore ein kraftig nedgang i overføringane i 2022. Innanfor samla overføring på drift er det ei betydeleg auka negativ overføring på midlar utan øyremerking. Dette er fordi auka kostnader og kutt, jf. omtale over, i første omgang gir effekt på generell drift. Den positive overføringa innanfor drift kjem av restmidlar på avsetningar med øyremerking, både frå KD og UiB.

Overføringar på postar med sentral øyremerking til investeringar og vedlikehald i bygg og andre investeringar, blir som vist i note 15 avsett til same formål. I tillegg til avsetningar til ulike byggprosjekt består overføringane innanfor investering av restmidlar på øyremerka utstyrløyvingar til bygg og midlar med sentral øyremerking til vitskapeleg og teknisk utstyr.

Nivået på overføringane ut av 2022 er på eit lavt, men akseptabelt, nivå. Men med kutta i budsjettet for 2023 har UiB behov for å gjere tiltak for å unngå at overføringane blir for lave ut av 2023. UiB har i fleire år forskottert midlar innanfor eige budsjett for å mellom anna kunne gjennomføre ønska investeringar og nødvendig vedlikehald av bygg. Dette bidreg til å halde overføringane nede. I overføringa ut av 2022 blir det avsett 20,2 mill. kroner til ekstra nedbetaling av desse. Denne avsetninga bidreg også til at overføringa innanfor drift ikkje er lågare.

## Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

Tabell 4. Forholdet mellom investeringar og avskrivningar

Opprettholdelsesgrad	2005-2021	2022	2005-2022
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	1,0	0,3	0,9
Annet	1,2	1,1	1,2
<b>Totalt</b>	<b>1,0</b>	<b>0,7</b>	<b>1,0</b>

Tabell 4 viser forholdet mellom investering i egedelar og rekneskapsmessige avskrivningar. Forholdstala seier noko om kor vidt det blir investert tilstrekkeleg for å oppretthalde verdien på dei aktiverbare egedelane til universitetet. Ei oppretthaldingsgrad over 1 indikerer at det blei investert meir enn verdifallet.

I 2022 har oppretthaldingsgraden vore 0,7. Dei totale rekneskapsmessige investeringane har vore lågare i 2022 enn i 2021. Nedgangen er innanfor kategorien tomter, bygningar og annan fast eiendom.

Universitetet prioriterer betydelege midlar til å sikre vedlikehald og investering i bygg og infrastruktur. I 2022 var det lagt opp til eit forhøgja investerings- og vedlikehaldsbudsjett for bygg på totalt 264 mill. kroner. Årsaka til nedgangen i investeringar innanfor eigedomsområdet er at høg prisvekst, mellom anna på energi, har kravd reduksjon i andre kostnader, og vedlikehald har vore prioritert over investeringar. Talet for perioden frå og med 2005 blir likevel i lita grad påverka av variasjonar mellom periodar og viser at UiB opprettheld verdien av sine anleggsmidlar.

Det samla budsjettet for alle investeringar samt vedlikehald av bygg var på 380,6 mill. kroner i 2022. I 2023 er det vedtekne budsjettet til desse formåla 303,6 mill. kroner. Overføringane ut av 2022 som er avsett til investeringar og vedlikehald i bygg, utgjer 160,5 mill. kroner utanom forskottering. Avsetningane er i hovudsak planlagt brukt i 2023. Viser til Vedlegg 3: Investeringsplan inkl. avsetningar i note 15 årsrekneskap 2022 til sak 7/23 i Universitetsstyret og vedtak 02.02.2023.

Bergen, 09.03.2023

Margareth Hagen  
Rektor

Herlof Nilssen

Shirin Ahlbäck Öberg

Marit Warncke

Steinar Vagstad

Ingrid Borvik

Jørgen Melve

Morten E. Iversen

Ingdrid Ovidia Moe Telle

Inga Berre

Mario de la Oasa Sætre

Tore Tungodden  
fungerande universitetsdirektør

## Regnskapsprinsipper

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS).

Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

### Anvendte regnskapsprinsipper

#### Inntekter

##### *Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer*

Alle aktiviteter som årets grunnbevilgning er ment til å finansiere er utført pr. 31.12 og grunnbevilgning fra departementet er dermed ansett som opptjent. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskapslinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskapslinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultat effekt.

##### *Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter*

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når den er opptjent. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

#### Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter, er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt.

Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført og ressursene er forbrukt.

### ***Pensjoner***

SRS 25 Ytelser til ansatte legger til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming til pensjoner. Statlige virksomheter skal ikke balanseføre netto pensjonsforpliktelser for ordninger til Statens pensjonskasse (SPK).

UiB har resultatført arbeidsgiverandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordningen i SPK var basert på en innskuddsplan.

### ***Leieavtaler***

UiB har valgt å benytte forenklet metode i SRS 13 om leieavtaler og klassifiserer alle leieavtaler som operasjonelle leieavtaler.

### **Klassifisering og vurdering av anleggsmidler**

Anleggsmidler er varige og betydelige eiendeler som disponeres av virksomheten. Med varige eiendeler menes eiendeler med utnyttbar levetid på 3 år eller mer. Med betydelige eiendeler forstås eiendeler med anskaffelseskost på kr 50 000 eller mer. Anleggsmidler er balanseført til anskaffelseskost fratrukket avskrivninger.

Kontorinventar og datamaskiner (PCer, servere m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller mer er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved bruksendring, dersom virkelig verdi er lavere enn balanseført verdi.

### ***Egenutvikling av programvare***

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av egne ansatte til utvikling av programvare er kostnadsført.

### ***Investeringer i aksjer og andeler***

Investeringer i aksjer og andeler er balanseført til kostpris på anskaffelsestidspunktet. Investeringer i aksjer og andeler er vurdert til laveste verdi av balanseført verdi og virkelig verdi. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt. Aksjer og andeler som er anskaffet med dekning i bevilgning over 90-post og aksjer anskaffet før 1. januar 2003 og som ble overført fra gruppe 1 til gruppe 2 fra 1. januar 2009, har motpost i Innskutt virksomhetskaptal avsnitt CI Virksomhetskaptal i balanseoppstillingen. Aksjer og andeler som er finansiert av overskudd av eksternt finansiert oppdragsaktivitet, har motpost i Opptjent virksomhetskaptal. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer.

### **Klassifisering og vurdering av omløpsmidler og kortsiktig gjeld**

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmidler/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.



### ***Beholdning av varer og driftsmateriell***

Beholdninger omfatter varer for salg og driftsmateriell som benyttes i eller utgjør en integrert del av virksomhetens offentlige tjenesteyting. Innkjøpte varer er verdsatt til anskaffelseskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Beholdninger av varer er verdsatt til det laveste av anskaffelseskost og netto realisasjonsverdi. Beholdninger av driftsmateriell er verdsatt til anskaffelseskost.

### ***Fordringer***

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg er det for kundefordringer gjort en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

### ***Valuta***

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert til kursen ved regnskapsårets slutt.

### ***Statens kapital***

Statens kapital utgjør nettobeløpet av virksomhetens eiendeler og gjeld. Statens kapital består av virksomhetskaper, avregninger og utsatt inntektsføring av bevilgning (netto-budsjetterte). Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskaper innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket slike formål, er klassifisert som virksomhetskaper ved enhetene.

### ***Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler***

Avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler viser inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som er benyttet til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

## **Kontantstrøm**

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metode tilpasset statlige virksomheter.

## **Statlige rammebetingelser**

### ***Selvassurandørprinsipp***

Staten opererer som selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

### ***Statens konsernkontoordning***

Statlige virksomheter omfattes av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle innbetalinger og utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens

oppgjørskontoer i Norges Bank. Bankkonti utenfor konsernkontoordningen er presentert på linjen Andre bankinnskudd i avsnitt III i balanseoppstillingen.

Virksomheten tilføres likvider løpende gjennom året i henhold til utbetalingsplan fra overordnet departement og disponerer en egen oppgjørskonto i konsernkontoordningen i Norges Bank. Denne renteberegnes ikke. Nettobudsjetterte virksomheter beholder likviditeten ved årets slutt.

## Resultatregnskap

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2022	31.12.2021
<b>Driftsinntekter</b>			
Inntekt fra bevilgninger	1	4 125 665	4 095 638
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	1 250 974	1 022 367
Salgs- og leieinntekter	1	191 734	188 321
Andre driftsinntekter	1	89 073	107 504
<i>Sum driftsinntekter</i>		5 657 446	5 413 830
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnader		5 685	10 621
Lønnskostnader	2	3 594 511	3 482 733
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	333 935	349 958
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	3 435	0
Andre driftskostnader	3	1 784 898	1 580 129
<i>Sum driftskostnader</i>		5 722 464	5 423 441
<b>Driftsresultat</b>		<b>-65 018</b>	<b>-9 611</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Finansinntekter	6	3 618	1 937
Finanskostnader	6	3 451	2 072
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		167	-135
<b>Resultat av periodens aktiviteter</b>		<b>-64 851</b>	<b>-9 745</b>
<b>Avregninger og disponeringer</b>			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15	66 877	9 745
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapital)	8	-2 026	0
<i>Sum avregninger og disponeringer</i>		64 851	9 745

# Balanse

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2022	31.12.2021
<b>EIENDELER</b>			
<b>A. Anleggsmidler</b>			
<b>I Immaterielle eiendeler</b>			
Programvare og lignende rettigheter	4	29 801	4 491
Immaterielle eiendeler under utførelse	4	7 300	7 300
<i>Sum immaterielle eiendeler</i>		37 101	11 791
<b>II Varige driftsmidler</b>			
Bygninger, tomter og annen fast eiendom	5	4 580 738	4 617 082
Maskiner og transportmidler	5	299 853	283 263
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	275 080	277 920
Anlegg under utførelse	5	162 359	257 741
<i>Sum varige driftsmidler</i>		5 318 029	5 436 007
<b>III Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler	11	71 920	72 920
<i>Sum finansielle anleggsmidler</i>		71 920	72 920
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>5 427 050</b>	<b>5 520 718</b>
<b>B. Omløpsmidler</b>			
<b>I Beholdninger av varer og driftsmateriell</b>			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	12	6 916	2 794
<i>Sum beholdning av varer og driftsmateriell</i>		6 916	2 794
<b>II Fordringer</b>			
Kundefordringer	13	161 460	161 599
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	16	30 478	20 784
Andre fordringer	14	76 600	105 994
<i>Sum fordringer</i>		268 538	288 378
<b>III Bankinnskudd, kontanter og lignende</b>			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	1 338 655	1 287 273
Bankinnskudd for gaver og gaveforsterkninger	17	89 042	134 766
Andre bankinnskudd	17	67 493	137 597
Kontanter og lignende	17	5	4
<i>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</i>		1 495 196	1 559 641
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>1 770 649</b>	<b>1 850 812</b>
<b>Sum eiendeler drift</b>		<b>7 197 700</b>	<b>7 371 531</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>7 197 700</b>	<b>7 371 531</b>

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2022	31.12.2021
<b>STATENS KAPITAL OG GJELD</b>			
<b>C. Statens kapital</b>			
<b>I Innskutt virksomhetskaper</b>			
Innskutt virksomhetskaper	8	32 220	32 220
Opptjent virksomhetskaper	8	48 682	46 656
<b>Sum virksomhetskaper</b>		<b>80 902</b>	<b>78 876</b>
<b>II Avregninger</b>			
Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	65 979	132 856
<i>Sum avregninger</i>		65 979	132 856
<b>III Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler</b>			
Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	4, 5	5 355 130	5 447 798
<i>Sum utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)</i>		5 355 130	5 447 798
<b>Sum statens kapital</b>		<b>5 502 011</b>	<b>5 659 530</b>
<b>D. Gjeld</b>			
<b>I Avsetning for langsiktige forpliktelser</b>			
Avsetninger langsiktige forpliktelser	19	50 297	45 279
<i>Sum avsetning for langsiktige forpliktelser</i>		50 297	45 279
<b>III Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		297 662	285 867
Skyldig skattetrekk		130 699	126 828
Skyldige offentlige avgifter		144 501	149 706
Avsatte feriepenger		301 555	291 733
Ikke inntektsført bevilgning, tilskudd og overføringer (nettobudsjetterte)	15	451 196	481 934
Mottatt forskuddsbetaling	16	56 985	45 881
Annen kortsiktig gjeld	18, 20	262 796	284 772
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		1 645 393	1 666 722
<b>Sum gjeld</b>		<b>1 695 689</b>	<b>1 712 001</b>
<b>Sum statens kapital og gjeld drift</b>		<b>7 197 700</b>	<b>7 371 531</b>
<b>Sum statens kapital og gjeld</b>		<b>7 197 700</b>	<b>7 371 531</b>

# Noter

## Note 1 Spesifikasjon av driftsinntekter

Beløp i 1000 kroner

	31.12.2022	31.12.2021
<b>Inntekt fra bevilgninger fra Kunnskapsdepartementet</b>		
Periodens bevilgning fra Kunnskapsdepartementet	4 006 597	3 990 770
- brutto benyttet til investeringsformål/varige driftsmidler av periodens bevilgning / driftstilskudd (-)	-226 465	-260 549
+ utsatt inntekt fra forpliktelse knyttet til investeringer (avskrivninger) (+)	333 935	349 958
+ utsatt inntekt fra forpliktelse knyttet til investeringer (nedskrivninger) (+)	3 435	0
+ utsatt inntekt fra forpliktelse knyttet til investeringer, bokført verdi avhendede anleggsmidler (+)	8 164	15 458
<b>Sum inntekt fra bevilgninger fra Kunnskapsdepartementet</b>	<b>4 125 665</b>	<b>4 095 638</b>
<b>Sum inntekt fra bevilgninger (linje RE.1 i resultatregnskapet)</b>	<b>4 125 665</b>	<b>4 095 638</b>
<b>Tilskudd og overføringer fra statlige etater</b>		
Periodens tilskudd/overføring fra andre statlige etater	195 746	150 805
Periodens netto tilskudd fra andre statlige etater	195 746	150 805
Periodens tilskudd/overføring direkte fra Norges forskningsråd (NFR)	471 831	371 466
+ periodens tilskudd fra NFR via andre virksomheter (+)	122 620	113 708
Periodens netto tilskudd fra NFR	594 451	485 174
<b>Sum tilskudd og overføringer fra statlige etater</b>	<b>790 197</b>	<b>635 980</b>
<b>Tilskudd til annen bidragsfinansiert aktivitet</b>		
Periodens tilskudd/overføring fra regionale forskningsfond (RFF)	-150	68
Periodens netto tilskudd/overføring fra RFF	-150	68
Periodens tilskudd/overføring fra kommunale og fylkeskommunale etater	8 904	9 767
Periodens tilskudd/overføring fra organisasjoner og stiftelser	170 770	91 958
Periodens tilskudd/overføring fra næringsliv og private	53 248	33 061
Periodens tilskudd/overføring fra andre bidragsytere	53 698	31 616
Periodens netto tilskudd/overføring fra diverse bidragsytere	286 620	166 403
Periodens tilskudd/overføring fra EUs rammeprogram for forskning (FP7, Horisont 20, Horisont Europa)	87 402	79 390
+ periodens tilskudd/overføring fra EUs rammeprogram for forskning fra andre (+)	63 863	54 720
Periodens netto tilskudd/overføring fra EUs rammeprogram for forskning (FP7, Horisont 20, Horisont Europa)	151 265	134 111
Periodens tilskudd/overføring fra EU til undervisning og annet	614	12
+ periodens tilskudd/overføring fra EU til undervisning og annet fra andre (+)	19 112	13 570
Periodens netto tilskudd/overføring fra EU til undervisning og annet	19 725	13 582
<b>Sum tilskudd til annen bidragsfinansiert aktivitet</b>	<b>457 460</b>	<b>314 163</b>
<b>Inntektsførte gaver og gaveforsterkninger</b>		
Inntektsførte gaver og gaveforsterkninger	3 317	72 224
<b>Sum inntektsførte gaver og gaveforsterkninger</b>	<b>3 317</b>	<b>72 224</b>
<b>Sum tilskudd og overføringer fra andre (linje RE.3 i resultatregnskapet)</b>	<b>1 250 974</b>	<b>1 022 367</b>
<b>Oppdragsinntekter, salgs- og leieinntekter</b>		
<b>Inntekt fra oppdragsfinansiert aktivitet</b>		
Statlige etater	27 533	22 103
Kommunale og fylkeskommunale etater	388	1 047
Organisasjoner og stiftelser	7 385	3 332
Næringsliv/privat	12 684	7 300
Andre	2 939	2 931
<b>Sum inntekt fra oppdragsfinansiert aktivitet</b>	<b>50 928</b>	<b>36 713</b>
<b>Andre salgs- og leieinntekter</b>		
Leieinntekter	42 047	39 633
Pasientinntekter	31 010	31 250
Andre inntekter	52 672	64 713
Egenbetaling fra studenter	15 077	16 013
<b>Sum andre salgs- og leieinntekter</b>	<b>140 806</b>	<b>151 609</b>
